



# ÅRSMELDING 2017

ME LØFTER I LAG

# Innhald

Rådmannen si innleiing ..... 4

Dette er Hå ..... 6

*I dette kapittelet gjer vi ei oversikt over det som skjedde i 2017. Vi har sett låg bustadbygging, lågt sal av tomter, reduksjon i talet på innbyggjarar , men heldigvis ein reduksjon i dei som ikkje har arbeid.*

Slik styrer vi ..... 15

*I dette kapittelet omtaler vi korleis vi arbeider i kommunen, kven som styrer og korleis vi følgjer opp at arbeidet blir gjort slik lovar, reglar og interne rutinar bestemmer. I 2017 gjennomførte vi medarbeiderundersøking og vi held fram med å gjere endringar for å fornye, forenkle og forbetre måten vi leverer tenester på. Arbeidet med beredskap står høgt på sakskartet, og vi har utarbeidd fleire strategiar i samarbeid med dei hovudtillitsvalde.*

Dette leverer vi ..... 33

*Aktiviteten i kommunen aukar kvart år, og mykje spanande skjer. I denne delen av årsmeldinga går vi inn på ressursbruk og kva som er gjort i dei tre tenesteområde og i stabsområdet. Vi ser også på kva som kan gjerast betre.*

Opplæring og kultur ..... 34

*Kvalitetsplan for skulane blei vedteken i 2017. Barnehagane er godt i gang med sin kvalitetsplan som kom i 2016. Ogna skule blei tatt i bruk 3. januar 2018. Alle elevar skal ha PC eller Chromebook i løpet av skuleåret 2017/2018. Det er sett i gang eit omfattande prosjekt saman med tenesteområde for helse og sosialsaker for å betre det tverrfaglege arbeidet med barn og unge. Innanfor kulturområdet har det vore fokus på utvikling av bibliotek, fritidstilbod til alle, formidle kunst og kulturarv og støtte til eit veldrive organisasjonsliv.*

Framsidefoto er tatt av Ida Tildberg, Jærbladet

Helse- og sosialsaker ..... 46

*Utgiftene og trong for helse og omsorgstenester aukar meir enn inntektene. Dette har kravd ei nøye vurdering av fordeling av ressursar mellom avdelingane og fleksibilitet frå organisasjonen.*

Tekniske saker og næring ..... 57

*Tenesteområdet står for halvparten av investeringane i 2017 - til tilrettelegging av bustad- og industriområde, vegar, vann og avløp. Arbeidet med sentrumsplanar har stort fokus og i 2017 vart det arbeidd mykje med utviklinga av Nærbø sentrum.*

Administrasjonen ..... 68

*I 2017 fortsette vi arbeidet med å møte innbyggjarane på ein betre måte og gje både innbyggjarar og dei tilsette i kommunen betre service. Det blir arbeidd mykje for å forbetre interne prosessar slik at tenestene til innbyggjarane blir så gode som mulig.*

Framtidsutsikter ..... 75

*Budsjettet for 2018 og økonomiplanen for 2018-2021 har overskrifta "Rigger for nye tider". Rammene blir strammare og folkeveksten ser ut til å ha flata ut. Kommunen får fleire oppgåver og møter auka forventningar frå innbyggjarane. Framtidsløftet og digitalisering blir viktig for å effektivisere drifta.*

Årsresultat ..... 78

*Med eit netto driftsresultat på 1,5 % av driftsinntektene og eit rekneskapsmessig mindreforbruk (overskott) på 30 millionar kroner har vi eit godt grunnlag for å møte nye tider. Det er god økonomistyring i kommunen.*

# Rådmannen si innleiing

*Hå kommune har god økonomistyring med eit overskot på 30 millionar kroner, og eit netto driftsresultat på 1,5 % av driftsinntektene. Overskottet frå 2016 blei brukt til å betale ned på gjeld. Utan dette ville netto driftsresultat vært 4,6 %. Det gode resultatet er godt å ha med seg vidare med strammare økonomiske rammer og større utryggleik med omsyn til folkeveksten.*

Budsjettet for 2017 hadde overskrifta «Stø kurs, redusert fart». Det var trong for innsparingar og omprioriteringar i eit omfang som skapte mykje engasjement. Resultatet for 2017 viser at organisasjonen har levert på dei strammare rammene og har lagt grunnlaget for meir fleksibilitet, evne til omstilling og nye måtar å møte framtida på.

Driftsresultatet for 2017 blei på 21 millionar kroner, noko som er 1,5 % av driftsinntektene. Det er betre enn regulert budsjett på grunn av høgare skatteinngang i landet, meir tilskott og refusjonar, og ikkje minst god økonomistyring i alle tenesteområda.

## **Folkevekst**

For første gang sidan 1994 går folketalet i Hå ned. Det var 18 762 innbyggjarar ved årsskiftet etter ein nedgang på 38 i løpet av året. Nedgangen skuldast netto utflytting. For å snu denne utviklinga blir det gjort meir for å selje bustadomter og å gjere kommunen meir attraktiv å bu i. Eit døme på dette er arbeidet med kommunedelplan for Nærø sentrum, vedtatt planprogram for kommunedelplan for Varhaug sentrum og auka marknadsføring av tomter i Stokkalandsmarka.

## **Store prosjekt og planar**

Også i 2017 har det blitt jobba mykje med store bygg- og anleggsprosjekt. Ogna skule blei ferdigstilt og opna 3. januar 2018. På Nærø er vi godt i gang med to nye etasjar på Hå sjukeheim og på Vigrestad begynner den nye barnehagen å ta form. I Stokkalandsmarka blir det jobba iherdig med å få ferdigstilt det store infrastrukturprosjektet inn til bustad- og næringsområda. I løpet av 2017 fekk vi ferdigstilt to store saneringsprosjekt i kommunen; det eine i Opstadveien på Nærø og det andre i Skanskabakken i Sirevåg.

Planprogram for klima- og energi, beredskapsplanar og eigarskapsstrategi er nokre av mange planar vi har jobba mykje med i 2017.

Sal av bustadomter går treigare enn ønskjeleg, medan salet av næringstomter gjekk betre enn budsjettert.

## **Arbeidsløyse**

Det er gledeleg at talet på heilt arbeidslause er gått ned frå 329 personar i januar (3,1 %) til 217 personar (2,1 %) i desember. Dette er blant dei lågaste tala i landet.

## **Framtidsløftet og digitalisering**

Politikarar, administrasjon og tillitsvalde er saman om digitaliseringsarbeidet i Hå. Digitalisering påverkar måten vi arbeider på, gjer kommunen nye rammebetingelsar, men også nye problemstillingar og er ein avgjerande del i arbeidet med Framtidsløftet, endringsstrategien i Hå. Vi er med i ulike prosjekt nasjonalt og regionalt og har sett i gang arbeidet med ein digitaliseringsstrategi. Denne skal gje ei ramme for korleis digitalisering skal gje innbyggjarane i Hå gode tenester på ein effektiv måte.

## **Organisasjonsutvikling**

Leiarforum er eit viktig strategisk forum for alle leiarar med resultatansvar i organisasjonen. Det er totalt ca. 80 deltagarar i tillegg til dei hovudtillitsvalde. Leiarforum blir arrangert fire gonger i året og er ein viktig møteplass for leiar- og organisasjonsutvikling.

Det andre kullet med deltagarar på leiarutvikling starta i august 2017 og går fram til august 2018.

I samarbeid med dei hovudtillitsvalde har vi i 2017 utarbeid og politisk vedtatt dei etiske retningslinjene som gjeld for tilsette og folkevalde, ny arbeidsgjevarstrategi og ny kommunikasjonsstrategi.

## **Sjukefråvær**

Sjukefråværet i Hå gjekk litt opp i 2017. Det samla sjukefråværet for Hå kommune blei 6,7 % i 2017 mot 6,1 % i 2016 og 6,7 % i 2015. Hå ligg på same nivå som Time og litt under Klepp og Gjesdal. I fjerde kvartal 2017 blei det sett i verk ei ny IA-satsing innanfor langtidsavdelingane i pleie og omsorg etter mønster frå barnehageområdet.

## **Medarbeiderundersøking**

Hå kommune gjennomfører medarbeiderundersøking anna kvart år. Svarprosenten var god – 72 % deltok. Resultata for kommunen viser at Hå kommune ligg på nivå med eller høgare enn snittet for landet på alle faktorar. Samanlikna med 2015 syner dei lite endring og god stabilitet over tid. Vi ser noko endring på tenesteområda, men størst endringar på einskilde einingar.

Eg vil med dette takka alle medarbeidrarar, hovudtillitsvalte og politikarar for eit godt samarbeid og for at me løfter i lag til det beste for innbyggjarane i Hå kommune.

Anne Berit Berge Ims  
Rådmann



Foto: Anna Nesvik

# Dette er Hå

Hå er – og skal fortsette å vere – ein god kommune å bo, leve og arbeide i. Resultata frå 2017 syner at kommunen fortsatt har stø kurs, men meir redusert fart framover. Vi leverer nok eit godt økonomisk resultat og store investeringar for framtida blir gjort slik det er omtalt i kommuneplanen. Det er også utfordringar framover. Nedgangen i næringslivet regionen pregar også Hå. I 2017 har vi sett låg bustadbygging, lågt sal av tomter, men ei gledeleg nedgang i talet på personar utan arbeid. Nokre svingingar er naturleg og viser at me må vere meir fleksible.

## Slik står det til i kommunen

Gjennom Kommuneplanen 2014 - 2028 har kommunestyret bestemt at Hå kommune skal ha økonomisk handlefridom. Dette målet har vi nådd også i 2017. Netto driftsresultat er 1,5% av driftsinntektene som er lik målet som er satt i kommuneplanen. Overskottet frå 2016 blei brukt til å betale ned på gjeld. Utan dette ville netto driftsresultat vært 4,6 %.

Dispositionsfondet ved utgangen av 2017 var på 190 millionar kroner noko som er 13,3% av driftsinntektene. Årsresultatet og utviklinga blir grundig gått gjennom i kapitelet «Årsresultat».

Millionar kroner	Rekneskap					Budsjett
	2013	2014	2015	2016	2017	2017 *)
Driftsinntekter	1 187,0	1 226,0	1 296,0	1 390,2	1 425,1	1 385,1
Driftsutgifter	1 141,0	-1 195,0	-1 243,0	-1 327,0	-1 380,5	-1 372,6
Finansposter	-4,0	-6,0	-18,0	-35,3	-93,0	-93,8
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>84,0</b>	<b>71,0</b>	<b>86,0</b>	<b>81,3</b>	<b>21,0</b>	<b>-13,7</b>
Avsetningar/fond	66,0	38,0	51,0	36,7	-8,8	-13,7
Overskott	18,0	33,0	34,0	44,6	29,8	-
<b>Netto driftsresultat i % driftsinntektene</b>	<b>7,1 %</b>	<b>5,8 %</b>	<b>6,6 %</b>	<b>5,8 %</b>	<b>1,5 %</b>	<b>-1,0 %</b>

\*) Budsjett inkl. endringar  
Driftsresultat i 2013 inneholder MVA kompensasjon for investeringar

## **Samfunnsutvikling**

*Det er stor etterspurnad etter areal, og konkurransen om arealbruken mellom dei ulike interessene er aukande. For Hå kommune dreier det seg om å ta sin del av den forventa veksten i regionen, samtidig som det blir tatt omsyn til jordvern, biologisk mangfald og kulturlandskap.*

*Hovudmål for samfunnsutviklinga:*

- Legge til rette for vekst i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka, samtidig som det blir tatt omsyn til jordvern, biologisk mangfald og kulturlandskap.

*Overordna strategiar for å lukkast:*

- Detaljere langsiktig grense mellom tettstadsutvikling og landbruk.
- Konsentrere bustadbygging i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka.
- Ta omsyn til jordvern, biologisk mangfald og kulturlandskapet.

## **Kommuneplanen**

Kommuneplanen handlar om kommunen sine langsiktige utfordringar, overordna mål og strategiar for ein 14-årsperiode. Planen er eit overordna politisk styringsdokument som skal leggast til grunn ved planlegging og utbygging i kommunen. Kommuneplanen bygger på ein langsiktig arealstrategi som tar sikte på å detaljere langsiktig grense mellom tettstad og landbruk. Nærbø, Varhaug og Vigrestad ligg alle innafor det området som i regionalplan for Jæren er karakterisert som kjerneområde landbruk.

Hovudmålet med planarbeidet er å konsentrere bustadbygginga i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka for å takle framtidig vekst, samtidig som nedbygging av grøntareal og matjord skal avgrensast

## **Planstrategi 2016-2019**

Planstrategi for Hå kommune 2016-2019 blei vedteken 15. september 2016 og inneholdt omtale av ulike samfunnsmessige utfordringar, utviklingstrekk og ei anbefalt utviklingsretning for kommunen si verksemnd. Strategien beskriv kva planer som skal reviderast og/eller utviklast i perioden.

Planstrategien held fram at kommunedelplan for Nærbø og Varhaug sentrum skal prioriterast i planperioden.

## **Kommunedelplan for Nærbø sentrum**

Hå kommunestyre vedtok 15. september 2016 Planprogram for Nærbø sentrum. Det går fram av planprogrammet at administrasjonen skal utarbeide arbeidsnotat og andre utgreiingar, og legge desse fram for kommuneplanutvalet til behandling.

Det første arbeidsnotatet omhandla visjon og identitet. I notatet blei det drøfta og formulert ein visjon som skal vere førande for det vidare planarbeidet. Kommuneplanutvalet vedtok 21. mars 2017 følgjande visjon: «Nærbø sentrum – Trygt, trivelig og tilgjengelig».

Kommuneplanutvalet vedtok 5. september 2017 å legge forslag til ny sentrumsavgrensing med tilhøyrande sentrumssoner og busetnadsstruktur til grunn for det vidare arbeidet med

kommunedelplan for Nærø sentrum. Forslaget inneheldt ein stor del kommunalt eigd areal som opnar for å få til ein betre og samanhengande struktur, samtidig som forslaget integrerer kjøpesentra og jernbanestasjonen i sentrum. Den føreslår oppdelinga av sentrumsarealet i soner med eigne busetnadsstrukturar blei gjort for å skape ein betre samanheng og heilskap, samtidig som det opnar opp for å etablere soner med eigne planførere og funksjonar.

I saka om «handel, næring og anna tenesteyting» i same møte blei det vedtatt at anbefalingane frå handelsanalysen blir lagt til grunn for det vidare planarbeidet og innarbeidde i kommunedelplan for Nærø sentrum sine føresegner. Kommuneplanutvalet bad rådmannen om å utarbeide strategiar for å styrke detaljhandel og publikumsretta handels-, kontor- og serviceverksemder i Nærø sentrum ved å sjå dette i samanheng med andre formål som kultur, service og tenesteyting. I det siste vedtakspunktet blei rådmannen beden om å vurdere om nye kommunale funksjonar og/eller relokalisering av eksisterande funksjonar skal plasserast i Nærø sentrum.

## Kommunedelplan for Varhaug sentrum

I planstrategien er det fastlagt at det innafor inneverande kommunevalperiode skal utarbeidast ein kommunedelplan for Varhaug sentrum.

Planprogrammet blei lagt ut til offentlig ettersyn 5. september 2017, med høyringsfrist 20. oktober 2017. Det ble motteke i alt 10 høyringsuttaler. På bakgrunn av høyringa blei det utarbeida eit endeleg forslag til planprogram for Varhaug sentrum, og 14. desember vedtok kommunestyret i sak 086/17 å fastsetja planprogram for kommunedelplan for Varhaug sentrum.


I det vidare arbeidet skal ein fastlegge dei overordna måla og rammene for den fysiske utviklinga av Varhaug sentrum som lokalsentrum og sentrum i Hå kommune i åra framover. I planprogrammet er peika på at planarbeidet vil strekke seg over to år. Heile 2018 og første halvår av 2019 vil gå med til utreiingsarbeid, medverknadsprosessar og utarbeiding av endeleg planforslag. Medan hausten 2019 og våren 2020 vil gå med til sluttbehandlinga av den endelige sentrumsplanen

## Befolkningsutvikling

Folketallet i Hå nådde 18 762 ved årsskiftet etter ein nedgang i 2017 på 38, noko som er reduksjon på 0,2 %. Veksten i 2017 var blant dei lågaste sidan 1965.

I perioden 2007-2014 opplevde Hå ein svært høg folkevekst, og vi runda 18 000 innbyggjarar i 2013. Hovudårsaka til den sterke veksten var stor innvandring frå utlandet, innanlands innflytting og høgt fødselsoverskot. 2015 og 2016 var prega av låg vekst, hovudsakleg grunna svak nettoflytting. Det er nå enkelte teikn som tyder på at denne trenden er blitt forsterka i 2017. Dei siste 50 åra har det vært negativ folkevekst bare tre gonger tidlegare – i 1990, 1992 og 1994.

Figuren nedanfor viser denne utviklinga:



#### *Aukande utvandring og innanlandsk utflytting har gitt svakare vekst*


I Hå var det innanlands nettoutflytting også i 2017, det vil seie at det flytta fleire ut til dei andre delane av landet enn det flytta folk inn frå resten av landet. I Hå blei det eit innanlands flyttetap på 287 i 2017 mot ein flyttetap på 172 i 2016. Det har antakeleg samanheng med endringane ein har sett i arbeidsmarknaden i seinare tid.

#### *Folkemengd og endringar 2013-2017*

	2013	2014	2015	2016	2017
Folketalet 1. januar	17 635	18 115	18 528	18 591	18 800
Fødde	284	286	261	281	280
Døde	115	112	98	98	108
Fødselsoverskot	169	174	163	183	172
Innvandring	294	294	225	365	208
Utvandring	80	87	112	173	127
Innflytting, innlands	832	781	661	568	540
Utflytting, innlands	737	750	869	740	827
Nettoinnflytting inkl. inn- og utvandring	309	238	-95	20	-206
Folkevekst	480	413	63	209	-38
Folketalet ved utgangen av året	18 115	18 528	18 591	18 800	18 762
Folkevekst i %	2,7	2,3	0,3	1,1	-0,2


Nettoinnvandringa frå utlandet var på 81 personar i 2017 mot 192 personar i 2016. Nettoinnvandringa frå utlandet vøg dermed ikkje opp for det innanlandske flyttetapet på 287 personar, og nettoinnflyttinga enda med 206 fleire personar som flytta ut av kommunen enn inn. At folketalet ikkje falt meir i Hå skuldast hovudsakleg litt innvandring kombinert med eit stabilt høgt fødselsoverskot.

Det blei født 280 born i 2017, eit born mindre enn året før. Det ligg omrent på same nivå som i dei siste åra. Det døydde 108 personar i 2017 mot 98 personar i 2016. Fødselsoverskotet på 173 personar var 11 personar lågare enn i 2016.



### Små endringar i aldersfordeling


Aldersfordelinga i befolkninga held seg nokså stabil. Ved årsskiftet var 9% av alle busette i Hå barn under 6 år, mens 15% var 6 til 15 år og 6% 16 til 19 år. 59% av dei busette i Hå var i alderen 20 til 66, mens 9% var i alderen 67-79 år. Dei på 80 og eldre utgjorde 3% av folkemengda.




## Størst auke i talet på eldre

Talet på 0 til 5-åringar minka med 46 frå 2016 til 2017, frå 1753 til 1707. Talet på barnehagebarn minka, mens talet på skulebarn helt seg stabilt. Det var auke i talet på barn i alderen 6 til 15 år på 50 personar frå 2016 til 2017. I aldersgruppa 16 til 19 år var det 34 mindre i 2017 enn 2016. Svingingar mellom enkeltår for desse aldersgruppene er normalt. Det var ein vekst i den yrkesaktive delen av befolkninga på 121 personar. Talet på eldre mellom 67 til 79 har auka med 61 personar, mens talet på personar 80 og 89 år har auka med 17 personar. Gruppa over 90 år har minka med 15 personar

## Sysselsetting



Til samanlikning var tala for arbeidsløyse samla i Rogaland 4,8 % og i heile landet 3,4 %. Fortsatt er ein høg del av dei arbeidslause over 30 år og frå Polen og Litauen.



Arbeidsløysa har hatt ein markert nedgang i 2017. I desember 2017 var det 217 heilt ledige mot 31 i desember året før. Arbeidsløysa i desember utgjer 2,1% av arbeidsstyrken.

Arbeidsløysa for dei Hå har gjennom 2017 variert frå 65 til 106 heilt ledige i 2017. Det høgaste talet var i januar og februar.

62 av dei heilt ledige er frå Polen og Litauen.

# Viktige hendingar i 2017

## 01/ JANUAR

- «Smaken av Jæren» basert på konseptet «Smaken av Hå» på Det Norske Måltid.
- Varhaugmøte med den nye landbruksmeldinga som hovudtema.

## 02/ FEBRUAR

- Gemini varsling blir teke i bruk og innbyggjarane kan få varsel på SMS om feiling, flom, stengt vatn og veg. Gemini varsling er viktig i ein beredskapssamanheng, og er kommunens system for innbyggjarvarsling.
- Kulturskulen presenterer den sterke operaførestillinga «Brundibar» på Jadarteim.
- Tilstandsrapporten til Jærskulen blir presentert for folkevalde, tillitsvalde og administrasjon.

## 03/ MARS

- Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse for Hå kommune blir vedtatt.
- Tidspunktet for middagsservering på sjukeheimane i Hå blir ikkje endra.
- Kommuneplanutvalet vedtar visjonen for Nærø sentrum: Trygt, triveleg og tilgjengeleg!

## 04/ APRIL og 05/ MAI

- Etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde blir vedtatt etter godt samarbeid med dei hovudtillitsvalde.
- Utviding av lærlingefag til også å gjelde anleggsgartnarfaget.
- Ny brannbil på Vigrestad brannstasjon.
- Vedtak om Chromebooks i skulane. Målet er at alle elevar i Hå-skulen får tilgang til kvar sin PC eller chromebook i løpet av skuleåret 2017-2018.
- Sambuargaranti på sjukeheimen: Eldre ektepar eller sambuande skal få moglegheit til å bu saman på institusjon sjølv om bare den eine har fått vedtak om langtidsopphald.

## 06/ JUNI

- Varhaugmarken med ope servicetorg.
- Kvalitetsplan for skulane 2017 – 2020.
- Oppstart av anleggsarbeid på Vigrestad barnehage og Hå sjukeheim.
- Kommunedelplan for Varhaug sentrum – planprogram lagt ut på høyring.
- Christian Radich besøkte Sirevåg i juni med fint vær og stille hav – ny folkefest!
- Nærødagane med stand, bibliotek, bamsesjukehus, kafè og presentasjon av visjonsskisser for korleis Nærø sentrum kan bli meir trygt, triveleg og tilgjengeleg.

## **08/ AUGUST**

- Sommartoget på Brusand:

Det blei ein fantastisk folkefest med om lag 10 000 besökande då NRK sitt Sommartog stoppa på Brusand. Dette var det kjekkaste stoppet sa dei frå NRK – og vi vel å tru på det. Sjølvsagt var det fint ver denne dagen også.

## **09/ SEPTEMBER**

- Overordna beredskapsplan for Hå kommune blir vedtatt.
- Planprogram for Klima- og energiplan blir vedtatt.
- Prisen på einebustadtomter i Stokkalandsmarka aust blir sett til ein million kroner per tomt på ca. 500 m<sup>2</sup>.
- Førehandsstemming til Stortingsvalet i lokale på biblioteka, helseinstitusjonar, i fengselet, på Tryggheim. Førehandstemming på Nærø Amfi blei prøvd ut for første gong.

## **10/ OKTOBER**

- Lindring i Hå feirar 10 års jubileum
- Endringar i ekteskapslova: Frå 1. januar 2018 skal ordfører, varaordfører og rådmann kunne vie i Hå kommune.
- Tomtepris i Krusemarka industriområdet på Nærø blir sett til kr. 1 750.- pr. m<sup>2</sup>.

## **11/ NOVEMBER**

- Barn og unges kommunestyre blei gjennomført med engasjerte ungdomar frå heile kommunen. Hovudtema var «digital dømekraft». Ei av oppgåvene var å diskutere positive og negative sider ved bruk av chromebook/PC.
- Ny arbeidsgjevarstrategi blei vedtatt etter nok eit godt samarbeid med dei hovudtillitsvalde. Planen løfter opp kor viktig det er at dei folkevalgte er bevisst at dei har eit overordna arbeidsgjeveransvar for alle tilsette i kommunen.

## **12/ DESEMBER**

- Hå kommune vil ta imot 10 flyktningar i 2018.
- Hå opplæringssenter skal fortsatt være lokalisert i Hå kommune
- Planprogram for kommunedelplan for Varhaug sentrum blir vedtatt.
- Eigarskapsstrategi for Hå kommune blir vedtatt.
- Budsjett for 2018 og økonomiplan for perioden 2018 – 2021 blir vedtatt.

## Framtidsløftet og digitalisering

I 2017 starta «Framtidsløftet». Dette er den strategiska satsinga for å bli betre rusta til å møte utfordringane i framtida. Vi må sjå på andre måtar å jobbe på for å møte framtida og jobbe smartare og meir økonomisk.

Nedanfor har vi trekt fram fleire områder der vi jobbar med innovasjon, forsking og nye måtar å løyse oppgåvene på i ulike deler av organisasjonen.

Framtidsløftet handlar om å utfordre oss sjølve på måtar å jobbe på. Når det gjeld digitalisering er Hå kommune med i mange nasjonale og regionale prosjekt:

- **DigiFin:** Er ei nasjonal finansieringsordning som skal brukas til å utvikle digitale fellesløysingar for kommunenesektoren. Utvikling av digitale helse- og sosialtenester er eit av fleire felles prosjekter som nå er til behandling.
- **Komdigi:** Ein læringsarena for digitalisering i regi av Kommunal- og moderniseringsdepartementet, KS og Hovudsamanslutningane. Hå er ein av 40 kommunar som har fått bli med i dette to-årige prosjektet med politikar, tillitsvalde og administrasjon.
- **Interkommunalt velferdsprosjekt** med 11 kommunar som går frå 2017 – 2019.
- **DigiRogaland:** Eit forprosjekt med 8 kommunar om digitale løysingar i regionen som skal etableras i heile Rogaland.
- **Interkommunalt samarbeid om IKT og digitalisering:** Eit samarbeid mellom Klepp, Time, Gjesdal og Hå om sårbarhet og kompetanseutvikling, anskaffingar og robust og effektiv drift
- **Cromebooks:** som eit læringsreiskap vil elevane få Chromebook/berbar pc som arbeidsreiskap i løpet av skuleåret 17/18. Kommunen vil komme opp på dekningsgrad 1-1 i løpet av 2018. Dette vil legge eit godt grunnlag for auka læring og betra motivasjon
- **Administrasjon:** digitalisering av støtte-prosessar, til dømes fakturamottak, reiserekningar og personalmeldingar frigjer tid til andre oppgåver
- **Søknad om Offentlig sektor- ph.d:** Hå kommune, i samarbeid med VID, søker Forskningsrådet om midlar til å drive eit forskningsprosjekt som omhandlar tenesteutvikling for utviklingshemma. Fokusområder er medborgarskap, pårørandesamarbeid, velferdsteknologi og bruk av frivillige. Målet er høgare grad av sjølvstendegjering, og lågere grad av tradisjonell tenesteyting.

# Slik styrer vi

I dette kapittelet omtalar vi korleis vi arbeider i kommunen, kven som styrer og korleis vi følgjer opp at arbeidet blir gjort slik lovar, reglar og interne rutinar bestemmer. Vi omtalar også kven vi er og korleis det er å arbeide her.

I 2017 har vi betra arbeidsmåtar og –miljø på mange vis. Endringar er gjort i organisasjonen, på måten vi møter innbyggjarane, vi har gjort fleire brukarundersøkingar og arbeidet med beredskap har stått høgt på sakskartet.

## Kommunen

Kommunestyret er det øvste styrande organ i ein kommune. Dei viktigaste styringssignalene blir gitt når budsjett og økonomiplan blir vedtatt. Her blir mål og planar omtalt og det blir sett rammer for ressursbruk på alle områder både med omsyn til pengar og årsverk.

Hovudutvala har ansvaret for gjennomføring av tiltak etter vedtekne planar og økonomiske retningslinjer. Administrasjonen står for løypande drifts- og planleggingsoppgåver. Hå kommune er organisert etter ein modell med tenesteområder og stabar som rapporterer til rådmannen.

Oppfylling av denne modellen føreset delegering som i alle tilfelle skjer innafor vedtekne økonomiske rammer. Føresettinga er likevel at utforminga av politikken i hovudsak skjer på overordna nivå i formannskap og kommunestyret. Hensikta med delegasjonsreglementet er å legge betre til rette for overordna økonomisk styring, klarare ansvarsdeling mellom ulike folkevalde organ og mellom politisk og administrativt nivå samt effektiv ressursutnytting. Rådmannen delegerer vidare internt i administrasjonen gjennom interndelegeringsreglementet.

## System og organisering

Rådmannens leiargruppe består av dei tre kommunalsjefane, personal- og organisasjonssjef, eigedomssjef og økonomisjef. I tillegg rapporterer leiar for politisk sekretariat, IT og dokumentssenter til rådmannen. Alle har ein leiaravtale som avklarar forventningar, resultat- og utviklingsmål. Slike avtalar er implementert i heile organisasjonen.

Alle arkivfunksjonar er samla i dokumentssenteret og all kontakt med innbyggjarane går gjennom Servicetorget som blei opna i desember 2015.

## Etikk og antikorrupsjon

Kvalitets- og avvikssystemet Compilo er og varslingssystem for varsling av kritikkverdige tilhøve i verksemda. Føremålet er å gi kjende, trygge og lovlege rammer for intern varsling, og samstundes byggje ein kultur tufta på eit ønskje om openheit.

Arbeidet med nye etiske retningslinjer blei gjort ferdig i 2017. God forankring blei sikra gjennom tett samarbeid mellom i administrasjonen, dei hovudtillitsvalde og hos politikarane.

## Slik arbeider vi (forvaltningspraksis)

### *Offentlegheit*

- Møteinkallingar, saksutgreiingar og protokollar er tilgjengelige på kommunen sine nettsider.
- Kommunestyremøta blir overført på internett.

### *Tilgjengeleghet og brukarorientering:*

- Servicetorget tar imot alle som vender seg til kommunen personleg, via telefon, e-post eller facebook.
- Brukarundersøkingar blir gjort innanfor stadig fleire områder.
- Kommunikasjonsstrategi er utarbeid i samarbeid med dei hovudtillitsvalde.

### *Politisk styring og kontroll*

- Kommunen har ein tydelig visjon og klare verdiar.
- Nytt delegeringsreglementet blei vedtatt i første kommunestyremøte i 2017.
- Det er ryddige og klare linjer i samspelet mellom politikk og administrasjon.
- God samanheng mellom politiske ambisjonar og tilgjengelege ressursar.
- Årshjul med kafedialog i samband med framlegging av budsjettet.

### *Leiarskap, ansvar og delegering*

- Synleg og tydeleg rådmann.
- Leifarforum med alle leiara, dei hovudtillitsvalde og leiara frå Jæren Everk.
- Leiarutviklingsprogram: Andre gruppe på 30 leiara starta opp i 2017.
- Leiaravtalar blei innført for alle leiara i 2016. Brei delegering – system for framføring av meir- /mindreforbruk.
- Det blir gjennomført jamlege dialogmøter med dei hovudtillitsvalde.

### *Resultat og effektivitet*

- Følgjer KOSTRA.
- God økonomi og -styring over tid. Det blir likevel arbeidd med å vidareutvikle økonomiplan og årsmelding for å gje god styringsinformasjon til politikarane og andre.
- Styringssystemet «LØFT» blir fullt ut tatt i bruk i 2018.


### *Kommunen som arbeidsgjevar*

- Vidareutviklar medarbeidarsamtaler og bruken av desse blei innført i 2016.
- Opplæringsplanar med eigne budsjett. Årleg evaluering av gjennomførte tiltak.
- Fokus på kompetanseutvikling i skule/barnehage. Kvalitetsplanar.

### *Kommunen som samfunnsutviklar*

- Gjeldande kommuneplan blei godkjent i desember 2014.
- Kommunal planstrategi blei vedtatt i 2016.
- Det skal leggjast vekt på at planarbeidet skal være opent og tilgjengeleg med brei medverkning frå innbyggjarane.
- Hå kommune er kjent for innsatsen på kultur- og idrettsområda.
- Bustads- og næringsutvikling (spesielt fokus mat/landbruk).
- Meir samarbeid med friviljuge har fokus framover, særleg innanfor helse og for å få til god integrering av flyktingar.

# Styringssystem



## Kommuneplanen

Kommuneplanen omtalar **visjon og satsingsområder** for Hå kommune.

Kommuneplanen har to deler – ein samfunnsdel og ein arealdel. Samfunnsdelen omhandlar kulturlandskapet, visjon, mål og strategiar, framskrivingar (befolkningsvekst), kva som skal til for å ha gode bu- og næringsmiljø, sysselsetting og næringsliv, klima og energi, kommunal beredskap, kommuneorganisasjonen og omtale og mål for dei kommunale tenestene.

Arealdelen omhandlar føresetnader og arealbehov, areal og utbyggingsstrategiar, føresegner og retningslinjer

## Planstrategi

Kommunal planstrategi skal avklare kommunen sitt **planbehov**.

Gjeldande kommuneplan blei vedtatt i desember 2014. Denne har mål og strategiar for alle (sentrals) delar av kommunen si verksemd.

I 2016 blei det utarbeidd ein ny planstrategi som gjev føringer for kva for planar som skal utarbeidast eller reviderast. Denne strategien er eit viktig verktøy for å sikre ei samla prioritering av alle plandokument i kommunen og vil ta omsyn til endringar i samfunnet rundt oss. Sjå omtale i kapittelet «Dette er Hå».

## Kommunedelplan «Utdjuping av kommuneplan»

Kommunedelplanar er utdjuping av kommuneplanen. Det kan enten vær eit samfunnstema eller areal for ein del av kommunen. Kommunen er godt i gang med å utvikla ein kommunedelplan for Nærø sentrum som skal fastlegga dei overordna måla og ramane for den fysiske utviklinga av Nærø sentrum i årene framover.

## Tema og sektorplaner «Konkretisering og tiltak»

Tema og sektorplaner er ei vidare konkretisering av kommuneplanen. Både barnehagebruksplan og skulebruksplan er temoplaner. Til dømes skal barnehagebruksplanen gi grunnlag for prioriteringar i økonomiplanen, og vera grunnlag for avgjersler knytt til utbygging og lokalisering, utvikling av bygningane og uteområda, vedlikehald og opptakskrinsar.

## Økonomiplan og årsbudsjett

Den 4-årig økonomi-planen er kommuneplanen sin handlingsdel, **prioriteringar og tildeling av ressursar**. Det blir utarbeidd planar for verksemda ut frå rammene i vedteke handlingsprogram (årsbudsjett). Det skal leggast vekt på rammestryring og utstrekkt grad av delegering.

## Årsmelding/årsrekneskap

Det skal utarbeidast årsmelding/årsrekneskap med resultatvurdering ut frå plan for verksemda som er sett opp i årsbudsjettet. Dette er det dokumentet du nå les i.

### Meir om mål og resultatstyring

Dei økonomiske målsettingane som er definert i kommuneplanen er nådd også i 2017. Netto driftsresultat blei 1,5 % som er det målet som er sett i kommuneplanen. Drifta gav eit samla mindreforbruk (overskott) på 30 millionar kroner som gjer at ein også i 2017 kan sette av pengar til fond eller redusere opptak av nye lån. Å bygge fond er viktig for å sikre handlefridom og for at ikkje etterkomarane skal betale for det dagens politikarar vedtar.

Kommunestyret får rapport kvart tertial med status for heile kommunen og for kvart tenesteområde, i sentraladministrasjonen og på finansområdet. Desse kan gje grunnlag for budsjettjusteringar.

### *Steg mot betre verksemdsstyring*

I 2016 begynte rådmannen med formelle gjennomgangar kvart tertial med tenesteområda med fokus på kva som er oppnådd, ressursbruk og planar/utfordringar vidare. I 2017 fekk vi på plass eit elektronisk system som legg til rette for systematisk oppfølging på fleire fokusområder. Slik vil ein sikre at strategiar blir omsett til handling og at konkrete resultatmål blir satt og følgjt opp.




Foto: Anne Lise Norheim

## Internkontroll

For at tilsette i kommunen skal kunne løyse oppgåvene sine på rett vis er det viktig å ha gode rutinar for korleis oppgåvene skal bli gjennomført.


Hå kommune har fleire system for internkontroll. Alle tilsette har tilgang til og skal nytta det digitale hovudsystemet for kvalitets- og avvikshandtering som heiter Compilo. I tillegg har tenesteområda eigne fagsystem. Gjennom heile året blir det arbeidd systematisk med internkontroll i heile verksemda. Av dei 316 HMS-avvika som blei meldt i 2017 var 310 var lest, handert og lukka ved årsskiftet. Berre seks avvik var framleis under behandling.

I 2017 blei det meldt inn til saman 669 avvik i Compilo. Motsvarande tal var 454 i 2016. Dette gjer uttrykk for ein kultur kor den einskilde tilsette er kjend med prosedyrar og tek ansvar for at dei blir brukt rett. Avvik er eit godt utgangspunkt for organisasjonslæring, og blir meldt innan kategoriane «teneste/brukar», «organisatorisk/internt» og «HMS».



Figuren syner meldte avvik innanfor dei tre hovudkategoriane.

Alvorsgraden er bestemt av den tilsette eller leiaren som melder avviket.



Innanfor HMS er det fem kategoriar:  
«arbeidsmiljø»,  
«nesten-uhell»,  
«ulukke»,  
«vald/truslar» og «ytre miljø».

Figuren syner fordelinga på desse kategoriane og alvorsgraden.

# Kontrollutvalet

Kontrollutvalet skal føre tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret.


Dei har sin eigen administrasjon som er uavhengig av kommunen sin administrasjon.

Oppgåvene deira knyter seg både til løypande tilsyn med forvaltninga (drifta), revisjon, rekneskap og internkontroll, forvaltningsrevisjon og selskapskontrollar. Dei har eige budsjett og lagar ei eiga årsmelding.

I 2016 blei to forvaltningsrevisjonar handsama. Dette var «Vedlikehald av kommunale bygg» og «Skulemiljøet i Hå». Tilrådingane frå desse revisjonane blir handsama i kommunestyret og iverksetting av tiltak blir gjort i tenesteområda. Kontrollutvalet følgde opp forvaltningsrevisjonsrapporten «Jordvern».

## Årshjul

Kvart år blir det gjennomført ei rekke styringsprosesser. Desse kan visast i eit overordna årshjul som viser korleis arbeidet med ulike dokument og prosessar fasast inn i høve til kvarandre politisk og administrativt.




# Personal- og organisasjonsutvikling

Kommuneplanen slår fast at den overordna målsettinga for personalpolitikken i Hå er å ha tilstrekkeleg med kvalifisert arbeidskraft. I 2017 har personal- og organisasjonsavdelinga mellom anna arbeida med målretta IA-prosjekt, leiarutvikling og leiarforum, støtte til leiarar med oppfølging i personal-sakar, digitaliseringsprosjekt, etikk og lønnsforhandlingar. Det har vært eit godt samarbeid med dei hovudtillitsvalde på mange ulike områdar

## Tilsette og årsverk

Ved årsskifte var talet på tilsette med eit fast arbeidsforhold til kommunen 1.579, ein auke på 20 frå 2016. Årsverka for desse utgjorde 1.186, mot 1.164, i 2016. Talet på fast tilsette har auka med 1,4 % samanlikna med 2016, og delen kvinner er stabil på omlag 81,7%.

Faste tilsette og deira årsverk i deltid/heiltid




Figuren syner tilsette med eit fast arbeidsforhold til kommunen, medrekna dei som f.t. er i permisjon og brannmannskap (FB). Den syner og delen heiltid og deltid blant dei tilsette, ikkje medrekna FB.

Gjennomsnittleg stillingsstorleik viser ein svak auke og er nå på 77,1 %. Dette er medrekna dei 100 tilsette som etter eige ønske har redusert stillingsstorleika si med til saman 25,7 årsverk ved å søkje om deltidspermisjon i høve til lov-/avtaleverk og velferdsreglar. Blant dei som har ønskja redusert stilling er det 92 kvinner og 8 menn. Det er 40,9 % av dei fast tilsette som er tilsett i full stilling mot 40,7 % i 2016. Blant desse er det 74 tilsette som i snitt har redusert stillinga si med 27,9 %. Dette bidreg til å auke talet på mellombels deltidstilsette, men gjer samtidig at nokre deltidstilsette får høve å arbeide heiltid medrekna vikariat.

Stillingsstorleiken for kvinner har ein svak auke med eit snitt på 75,7 % mot 74,9 % i 2016. I desse tala er det teke omsyn til ønskja redusert stilling, men ikkje medrekna ekstraarbeid. Det inneber at den eigentlige stillingsstorleika er høgare. Stillingsstorleiken for menn er i snitt 86,9 % mot 85,4 % i 2016. Medrekna brannmenn er talet 77,5 % mot 76,8 % i 2016.

Blant dei 84 mellomleiarane i kommunen er det 57 kvinner og 27 menn. I rådmannen si leiargruppe er det no fire kvinner og tre menn. Hå kommune har likelønnsprinsipp for kvinner og menn i same type stilling.



Utviklinga frå 2016 til 2017 syner at det er ei auke i tilsette i aldersgruppene 0 - 29 år og 40 - 49 år. Aldersgruppene 30 – 39 og 50 – 59 år er stort sett uendra. For aldersgruppa over 60 år er tendensen noko fallande. Dei neste fire åra vil 226 tilsette ha rett til å ta ut AFP, men delen tilsette som nyttegjer seg av dette er låg. Seniorar er ei viktig arbeidskraftressurs, og kommunen vil arbeide for å halde på kompetansen deira. Hovudtariffavtala gjer at alderspensjonistar kan arbeide på særskilde vilkår medan dei tek ut pensjon.

## Kompetanseheving og rekruttering

Hå kommune utarbeidar årleg ein opplæringsplan for verksemda. Denne er eit strategisk verktøy for å planleggja, budsjettera og gjennomføra kompetanse tiltak som rustar Hå kommune for framtida. Hovudmålet om å ha nok kvalifisert arbeidskraft blir nådd både gjennom strategisk rekruttering og intern kompetanseheving. Digital kompetanse og utvikling er eit viktig element i arbeidet med å fornye, forenkle og forbetre, slik at ein tek i vare framtidens sitt tenestebehov og nyttar ressursar strategisk. Kompetente og framtdsretta fagmiljø sikrar gode tenester og eit godt faglege omdøme som arbeidsgjevar.

Hå kommune held fram satsinga i «LINK Jæren» - eit samarbeid mellom arbeidsgjevarar i Hå, Time og Klepp, med ei målsetting om å fremja Jæren som både bustad og arbeidsplass. Også i Jærskulen er kommunen aktiv, fagleg så vel som med ein arbeidsgjevarprofil.

Leiarforum er ein viktig arena for utvikling av leiarar, informasjon, prosesser og relasjonsbygging. Dei hovudtillitsvalte er også med på leiarforum. Satsinga vil halda fram.

Med utgangspunkt i tilbakemeldingane etter «Leiarutvikling 2015 - 2016» har vi utarbeida og sett i verk eit nytt kull til «Leiarutvikling 2017 – 2018». Programmet er retta mot å setta leiarar i stand som endringsagentar i egne einingar, og på den måten spele ei viktig rolle i arbeidet med "Framtidsløftet".

Framleis er det nokre universitets-/høgskulegrupper som det er vanskeleg å rekruttere. Dette dreier seg mellom anna om lærarar, barnehagelærarar, ingeniørar og sjukepleiarar, samt fagpersonar med leiarerfaring. Situasjonen i barnehagane er i ferd med å endra seg positivt fordi mange tilsette tek naudsynt utdanning.

## Tariff og lønsforhandlingar

I 2017 var det tariffjustering mellom partane i KS sitt tariffområde. Det blei bare forhandla om lønn, og ikkje prinsipp. Årlønnsvekstramma etter hovudtariffavtala kap. 4 blei marginalt utvida til 2,4 % i tråd med resultatet i frontfaga. Den same ramma blei lagt til grunn under lokale forhandlingar for leiarar og akademikarar/rådgjevarar etter kap. 3 og 5.

Det var avsett ei lita ramme til lokale forhandlingar i kap. 4. Denne blei nytta til å rette opp ikkje-ynskja skilnader som var eit direkte resultat etter omarbeidinga av den nye hovudtariffavtala som stod ferdig i 2016. Kommunen og dei tilsette sine organisasjonar var samde i tiltaka, og hadde god og konstruktiv dialog under forhandlingane.


Syv arbeidstakarorganisasjonar skreiv til kommunen og ynska utvida økonomiske rammar for dei lokale forhandlingane, men Formannskapet vedtok rådmannen si anbefaling om å følgje resultatet frå den sentrale tariffjusteringa. Hå kommune forhandla med 19 organisasjonar. To av desse gjekk til brot, og sakene blei løyst ved behandling i lokal nemnd.

## Inkluderande Arbeidsliv (IA) og HMS

Også i 2016 er det retta eit stort fokus mot IA-arbeidet i verksemda. Det blei mellom anna satsa på leiaropplæring, samarbeid med NAV, avklaring i enkeltsaker med langvarig og/eller kronisk sjukdom og haldningsarbeid. Satsingsprosjektet i barnehagane blei avslutta og det blei starta eit nytt satsingsprosjekt i helsesektoren med fokus på langtidsavdelingar.

Det samla sjukefråværet for Hå kommune blei 6,7 % mot 6,1 % i 2016. Den samla oppgangen på 0,6 %poeng er tilsvarande nivået i 2015, og syner både langtids- og korttidsfråvær. Det legemeldte fråværet var 5,8 % mot 5,2 % i 2016. Det eigenmeldte sjukefråværet syner ein nedgang på 0,1 %-poeng. Første halvår var det legemeldte fråværet 6,3 % mot 6,0 % i 2016, mens det andre halvår var 5,6 % mot 4,7% i 2016. Figuren syner at Hå og Gjesdal hadde svært lågt fråvær i 2016, men auka litt i 2017. Time som hadde høgt fråvær i 2016 reduserte dette i 2017.


## ***Samla sjukefråvær i nabokommunane***



Figuren syner samla sjukefråvær i nabokommunane (eigenmeldt og legemeldt) dei siste fire åra. Frå 2015 er ikkje lenger landsdekkande tal tilgjengelege frå SSB.

Fråvær utover arbeidsgjevarperioden på 16 dagar utgjer 82,3 % av det samla legemeldte fråværet. Langtidsfråværet over 40 dagar utgjer 68,9 %. Eigenmeldingar syner ein liten nedgang med 0,8%. 118 tilsette sto for halvdelen av det samla legemeldte fråværet i 2017 mot 104 i 2016. Det er 16,4 % av dei tilsette som står for 80% av det samla legemeldte sjukefråværet mot 14,8 % i 2016.

## ***Tenestesektorar - utvikling i legemeldt fråvær***



Figuren syner utviklinga i korte- og langtidssjukefråvær i dei største sektorane dei siste fire åra.

Satsingsprosjektet i barnehagane (2015 - 2016) viste svært positive resultat. Samanlikna med 2014 blei det samla fråværet redusert med om lag 25 %. Etter avslutta prosjektperiode er langtidssjukefråværet i barnehageområdet på veg opp att. Dette mønsteret visar seg i mange verksemder, og bekreftar at vedvarande fokus er nødvendig. I 4. kvartal 2017 blei det sett i verk ei ny IA-satsing innafor barnehageområdet.

Innanfor langstidsavdelingar i pleie og omsorg i tenesteområdet helse og sosial blei det i 2017 starta eit toårig sjukefråværsprosjekt etter mønster frå barnehageområdet. I 4. kvartal viste langtidsfråværet for desse einingane ein nedgang på 2,4 %-poeng samanlikna med den same perioden året før. Også eigenmeldt fråvær var noko redusert, mens det legemeldte korttidsfråværet viste ei svak auke.

Kommunen fekk 418.880,- kroner i førebyggings- og tilretteleggingstilskot frå NAV i 2017. Kommunen samarbeider med NAV sin arbeidsgjeverteneste om korleis ein best kan nytte dei verkemidla som finst i IA-arbeidet.


## Medarbeidarundersøking

Hå kommune gjennomfører medarbeidarundersøking anna kvart år. Hensikta er å kartlegge tilsette si oppleving av eigen arbeidskvardag, og å skape eigarskap til arbeidet med å utvikle arbeidsmiljøet i fellesskap. Kommunen nyttar undersøkinga «10-FAKTOR» som er utvikla i samarbeid mellom KS og BI, og tilgjengeleg som verktøy frå Kommuneforlaget.

Undersøkinga er utvikla spesielt for å vere ei kort og målretta undersøking med fokus på faktorar som både er viktige i tilsette sin arbeidskvardag og mulige å utvikle i fellesskap. Undersøkinga inneheld 10 faktorar med 36 påstandar der tilsette svarar på ein Liker-skala frå 1 til 5. Faktorane i undersøkinga er motivasjon, meistringstru, sjølvstende, bruk av kompetanse, meistringsorientert leiing, rolleklarhet, relevant kompetanseheving, fleksibilitetsvilje, mestringsklima og prososial motivasjon. Prososial motivasjon, det vil seie at tilsette føler ei forplikting til å gje noko tilbake til arbeidsgjevaren sin dersom dei opplever å bli ivaretatt på ein god måte. Undersøkinga er utviklingsfokusert på faktorar som kolleget i fellesskap med leiar kan gjere noko med.

Samla svarprosent for kommunen var 72 %. Dette er svært godt og det same som i 2015. Ved å nytte den same undersøkinga over tid, kan kommunen samanlikna resultata både med seg sjølv og andre kommunar, og arbeide med resultata på ein annan måte enn tidlegare. Kvar leiar får resultatet for sin eining i form av ein enkel og kortfatta anonymisert rapport. Leiar får og resultata frå 2015 og ein oversikt over resultatet for Noreg, totalt for kommunen og totalt for eige tenesteområde. Det er utarbeida eiga arbeidsbok med vegleiing for vidare arbeid med og oppfølging av resultata.


## Svarprosent medarbeiderundersøkinga



Figuren syner svarprosent i dei ulike tenesteområda/stabane for 2015 og 2017.

Resultata for kommunen viser at Hå kommune ligg på nivå med eller høgare enn snittet for landet på alle faktorar. Samanlikna med 2015 syner dei lite endring og god stabilitet over tid. Vi ser noko endring på tenesteområda, men størst endringar på einskilde einingar.

## Resultat for medarbeidarundersøkinga 2017



Figuren syner resultat i Hå kommune for dei ulike faktorane, samanlikna for 2015 og 2017.

# **Informasjon, kommunikasjon og involvering**

Kommunen er til for innbyggjarane og det blir arbeidd på fleire måtar for å engasjere og få innspel frå ulike grupper. Det er viktig at det er lett å koma i kontakt med dei som arbeider i kommunen og etableringa av servicetorget var ein viktig milepæl i dette arbeidet. Klart språk har vore ei viktig satsing også i 2017.

## **Innbyggjarrådet**

Innbyggjarrådet tar del i den kommunale plan- og utviklingsprosessen og skal ha til uttale alle politiske saker som gjeld eldre, menneske med nedsett funksjonsevne og ungdom sine levekår.

Innbyggjarrådet er kommunen sitt formelle organ i samband med brukarmedverknad og uttale frå rådet skal følgje saker i prosessen fram mot vedtak i det aktuelle politiske organet. Mandat blei vedtatt i KS-079/11.

Innbyggjarrådet hadde 6 møter og handsama 44 saker i 2017. Viktige saker:

- Prosess om bruk av Heimtun
- Felles legevakt Klepp, Time og Hå – utredning
- Middagsservering ved sjukeheimane i Hå
- Brukarundersøking – utviklingshemma – pårørande/brukarrepresentant
- Brukarundersøking helsestasjon for ungdom
- Brukarundersøking psykisk helse og rusvern
- Rett til opphold i sjukeheim
- Sambuargaranti sjukeheim
- Tilskot til velferdstiltak for eldre – Tilskot til lag og organisasjoner
- Kvalitetsplan for skulane
- Plan for frivillig arbeid i Hå
- Vurdering av nybygg avlastningsbustad for barn og andre funksjoner på Heimtun.

I tillegg gir innbyggjarrådet uttale til alle reguleringsplanar, årsbudsjett, økonomiplan, rekneskapsrapportar og årsmelding.

Talet på saker auka frå 17 i 2016 til 44 i 2017.

Innbyggjarrådet er med på den årlege temadagen for seniorråd-/brukarråd på Jæren og arrangerer kvart 4. år temadag i Hå kommune og arrangerer den årlege eldrefesten i samband med FN sin internasjonale eldredag.

## **Ungdomsrådet i Hå (URÅ)**

URÅ har hatt 8 styremøter i 2017. Eit av desse møta var ei overnatting i Loen Ungdomsklubb, der vi diskuterte ulike saker, hadde leiker, og fekk besøk av SeMeg-stasjonen.

I samanheng med "Veka for gjensidig respekt" i januar, hadde vi ei samling for dei eldre på Hå Sjukeheim. Vi hadde ulike aktivitetar, musikkinnslag og viste dei "førestillinga" vår frå utvekslingsturen til Tsjekkia «Oskeladden og dei gode hjelparane».

I løpet av året har vi vore med på møter for å diskutere kva vi meiner kan gjere Nærø og Varhaug sentrum betre. To av representantane var med på årsmøtet til Hå Arbeidarparti. I løpet av året har vi vore med å etablere Ungdommens fylkesting. Dette har nå endeleg starta opp. Me er stolte over å ha representantar frå kommunen her!

I juni var representantar frå URÅ i saman med ungdomsklubbane i Hå, i campingvogna i prosjektet «Ungdomsklubb på hjul», på Nærødagane og på Varhaugmarken. Nokre var og med under Jærmessa i slutten av august. Vi deltok også under den store dagen på Brusand, då "NRK Sommertoget" kom.

Pengane dette året brukte vi på å arrangere foredrag frå Adil Kahn for alle elevane frå 8.-10. Trinn i Hå kommune på Tryggheim og på Vigrestad. Han snakka om å ta vare på di eiga psykiske helse. Representantar frå URÅ var med som konferansierar. Vi har og hatt besøk av Atle Straume, som er leiar for psykisk helse- og rusvern i Hå.

To ungdomar og sekretæren frå URÅ deltok på ungdomsutvekslingstur med støtte frå Erasmus + til Reykjavik ei veke i november, saman med ungdom frå både Italia, Portugal, Litauen, Nederland, Island, Hellas og Finland. Det blei knytt kontakt med ungdom frå andre land til vidare samarbeid.

## Barn og unges kommunestyre

Barn og unges kommunestyre blei dette året arrangert for fjerde gong i Hå kommune. Dette er ein arena kor kommunen sine barn og unge får moglegheit til å seie si meinung. Kvar skule er representert med tre elevar frå 5.-7. trinn og tre elevar frå 8.-10. trinn. I tillegg er ordføraren, rådmannen, kommunalsjefar og fleire politikarar til stades. Ungdomsrådet i Hå er òg til stades og informerer om kva dei arbeider med.

Møtet føregår i kommunestyresalen og er bygd opp på same måte som eit ordinært kommunestyremøte, med sakliste, ordstyrar og stemmeskilt. Elevane blir utfordra til å halde framlegg rundt eit tema som er aktuelt i tida og ikkje minst i framtida. I år var temaet; Digital dømmekraft. For at elevane skal kunne gjera trygge og gode val på nett, treng dei digital dømmekraft. Elevråda ved den enkelte skule hadde fått i oppgåve å diskutera positive og negative sider ved bruk av chromebook/PC. Resultatet av denne oppgåva blei 5 kjøreregler for «godt nettvett». Kjørereglane er felles for alle skulane i Hå kommune.



Foto: Steffen Rogne

Elevane får og høve til å stille spørsmål til ordføraren og rådmannen. Elevane er godt førebudde og stiller spørsmål om tema som opptar dei. Nokre spørsmål dreier seg om skulekvardagen, medan andre dreier seg om fritida og det som skjer utanom skulen.

Barn og unges kommunestyre får satt av ein sum pengar som dei sjølv får råde over. Pengane må nyttas slik at barn og unge i heile kommune kan få glede av dei. I 2017 blei vedtaket slik i barn og unges kommunestyre :

Kr 30 000 på ungdomstrinnet og kr 30 000 på mellomtrinnet blir fordelt ut til den enkelte skule, som igjen kan bruka dei til tiltak som ligg i innsende forslag.

På ungdomstrinnet får skulane kr 6 000 kvar og på mellomtrinnet får skulane kr 5 000 kvar. Tilbakemelding frå skulane i etterkant av barn og unges kommunestyre, er udelt positiv. Det blir poengtert verdien av arrangementet; elevane opplever å bli tekne på alvor, dei blir høyrte og dei får vera med å bestemme i ekte saker. Dette er demokrati på ekte!

## Servicetorg og kommunikasjon

I 2017 blei fleire nye tenester lagt til servicetorget, og Hå kommune tok i bruk nye kanalar for kommunikasjon. Det blei utarbeidd ein ny kommunikasjonsstrategi, og sett i gang eit arbeid mot nytt intranett.

Stadig fleire av innbyggjarane tek kontakt med kommunen via Facebook, chat og digitale skjema. I 2017 blei det også teke i bruk ei ny varslingsteneste der innbyggjarane kan få viktige beskjedar frå kommunen per SMS.

Kommunen jobbar aktivt med å utvikla det digitale servicetorget, slik at me kan tilby innbyggjarane og næringslivet fleire sjølvbetjeningsløysingar. Det skal vera lett å få kontakt med Hå kommune, og informasjonen skal vera klar og enkel å forstå. Målet er at alle skal bli møtt med god service.

Servicetorget leverer tenester til innbyggjarane på vegne av alle tenesteområde. Det siste året er tilbodet utvida til å gjelda konsesjonssaker. Hå kommune har brukt mykje tid på å følgje opp ulike skjenke- og serveringssaker, og har samarbeidd på tvers for å utvikla salskontoret for tomter i Stokkalandsmarka.

Desse tenestane blir nå tilbydd: Informasjon og rettleiing i byggesaker, kart-, eigedoms- og leidningsnetttopplysningar, innsyn i offentlege dokument, meklarpakkar, nabolister, endring og avvik i renovasjon, fakturaspørsmål, konsesjonssaker, skjenke- og serveringsløyve, jegerprøveeksamen, parkeringskort for forflyttingshemma, rettleiing til å søka barnehageplass, saksbehandling redusert betaling i barnehage og kontantstøtte, utleige av Lensmannsløa, sentralbord og salskontor for tomter i Stokkalandsmarka.

# **Samfunnstryggleik og beredskap**

## **Definisjon**

*Beredskap betyr i utgangspunktet «å være beredt», altså å være førebudd på ein situasjon. Det brukas spesielt om å være førebudd på å møte kritiske situasjoner, det vil seie å handtere og redusere skadeverknader av uønskte hendingar som kan føre til skade på eller tap av verdiar eller personskade/dødsfall. Beredskap omfattar tekniske, operasjonelle og organisatoriske tiltak som planleggast iverksett under leiing av beredskapsorganisasjonen ved ei hending, for å beskytte personell, materiell og verdiar.*

## **Viktige hendingar i 2017**

Det blei gjennomført tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i Hå kommune 17. april 2015. Tilsynet avdekkja fire avvik knyta til kommunens heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse og overordna beredskapsplan.

Hå kommune starta i 2016 opp arbeidet med å følgje opp avvik. Avvik 1 og 2 som gjaldt manglende heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse og plan for oppfølging av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet, blei følgt opp kommunestyret 30. mars 2017 i sak 012/17 «Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse for Hå kommune 2017».

Den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen blei lagt til grunn for kommunen sitt vidare arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Avvik 3 og 4 som gjaldt manglende beredskapsplan og system for opplæring blei følgt opp av kommunestyret 14. september 2017 i sak 055/17 «Overordna beredskapsplan for Hå kommune». Den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen er eit godt reiskap for å etablera og forenkla ei overordna risikoforståing for Hå kommune. Den overordna beredskapsplanen vil bidra til å utvikla eit tryggare og meir robust lokalsamfunn gjennom ei systematisk vurdering av risiko og sårbarheit.

Det blei i november 2017 gjennomført ei skrivebordsøving der hendinga blei henta frå kommunens heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse. Målsetninga til kriseleiinga var å ta øve og ta i bruk nytt planverk.

## **Kva er fokus i 2018**

Vi jobbar kontinuerlig med samfunnstryggleik og beredskap. I 2018 vil vi ha fokus på å øve på det vedtekne planverket. Scenarioa for øvingane skal hentast frå kommunen si heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse. «Ekstremnedbør», «pandemi», «skogbrann/utmarksbrann», «skipsfartsulykker» og «terror/sabotasje» er hendingar som utpeikar seg med eit særleg alvorleg risikobilete og som samfunnet vårt må kunne førebu og handtere. Hensikta med beredskapsøvinga vil være å kontrollere at beredskapen fungerar etter hensikta si. Beredskapsøvingane vil fungere som grunnlag for å evaluere og oppdatere eksisterande beredskapsplanar som ledd i beredskapsutviklinga.

# **Klima, miljø og energi**

Berekraftig forvalting av miljø- og naturressursar er eit mål i kommuneplanen. I klima- og energiplanen fokuserer Hå kommune på si rolle som samfunnsutviklar i forhold til dei utfordringane som klimabilde framover viser.

## **Kommunen si eiga drift**

Hå kommune er ei stor verkeemd, og blant dei største arbeidsgjevarane, største byggeigarane og største innkjøparane i kommunen. Det er derfor viktig at kommunen sjølv tar klimavennlege val i eiga drift.

*Offentlege innkjøp* i Hå er anslått til ein verdi på rundt 300 til 400 millionar kroner årleg. Hå kommune har utarbeidd eit innkjøpsreglement som fastslår krav til miljøomsyn.

*Kommunale bygg* utgjør ein vesentleg del av bygningsmassen i kommunen. Ved å drifte disse areala mest mulig energieffektivt vil det gi store reduksjonar i kommunen sine klimautslepp og også for kommunen sine utgifter.

## **Klima- og energiplan**

Kommunestyret godkjente planprogrammet for klima- og energiplanen 14. september 2017 i sak 056/17. Planarbeidet vil resultere i at konkrete tiltak blir foreslått i planen sin handlingsdel. Det er viktig å få fram at tiltak som krev kommunale løvningar vil måtte innarbeidast i kommunen sin økonomiplan og årsbudsjett for å kunne gjennomførast.

Eit aktivt og mangfoldig landbruk gjer at over 60 % av klimagassutsleppa i Hå kommune kjem frå landbruket. Planprogrammet er lagt opp med sikte på å dekke krava i den statlege planretningslinja om å formulere framidsretta og ambisiøse mål for utsleppsreduksjon. Det går fram av planprogrammet at mål om utsleppsreduksjon vil bli formulert under omsyn til at Hå kommune er ein av landets største landbruks- og husdyrskommunar. Ein viktig føresetnad for planarbeidet er eit tett samarbeid med både næringsliv og landbruksorganisasjonane i Hå.

## **Klimatilpassing**

Hå kommune har ein viktig jobb å gjøre for å sørge for at samfunnet er tilpassa klimaendringar. Klimatilpassing er vevd saman med fleire av kommunen sine ansvarsområde: *Arealplanlegging* i kommunen må sørge for at nye område som byggjast ut ikkje blir trua av for eksempel overvatn og flaum. Det er ikkje noko nytt, men med eit villare og våtare klima blir utfordringane knytt til ekstremver større. Fortetting i stasjonsbyane kan også ha følgjer for kor godt eit område tar imot nedbør.


*Vann- og avløpshandtering* må handtere dei normale nedbørsmengdene i samsvar med vedtekne retningslinjer for dimensjonering. Sidan 2011 har Hå kommune hatt ein vann- og avløpsnorm som er utarbeida i samarbeid med andre kommunar på Jæren.

*Eigedomsavdelinga* har signert kontrakt med Niras AS om energimerking, energikartlegging og utarbeidning av grunnlag for avgjerd om vidare arbeid. Det blir arbeidd med å skaffe informasjon om byggja.


# Dette leverer vi

Der er stor aktivitet i kommunen og mange spennande ting skjer. I denne delen av årsmeldinga går vi inn på ressursbruk og kva som er gjort i dei tre tenesteområda og i stabsområdet. Som innleiing viser vi ei samla oversikt over drifta i tenesteområda. Netto driftsrammer samla blei 962 millionar kroner i 2017.

## Utgifter, inntekter og netto drift i 2017



## Resultat per innbyggjar / nøkkeltal



# Opplæring og kultur

*Kvalitetsplan for skulane blei vedteken i 2017. Barnehagane er godt i gang med sin kvalitetsplan som kom i 2016. I løpet av skuleåret 2017-2018 skal alle elevane ha fått sin eigen PC eller Chromebook. Det er sett i gang eit omfattande prosjekt saman med tenesteområde for helse og sosialsaker for å betre det tverrfaglege arbeidet med barn og unge. Vi er godt i gang med prosjektet «Alle med i Hå», som skal inkludere barn i fattige familiær og innvandarfamiliær i fritidsaktivitetar. Innanfor kulturområdet har det vore fokus på utvikling av bibliotek, fritidstilbod til alle, formidle kunst og kulturarv og støtte til eit veldrive organisasjonsliv.*

## Mål og prioriterte oppgåver

Alle barn skal oppleve læring og meistring kvar dag. Vi arbeider stadig med å rekruttere og behalde personell med godkjent utdanning og styrke formell kompetanse i eksisterande arbeidsstokk. Vidare har det vore sterkt fokus på barn og elevar sin rett til eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø. Dette er eit arbeid som blir gjort saman med dei andre kommunane i Jærskulesamarbeidet.

## Oversikt over driftsutgifter og driftsinntekter

Opplæring og kultur Millionar kroner	Rekneskap			Budsjett	
	2015	2016	2017	2017 *)	2017
Driftsutgifter	593,7	623,1	629,2	608,0	566,1
Driftsinntekter	-133,8	-150,0	-136,4	-115,6	-93,5
<b>Netto ramme</b>	<b>459,9</b>	<b>473,1</b>	<b>492,8</b>	<b>492,4</b>	<b>472,6</b>

\*) Budsjett inkl. endringar

Sluttresultatet for tenesteområdet syner eit meirforbruk (underskot) på 0,4 mill kroner i 2017, mot eit overforbruk på 1,4 mill kroner i 2016.

Barnehage hadde samla sett eit mindreforbruk i forhold til budsjett på om lag 0,5 mill kroner. Dette skuldast blant anna fokus på innsparinger i barnehagane og noko mindreforbruk på tenesta Styrka barnehagetilbod.

Skule går samla sett om lag i balanse. Det var 2,8 mill kroner i meirforbruk til spesialpedagogikk, men om lag halvdelen blei dekka opp ved omgjorte timer frå vanleg undervisning. Skuleskyss, skulebibliotek og SFO - ekstra tilpassing, hadde alle eit mindreforbruk i forhold til revidert budsjett slik at skule samla sett gjekk i balanse.

Kultur gjekk samla sett i balanse.

Tenesteområdet hadde totalt 677,8 stillingsheimlar i 2017 og eit godkjent driftsbudsjett (netto ramme) på 492,4 mill kroner samanlikna med 674,3 stillingsheimlar og eit godkjent driftsbudsjett (netto ramme) på 471,8 mill kroner i 2016.

# **Barnehage**

## **Mål og prioriterte oppgåver**

Kommuneplanen 2014-2028 legg til grunn følgjande hovudmål for barnehagane:

- I samarbeid med heimen vil kommunen arbeide aktivt med å gje barna ein god barndom.
- Alle barn i barnehagane i Hå skal oppleve læring og meistring kvar dag.

## **Kompetanseheving**

For å nå desse måla må vi arbeide gjennom dei tilsette i barnehagen. Kommunen legg til rette for å lyfte leiarkompetansen til styrarane. Styrarolla er i endring, og det kjem stadig nye og tydelegare krav til leiarrolla. Vi arbeider jamt med å styrke styrarolla, og vil oppmøde fleire styrarar til å ta styrarskulen. Det ligg også stor verdi i leiarteam som arbeider saman om prosess og måloppnåing for barnehagen. Det er eit jamt trykk hos barnehagane for å vidareutvikle og styrke leiargruppene.

Det er ein aukande etterspørrelse om meir kompetanse og utdanning frå tilsette i barnehagen. Vi har for tida 18 assistenter med fast tilsetting som er i utdanning for å bli barnehagelærarar. Godt over halvparten av desse skal etter planen være ferdig utdanna i løpet av 2018 og 2019. August 2018 skal pedagognorma auke frå 33 % til 43 %. Ut frå det barnetalet vi har i dag, vil vi da mangle 22 barnehagelærarar. Seks av studentane vi har under utdanning skal etter planen være ferdig utdanna våren 2018, og nye ti avsluttar våren 2019.

Ti barnehagelærarar starta hausten 2017 med etterutdanning innan eit av våre satsingsområde. Etterutdanninga er innanfor språkutvikling og språklæring, pedagogisk utviklingsarbeid, rettleiing av nyutdanna barnehagelærarar og praksislærarar og fleirkulturell pedagogikk.

Barnehagen har framleis behov for fleire fagbrev innan barne- og ungdomsarbeidarfaget. Vi har her eit konstruktivt og godt interkommunalt samarbeid for assistenter som ønskjer fagbrevet. I desember 2017 blei fjerde kull avslutta, og 7 nye assistenter frå barnehagane i Hå tok teorieksamen til fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar. I februar 2018 startar vi opp med nytt kull, og frå Hå har vi nå 16 kandidatar.

All denne kompetansehevinga er i tråd med strategien frå kunnskapsdepartementet, «*Kompetanse for framtidens barnehage*», og vi fekk innvilga statlege tilretteleggingsmidlar til dette.

I Opplæringsplanen for 2017 og 2018 har vi synleggjort behovet for å rekruttere fleire spesialpedagogar. Vi har nå tre pedagogar som held på med ei spesialpedagogisk etterutdanning. Også dette er ei etterutdanning som kan utløyse kommunalt stipend.

Det føregår nødvendig kompetanseheving på ulike plan og nivå. Det viktigaste er likevel at all ny kompetanse blir implementert i dei vaksne sine handlingar i møte med barn.

## **Planar**

I juni 2016 blei Kvalitetsplan for barnehagen 2016-2019 vedteken i kommunestyret. Planen gjer retning og mål for det pedagogiske arbeidet. Kvalitetsplanen er eit nyttig, konkret og

felles styringsverktøy for å auka kvaliteten på det pedagogiske innhaldet. Barnehageåret 2017/2018 har barnehagane i kommunen «*Barn og psykisk helse*» som felles fokusområde. Dette barnehageåret legg vi dermed til rette for felles kurs og kompetanseheving innanfor dette området.

Hausten 2016 blei sjukefråværsprosjektet formelt avslutta. Det totale fråværet var då redusert med 2,4 %-poeng, frå 10 % i 2014 til 7,6 % i 2016. Utover hausten 2017 såg vi ei lita auke i fråværet, og vi har sett i verk ein ny mål og handlingsplan for 2018. Her er det ei prosjektgruppe med fire barnehagar som sammen med NAV Arbeidslivssenter og personal- og organisasjonsavdelinga skal være pilotar i ei vidareføring av barnehagane sitt nærværarbeid og medarbeidarskap.

## **Viktigaste hendingar og resultat**

### *Leiarutvikling for styrarar*

- Jamne styrarmøte med leiarfokus, prosessarbeid og informasjon.
- Held fram med jamne profesjonsmøter i mindre grupper, mellom anna for å halde oppe fokus på leiarrolla.

### *Rekruttering og tiltak for å behalde barnehagelærarar*

- Vi har 18 assistenter/fagarbeidrarar som er undervegs i løpet for å bli barnehagelærarar, enten ved UiS eller ABLU (Dronning Mauds minne i Trondheim). Desse har fast tilsetting og mottar kommunalt stipend.
- Ti barnehagelærarar har starta med etterutdanning som er i tråd med satsingsområda til barnehagesektoren.
- Alle nyutdanna barnehagelærarar har lokale rettleiarar. I tillegg blir det gjennomført jamne kommunale samlingar for denne gruppa.
- Alle nye barnehagelærarar er med i eit leiartreningsprogram «Ny som pedagogisk leiar». Bjørnson organisasjonspsykologane er ansvarlege for dette programmet.

### *Kompetanseheving for assistenter*

- Det er etablert eit interkommunalt samarbeid for å legge til rette for at assistenter i barnehagen kan ta fagbrev som barne- og ungdomsarbeidrarar. I februar 2018 starta femte runde, og seksten nye assistenter frå Hå er klare for å bli barne- og ungdomsarbeidrarar.

### *Andre hendingar*

- Ved nytt barnehageår 2017/2018 starta vi med «*Barn og psykisk helse*» som fokusområde, jf. Kvalitetsplan for barnehagen. I arbeidet med barn og psykisk helse er målet at barn i barnehagen skal kjenne at det er betydningsfullt, blir sett og ikkje minst at alle barn opplever å få høyre til i fellesskapet. Mobbing i barnehagen er også sentralt innafor dette temaet.
- Brukarundersøkinga hadde ei oppslutning på 62 %, noko vi er godt nøgde med. Dette gjer at vi får analysere kvalitet på det faglege innhaldet i barnehagen på eit godt grunnlag. Dei siste åra har vi nytta KS si brukarundersøking, men vil frå hausten 2018 gå over til brukarundersøkinga frå Utdanningsdirektoratet. Fordelen med det er at den

samanfaller med andre indikatorar, som til dømes ståstadanalyse. Den vil i tillegg ligge open og tilgjengeleg for alle interesserte på barnehagefakta.no

- Rettleiar for fleirkulturelt arbeid har innført «dialogisk lesing» som metode for mindre grupper i ti ulike barnehagar. Rettleiaren arbeider primært ut mot fleirspråklege barn. I tillegg fekk ho på plass fagplanar innanfor dette området.
- Kommunalt FAU hadde 4 møter i 2017, og eit storforeldremøte med mobbing i barnehagealder som tema.
- Arbeidet med Vigrestad barnehage er i full gang, og det var sperreskål i januar 2018. Vi ser fram til at bygget står ferdig og kan takast i bruk til barnehageåret 2018.

## Skule

### Mål og prioriterte oppgåver

Kommunen sitt hovudmål med skulane er i tråd med Kunnskapsløftet (K06), kommuneplanen 2014 – 2028, «Kvalitetsplan for skulane i Hå» og for Jærskulen sitt grunnlagsdokument:

- I samarbeid med heimen vil kommunen arbeida aktivt med å gje barna ein god barndom.
- Alle elevar i skulen i Hå opplever læring og meistring kvar dag.
- Elevane skal ha ein trygg og inkluderande skule med høgt fagleg nivå.

Hå kommune har eit klart uttalt mål om at vi skal styrke det faglege nivået og det sosiale miljøet i skulen, slik at vi er på nasjonalt nivå når det gjeld nasjonale prøver, avgangskarakterar, motivasjon og skulemiljø .

Over tid har elevane i Hå kommune ikkje hatt gode nok resultat innan grunnleggjande kompetanse og skulemiljø. Gjennom resultat på nasjonale prøvar og elevundersøkinga, ser vi at kommunen har størst utforryngar innan lesing på 5. trinn og motivasjon/trivsel på ungdomstrinnet. Dette er svært viktige område som vi har hatt eit ekstra fokus på i 2017. Gjennom ei mykje tettare oppfølging av skulane har vi nå eit godt bilet av kva som utfordrar skulane. Frå 2018 har vi og takka ja til å få hjelp av rettleiarkorpset. Dette er ei nasjonal støtteordning som kjem utanfrå og vil følgje opp kommunen og skulane med spesifikt fokus på motivasjon og resultat på lesing. På sikt er vi sikre på at dette vil betre resultata og at det til sist vil få fleire elevar til å gjennomføre vidaregåande opplæring.

Vi arbeider aktivt for å få nok kvalifiserte lærarar. Hå kommune har fleire ufaglærte lærarar samanlikna med landssnitt og nabokommunane. Vi har også mange godt vaksne lærarar. Ut frå dette kan vi oppleve å få ennå større utfordringar med å rekruttere nok lærarar. I Jærskulesatsinga er eitt av måla å sjå til at vi finn og gjennomfører konkrete tiltak for å få kvalifisert personell i skulane.

Elevane sitt psykososiale miljø er ein viktig faktor i all læring. Utdanningsdirektoratet innførte nye reglar på området i august 2017. Desse gjer at skulane må arbeide ennå meir

planmessig og aktivt for å hindre mobbing og utrygge skolemiljø. Fokus ligg på førebyggjande tiltak og handling dersom mobbing blir avdekka.

Bruk av IKT og ny teknologi blir stadig viktigare i skulen. Hå kommune er nå inne i ei opptrapping der alle elevar og lærarar vil ha sin eigen PC eller Chromebook i løpet av våren 2018.

## Viktigaste hendingar og resultat

### *Ogna skule*

Bygginga av nye Ogna skule starta opp tidleg haust 2016. Skulen er bygd for 300 elevar og er ein 1-10 skule. Byggearbeidet blei gjennomført etter planen og den nye skulen blei opna 3. januar 2018. Vi er særskilt nögde med resultatet. Både elevar og tilsette har fått eit flott og tidsriktig bygg med eit veldig bra uteområde.

### *Jærskulen*

Utviklingsarbeidet i skulane er sett inn i ramma til Jærskulen, med nettverkssamlingar på tvers av kommunane. Det er både lærarsamlingar og leiarsamlingar. Jærskulen har fokus på rektor som pedagogisk leiar for læringsarbeidet, med mål om betre læringsutbytte. Vi har i 2017 hatt fokus på lærarnettverk i Jærskulen. Alle lærarane i kommunen får nå jamlege faglege treff med lærarar frå andre skular i Jærskulesamarbeidet. Dette er noko vi har tru på at vil gje godt fagleg utbyte for lærarane. På leiarnivå har vi hatt eit felles fokus på profesjonsutvikling, der forskaren Knut Roald har gitt oss påfyll og utfordra kvar skule og leiargruppe.

### *Elevane sitt psykososiale miljø*

Kommunen har, saman med Jærskulen, stort fokus på elevane sitt psykososiale skolemiljø. Jærskulen har og utvikla ein nettportal for trygt skolemiljø [www.tryggskule.no](http://www.tryggskule.no). Denne portalen skal hjelpe skulen og heimen med å førebygge, avdekke og handtere uønskte hendingar. I arbeidet med trygt skolemiljø er det også etablert eit beredskapsteam mot mobbing i Jærskulen. I tillegg har alle skulane i Hå ein varslingsknapp på heimesida. Her kan elevar og føresette varsle om mobbing. Departementet innførte nye lovar og retningslinjer i august 2017. Desse lovane krev enda meir av skulane, både i det førebyggjande arbeidet og gjennom ei «aktivitetsplikt» i saker der elevar kjenner seg utrygge eller føler seg mobba.

### *Kompetanseheving*

Lærarane og skuleleiarane sine faglege kvalifikasjonar har blitt styrka gjennom satsinga på kompetanse for kvalitet, rektorskulen og gjennom kurs og konferansar. Hå kommune har inneverande skuleår 13 lærarar som deltek på «kompetanse for kvalitet» som er eit nasjonalt satsingsområde.

### *Rekruttering*

Det har vore arbeidd med rekruttering, gjennom konkrete tiltak, for å få tilsett kvalifisert personell i skulane. Dette har vore eit samarbeidsområde i Jærskulen. Det er dette skuleåret om lag 10 % av lærarpersonalet som er ufaglært. Dette talet har vore tilnærma uendra dei siste 4 åra. Dette er i stor grad personar med ulik fagkompetanse, men som manglar utdanning innan pedagogikk. Kommunen oppmodar denne gruppa til å ta den utdanninga dei har behov for. Gjennom den sentrale ordninga «kompetanse for kvalitet» er det moglegheit for at desse kan ta ferdig utdanninga ein manglar.

## Analyse av resultat 2017

Vi vil her vise til rapporten «Kvalitet og utvikling i Jærskulen 2017» som blei lagt fram på fellesmøte for dei politiske utvala i februar 2018. Rapporten blir og lagt lagd fram for kommunestyret i mars 2018. Me ynskjer likevel å vise nokre resultat frå rapporten:

### Fagleg nivå.

Elevane i kommunen presterer jamt over svakare enn dei andre kommunane i Jærskulen på dei nasjonale prøvane på 5. trinn. Dette gjeld spesielt i lesing. Kommunen gjer det totalt sett betre på rekning og engelsk. Ser ein resultata over dei siste tre åra ser ein teikn til betring. Dei nasjonale prøvane på 8. og 9. trinn viser betring. Samstundes kan vi ikkje være nøgde med at kommunen totalt sett presterer under landssnitt på dei nasjonale prøvane

### Læringsmiljø

Skalaen på elevundersøkinga går frå 1-5, der 5 er beste resultat. Unntak er «mobbet av andre elever på skolen» kor låg verdi er positivt. Kjelde: [www.skoleporten.no](http://www.skoleporten.no)

Elevundersøkinga 8.,9. og 10.trinn, haust 2017	Gjesdal kommune	Hå kommune	Klepp kommune	Time Kommune
Støtte fra lærer	4,1	4,0	4,2	4,2
Vurdering for læring	3,3	3,3	3,4	3,4
Læringskultur	3,8	3,7	4,0	4,1
Mestring	3,9	3,9	4,1	4,0
Elevdemokrati og medvirkning	3,4	3,5	3,4	3,5
Motivasjon	3,4	3,4	3,6	3,7
Mobbet av andre elever på skolen	1,2	1,3	1,3	1,1

Elevundersøking 6.og 7.trinn haust 2017	Gjesdal kommune	Hå kommune	Klepp kommune	Time Kommune
Støtte fra lærer	4,6	4,4	4,5	4,5
Vurdering for læring	4,1	3,9	3,9	3,8
Læringskultur	4,3	4,1	4,0	4,2
Mestring	4,1	4,0	4,0	4,1
Elevdemokrati og medvirkning	4,0	3,9	3,8	3,8
Motivasjon	3,9	3,8	3,8	3,7
Mobbet av andre elever på skolen	1,3	1,4	1,4	1,2

Læringsmiljø er eit kjerneområde for å få til gode læreprosessar. Alle faktorar i tabellane over er viktige i høve god læring for kvar elev. Hå kommune ligg om lag på same nivå som dei andre kommunane i Jærskulen. Vi har tidlegare sett at Hå kommune har hatt dårligare tal for mobbing enn dei andre kommunane. Det er gledeleg å sjå at mobbetala, totalt frå 6 – 10 klasse, ligg om lag på same nivå som nabokommunane. Vi veit og at motivasjon er ein nøkkel for auka læring. Her seier elevane at dei i snitt er litt mindre motiverte enn elevane i nabokommunane. For låg motivasjon har vore ei trend i Hå kommune. Dette er eit av områda vi skal få hjelp og støtte av rettleiarkorpset på. Rettleiarkorpset er ei ordning der kommunar kan få hjelp til skuleutvikling frå Utdanningsdirektoratet. Rettleiarkorpset skal følgje opp administrasjonen og skulane i opp mot 2,5 år.

## Kompetanse og utdanning.

Prosent årstimer til undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning 2014/2015, 2015/2016, 2016/2017, nasjonalt, Rogaland, våre kommunar, kjelde GSI:

	2014/ 2015	2015/ 2016	2016 /2017	2017/ 2018
Nasjonalt	96,8	96,7	96,0	96,9
Rogaland	96,1	95,7	95,5	95,3
Gjesdal	95,8	94,3	95,3	95,3
Hå	91,0	89,6	90,8	89,8
Klepp	94,5	96,1	95,1	95,6
Time	93,3	92,0	95,8	94,2

Tabellen viser at Hå kommune ligg under dei andre kommunane i høve til andelen utdanna personale. Vi har om lag 10 % av lærarane som ikkje har fullverdig kompetanse. Vi kan heller ikkje sjå nokon klar trend i utviklinga i tabellen over. Det er viktig å få fram at mellombels tilsette i gruppa som undervisar utan å ha godkjent utdanning i stor grad har relevante faglege kvalifikasjoner. Gruppa inkluderer til dømes lærarstudentar som er i utdanning og tilsette som har fagkompetanse, men som manglar pedagogisk utdanning (PPU). Det er 4 lærarar i kommunen som nå tek PPU-utdanninga som vil gje dei godkjent utdanning.

## Kva kan gjerast betre?

- Skulane må følgjast opp betre enn i dag. Dei må både støttast og utfordrast. Tenesteområdet vil ha fokus på skuleutvikling i kommunal regi og gjennom Jærskulen. Dei måla som ligg i mål- og prinsippdokumentet til Jærskulen må haldast fram og tydeleggjerast. «Kvalitetsplan skule» blei laga i 2017. Den set tydelege forventningar til skulane og oppfølging frå leiinga i tenesteområdet. Planen har fokus på dimensjonane læringsmiljø, undervisningspraksis, læringsresultat og organisasjon og leiing. Kommunen vil i tillegg få oppfølging av rettleiarkorpset dei to neste åra på dette området.
- For å heve kvaliteten i skulen og få resultata opp på nasjonalt nivå, er vidareutdanning og kompetanseheving av lærarar viktig. Vi må få så mykje kompetanse som råd er, ut frå dei midla vi nyttar. Skuleåret 2017/2018 deltek 13 lærarar i kompetanse for kvalitet. Dette vil styrke den faglege kompetansen på den enkelte skule. For å rekruttere faglærte lærarar er det i tillegg viktig å gjøre kommunen ennå meir attraktiv som arbeidsplass. Her må me løfta i lag.
- Talet på elevar som blir mobba skal ned til under nasjonalt nivå. Vi vil fortsetje arbeidet med førebyggande tiltak og tidleg handtering. Jærskulen sitt arbeid og fokus på eit trygt skolemiljø, gjennom nettportal, beredskapsteam og mobbeknapp vil hjelpe oss med å halde retninga i 2018.
- Det er god IKT-dekning i skulane. Som eit læringsreiskap vil elevane få Chromebook/bærbar pc som arbeidsreiskap i løpet av skuleåret 17/18. Kommunen vil komme opp på dekningsgrad 1-1 i løpet av 2018. Dette vil legge eit godt grunnlag for auka læring og betra motivasjon. Skulesjefen legg opp til nettverkssamlingar der lærarar skal lære av kvarandre. Saman med superbrukarar på kvar skule sikrar vi eit

felles løft for lærarane, som igjen vil sikre god pedagogisk bruk av digitale hjelpemiddel i skulekvardagen.

- PPT må oppretthalde sitt fokus på det systemretta arbeidet for å hindre at fleire elever treng spesialundervisning. Elevar med enkeltvedtak låser mykje av dei tildelte ressursane til skulane, noko som fører til at fleksibiliteten i den ordinære undervisninga blir mindre.

## Kultur

### Mål og prioriterte oppgåver

- Utvikle biblioteket som møteplass og som arena for læring, oppleving og debatt.
- Ha varierte og aktuelle tilbod om fritidsaktivitet til alle, med særleg vekt på barn og unge og til menneske som av ulike grunnar treng særleg støtte.
- Ta vare på og formidle kulturarven, gjennom arrangement, produksjonar og vedlikehald av verdfulle faste kulturminne som Obrestad fyr og Hå gamle prestegard.
- Støtte opp om arbeidet i organisasjonslivet. I kommunen er det mange veldrivne organisasjonar, idrettsanlegg og kulturbygg. Frivillige lag og organisasjonar knytt til bygga har meir enn 9000 medlemmar under 19 år. Det blir lagt ned om lag 145 årsverk i dugnad.

### Viktigaste hendingar og resultat

#### Biblioteka

- Det totale utlånet i biblioteket gjekk ned med 6,5% i 2017, medan besøket gjekk ned med 12,8%. Utlånet av e-bøker gjekk opp med 34,7%.
- Biblioteket hadde 216 arrangement, av desse var 181 for barn.
- Biblioteket har fått støtte også i 2017 fra Nasjonalbiblioteket til prosjektet «Attraktiv møteplass for nye lånarar». Totalt har Nasjonalbiblioteket gitt 250.000. Midlane har gått til innreiling Litlaståvå på hovudbiblioteket og til utstyr dei andre biblioteka også kan bruke.
- Fra Rogaland fylkeskommune fekk me 97.000 til utvikling av Folkeverkstad, eit nytt tiltak for å utvikle kreativ problemløysing ved bruk av teknologiske verkemidlar.

#### Kulturtorget

- Besøket i Lensmannsløa ungdomsklubb har auka frå om lag 30 til 60 pr. klubbkveld. Vi har framleis eit godt samarbeid med Varhaug og Ogna skule og Vigrestad storskule. Elevar har valfaget sitt i løa.
- Besøket i Loen ungdomsklubb kan vera opp mot 70 pr. kveld. Det har vore til god hjelp at me fekk to lærlingar i klubbanne.
- Mange ungdommar har ønska seg eit kommunalt tilbod sør i kommunen. Budsjetttrammene tillåt ikkje tilbod som i Loen og Lensmannsløa, men me har starta

eit samarbeid med Kafè Torjå på Vigrestad om ungdomskveldar ein gong pr. månad. Første kveld kom 50 ungdom.

- Ungdomsrådet hadde i 8 styremøter i 2017. Ungdomsrådet var mellom anna med på Brusand då «NRK Sommartoget» kom.
- To ungdommar og ein leiar var med på utveksling til Reykjavik, med støtte frå EU sitt program Erasmus+.
- Seniorkafé på Nærøbø hadde 32 arrangement, med besøk på mellom 20 og 80 kvar gong.
- Det har vore 36 konserter og musikkaktivitetar i dei ulike eldreibutikane, i regi av Den kulturelle spaserstokken.
- 2.788 elevar har i 2017 vore med på ulike konserter og verkstader i Den kulturelle skulesekken. I desse opplegga bidreg lokale utøvarar, biblioteket, kulturskulen og Hå gamle prestegard.
- Frivilligcentralen hadde 4.800 deltakarar på ulike arrangement. Dei frivillige bruker i underkant av 5 årsverk på aktivitetane sine. Frivilligcentralen har om lag 20 aktivitetar og det er i underkant av 100 registrerte frivillige.
- Kulturskulen hadde på det meste 463 elevplassar i aktivitet. Kulturskulen har vore involvert i fleire store produksjonar: Operaen Brundibar, musicalen Into the Woods og Handels Messias blei sett av 2.500.
- Kulturskulen bidrog med produksjonar for Den kulturelle spaserstokken, Den kulturelle skulesekken og festivalen Ogna Gje Jazz.
- Kulturskulen ga ut ein CD, Ung Opera, med våre eigne talentar.
- Kulturskulen har særleg fokus på særskilte grupper som treng kulturtildeling, mellom anna for elevar frå Møllerhaugen og ATO ved Bø skule.
- Kulturkafeen for menneske som treng særleg støtte hadde 2238 besøk, om lag det same som i 2016. Besøket på friluftsdagen gjekk opp med 100 deltakarar, til 360. Dei ulike vennegruppene har mange ulike aktivitetar i friluft og i Kulturtorget.

#### *Kulturvern, Hå gamle prestegard og Obrestad fyr*

- På Hå gamle prestegard blei det vist 18 utstillingar, mellom anna MULTIPLY – Norske kunsthåndverkarar si årsutstilling og Power to the Bees - Bia si historie i kunsten og som viktig naturressurs.
- På Hå gamle prestegard var det 35 arrangement, som vandring i utstillingane, føredrag og konserter, mellom anna med VAMP. Best besøkte var Haustmarknad og 2. påskedag for familiar.
- Alle 6. klassane i Hå var på besøk på prestegarden i regi av Den kulturelle skulesekken. Tema i 2017 var formgjeving.
- På Obrestad fyr blei kjellar i fyrbygning tørka ut, det var tiltak mot soppangrep og ny fuging og kalking (jf. Handlingsplan 2014 – 2020). Dette arbeidet gjekk over både 2016 og 2017.

- Arbeidet med revidering av kulturminneplan er meir omfattande enn først tenkt. Det var utarbeiding av digitale mapper, kontakt med huseigarar og nyfotografering. Kvaliteten på planen blir betydeleg betre ved meirarbeidet.

### *Internasjonalisering, friluft og anna*

- Erasmus+ prosjektet CLAE – Europeisk skuleutviklingsprosjekt går over åra 2016 – 2019. Målet er å styrke elevane si kritiske tenking.
- I 2018 skal det arrangerast nytt Tall Ships Races i Sirevåg. Som eit delprosjekt arrangerte komiteen skutefest med Christian Radich i juli 2017.
- I 2017 var det 219 nye deltakarar i Folkepulse. De store idrettslagene og Ogna golfklubb er med på dette.
- Turstiane langs Kongevegen og i Synesvardenområdet har blitt vedlikehalde. Merking og informasjonsskilt er fornya. Elevar ved Møllerhaugen og deltakar i Ungdom ut i arbeid-prosjektet har vore med på mykje av arbeidet.

### *Kva kan gjerast betre?*

Utlån og besøk i biblioteket gjekk ned også i 2017. Dette skuldast at Vigrestad var stengt og nedskjeringar i personalressurs. Me måtte også redusere opningstidene. Hå kommune sin modell med mange filialar er kostnadskrevjande. Det bør vurderast automatisering av tenester, slik at ein kan halde lenger oppe. Investeringskostnader kan komme opp mot 0,75 mill kroner per filial. Men dette fører ikkje nødvendigvis til innsparinger i driftskostnader, men vi får auka opningstidene. Automatisering kan ikkje erstatte den gode bibliotekaren, med brei kunnskap til å rettleie brukarane. I biblioteket er berre ein del av tenestene utlån av bøker. Det er utlån som kan automatiserast.

Biblioteket har fått eit flott lokale i Litlaståvå, takka vere eksterne midlar. Lokalet er fleksibelt og kan brukast til både store og små arrangement. Besøket på dei ulike arrangementa er vanlegvis høgt. Dette er eit nytt, populært tilskot til kulturtildoda i kommunen.

Den høge aktiviteten i Kulturskulen gjer det krevjande å ikkje ha eigne lokale tilpassa behov for øvingar, samt at dei tilsette ikkje har tenlege arbeids- og øvingsplassar. Det er store utfordringar knytt til lokala i Torlandsvegen 14 på Nærbø. Rehabilitering av Kulturtorget på Vigrestad har også trekt ut i tid.

Besøket i klubbanne i Loen og Lensmannsløa er nå så høgt at det set stort press på dei tilsette. Ungdomsklubbar er opne arenaer med låg terskel for deltaking. Det har ikkje vore kommunal klubb sør i kommunen på mange år, men grunna samarbeid med private har me fått til eit forsøk med klubb på Vigrestad.

Det ligg eit stort potensiale i å nytte anlegga på Hå gamle prestegard og Obrestad fyr meir aktivt. Eitt av tiltaka kan vere å isolere løene og innreie til større arrangement og klasserom. Isolering vil også hjelpe på varmetap i bygga. Vedlikehald er eit kontinuerleg arbeid, som blir høgt prioritert, det same er brannsikring.

Frivilligsentralen har ein tilsett. Dette gjer sentralen sårbar og utan støttande fagmiljø. Ein bør vurdere å knytte organiseringa opp mot større nettverk, med deltaking i faglege utval og

prosjekt. Likeeins involvering i fagmiljø som arbeider førebyggjande og med folkehelse. Det ligg også eit stort framtidig potensiale i frivillig arbeid opp mot tenester som kan løfte livskvaliteten til eldre.

## **SLT** (*Samordning av lokale rus og kriminalitetsførebyggjande tiltak*)

Målgruppa er barn/unge 0-20 år.

### Viktigaste hendingar

Nærpolitireforma er trådd i kraft. Vi har fått Jæren lensmannskontor. SLT har forventingar om at det kriminalitetsførebyggjande arbeidet blir styrka med reforma.

Oppstart av tverrfagleg samarbeidsprosjekt mellom tenesteområda opplæring og kultur og helse og sosial. Det er eit mål å sikra at barn det er bekymring rundt, tidleg blir identifisert og følgt opp. Eit anna mål er å rasjonalisera, gjera arbeidet meir effektivt.

SLT:

- er representert i Jærskulen sitt beredskapsteam mot mobbing
- er med i kommunen sitt skulevegringsteam.
- har delteke saman med politiet med føredrag for russe
- har delteke på foreldremøter pga. negativt ungdomsmiljø
- har hausten -17 gått oppsøkande ute i ungdomsmiljøet på Jæren. Det er etablert samarbeid rundt utfordrande ungdommar på tvers av kommunegrensene
- har vore med og etablert samarbeid med Bryne v.g. skule om overgangsrutinar
- har arrangert «Bli kjent kveldar» i overgang barneskule og ungdomskule saman med fritid
- har etablert rutinar i kommunen for oppfølging av ungdommar på frivillig ungdomskontrakt og påtaleunnlating med vilkår

Det blir satsa vidare på psykisk helse og samtalegrupper på alle ungdomsskulane.

Fem barnehagar har delteke i forelderrettleiingsprogrammet *Saman om god oppvekst!*

Kommunen har fått prosjektmidlar til ein ALLEMED-koordinator (50 %) for skuleåret 2017-2018. Målet med prosjektet er at alle barn som lever i inntektsfattige familiar skal kunna delta i minst ein fritidsaktivitet.

## Kva kan gjerast betre?

- Samarbeidet med konfliktrådet Sør-Rogaland er utfordrande. På grunn av manglande ressursar klarer ikkje konfliktrådet følgja opp straffereaksjonane ungdomsoppfølging og ungdomsstraff.
- Det er godt samarbeid med helse og sosial i kommunen når det gjeld rusprøvetaking av ungdom, men det må arbeidast vidare med ordningar som fører til at ungdom som går på vidaregåande skule, ikkje må få fråvær når dei skal ta rusprøvar.
- Vi må få eit enda betre samarbeid mellom SLT og politiet. Når politiet har fått på plass folk i nye stillingar knytt til nærpoltireforma, må det bli faste møtetidspunkt mellom SLT og politiet.
- Resultatet av oppsøkjande arbeid hausten-17, viser at natteramnane må endra rutinane sine. Dei må vera ute når ungdommen er ute.



Foto: Anne Lise Norheim

# Helse- og sosialsaker

*Utgiftene og trong for helse og omsorgstenester aukar meir enn inntektene. Dette har kravd ei nøyre vurdering av fordeling av ressursar mellom avdelingane og fleksibilitet frå organisasjonen.*

## Mål og prioriterte oppgåver

Hovudmåla var og for 2017 å sikre dei eldre ein trygg livssituasjon, og sikre eit forsvarleg tilbod til dei som har særskilte og samansette behov.

## Viktigaste hendingar og resultat

### Oversikt over driftsutgifter og driftsinntekter

Helse- og sosialsaker Millionar kroner	Rekneskap			Budsjett	
	2015	2016	2017	2017 *)	2017
Driftsutgifter	528,1	582,0	596,3	602,5	572,7
Driftsinntekter	-192,6	-229,4	-224,6	-218,4	-190,5
<b>Netto ramme</b>	<b>335,5</b>	<b>352,6</b>	<b>371,7</b>	<b>384,2</b>	<b>382,2</b>

\*) Budsjett inkl. endringar

Sluttresultatet for tenesteområdet syner eit overskot på om lag 12,5 millionar kroner i 2017, mot 25,6 millionar kroner i 2016.

Hovudårsaka til mindreforbruket i forhold til justert budsjett er vist i tabellen nedanfor.

Forklaring	Mill kr	
Legetenesta	2,6	Meirinntekter frå Helfo: 1,9 mill kr lege og 0,7 mill kr fysio/ergo. 0,2 mill kr i meirforbruk leger og 0,2 mill kr i mindreforbruk fys/e
Institusjonspleie	2,5	Særskilte meirinntekter og lågare kostnad på Vinkelbygget.
Heimetenestene	2,8	Heimesjukepleie 1,5 mill kr i meirinntekter Heimehjelp 1,3 mill kr i lågare kostnad
Barnevernet totalt	1,2	Mindreforbruk etter budsjettauke på om lag 2 mill kr i løpet av 2017.
Anna mindreforbruk	2,4	Omsorgslønn 0,5 mill kr, adm. 0,3 mill kr, lærlingar 0,5 mill kr Funksjonshemma 0,8 mill kr. Asylmottak 0,3 mill kr
Anna meirinntekter	1,0	Kompetansemidlar 0,6 mill kr meir enn budsjettet. Asylmottak 0,4 mill kr i meirinntekter
<b>SUM mindreforbruk</b>	<b>12,5</b>	

Helse- og sosialtenesta legg vedtatt kommuneplan om ei bærekraftig utvikling, samt politisk vedtekne fagplanar til grunn for si styring. Det er stor budsjettdisiplin innan tenesteområdet. For å kunne sette inn ekstra ressursar i ei avdeling når det er nødvendig, må vi være nøkterne i det daglige.

Tenesteområdet hadde i 2017 opphavleg 528,1 stillingsheimlar og eit driftsbudsjett på 573 mill kroner samanlikna med opphavleg 520,1 stillingsheimlar og eit driftsbudsjett på 550 mill kroner i 2016. Det er i 2017 skifta turnussystem for timeføring for tilsette som arbeider turnus.

### Klager

- Innan pleie og omsorg er det mottatt 6 klagar i 2017 etter lov om kommunale helse- og omsorgstenester, mot 13 klagar i 2016. Alle 6 er sendt vidare til Fylkesmannen.
- Psykisk helse og rusvern har mottatt 1 klage i 2017, denne er tatt til følgje/justert. For 2016 blei det mottatt 1 klage.
- Det er mottatt 3 klagar i enhet for funksjonshemma i 2017 etter lov om helse- og omsorgstjenester. 2 er vidaresendt til fylkesmannen, og 1 er under behandling i kommunen.
- Helsetenesta har mottatt 18 klagar i 2017, mot 13 klagar i 2016.
- NAV har mottatt 7 klagar på vedtak, i 3 av sakene måtte NAV Hå oppheva vedtaket og vurdera saka på ny.

### Helsetenesta

**Legetenesta:** På tampen av 2017 blei det tilsett fastlege i ny heimel på Varhaug. Denne starta opp 01.01.2018. Med denne stillinga er det 18 kommunale og 1 privat fastlegeheimel i kommunen, i tillegg til turnuslegen. Det er ledige listeplasser på alle dei tre kommunale legekontora. 15 av fastlegane er spesialistar i allmennmedisin, dei resterande 4 er godt i gang med spesialisering. Vi har i 2017 hatt inne 4 vikarar som alle er under utdanning som spesialistar i allmennmedisin. Legekontoret på Vigrestad fekk ved ombygging utvida skadestova for å betra arbeidstilhøva rundt akutte pasientar. Dei fire kommunale legekontora har tatt i bruk ultralyddiagnostikk som ein del av det daglege arbeidet. Det er teke i bruk digital timebestilling ved alle legekontora.

**Fengselshelsetenesta** har to legar fordelt på 70% stilling, 4 fulltids sjukepleiestillingar, 40% fysiotapeut og psykiater/psykolog i til saman 60% stilling. Psykolog/psykiater er tilsett på SUS.

Fangar med store helseproblem blir plasserte på Åna framfor dei mindre fengsla.

I 2017 blei det gjort 465 innkomesamtalar ved sjukepleiarar. I 2016 var talet 505 og i 2015 555. Det fallande talet skuldast aukande lengde på dom. Dette har igjen bakgrunn i meir alvorleg kriminalitet. Det var i 2017 47 fangar som fekk legemiddelassistert behandling mot kronisk rusmisbruk satt i verk av 3 helseføretak: Helse Stavanger, Helse Fonna og Sørlandet sykehus HF.

I 2017 hadde 11 fangar handikap/ sjukdomar med så store pleiebehov/ behandlingsbehov at omframt tilsyn/ dagleg direkte hjelp frå sjukepleiar var naudsynt. Av desse trøng 3 personar hjelp frå heimesjukpleie utanom fengselshelsetenesta si opningstid.

**Legevakta** har i 2017 gjennomført ROS analyse for heile tenesta med fokus på tilbodet på Bekkeheien. Det er på bakgrunn av dette tilført midlar som gjer at det frå 01.02.2018 vil vera to sjukepleiarar på vakt det meste av opningstida her. Unntaket er natta. Det var i 2017 totalt

29.436 innkomande telefonar mot 29.254 i 2016. På legesida ser vi at færre av dei faste legane deltek i legevakt, men gjer vakta si vekk til eksterne vikarar. Grunngjevinga er travle vakter og ynskje om å halda arbeidstida ned mot vanleg 100 % stilling. Vi har ein fast vikarpool på 7 eksterne vaktlegar. 2 av desse er til dagleg allmennlegar i andre kommunar. Vi har starta arbeidet med å rigga oss for å imøtekoma krava i den nye akuttforskrifta som trår i kraft trinnvis frå 01.05.2018. Det er i 2017 gjennomført brukarundersøking.

**Fysio- og ergoterapitenesta** har totalt gitt 7.062 konsultasjonar til 861 pasientar, mot 7.199 konsultasjonar til 831 pasientar i 2016. Av disse 861 pasientane var 137 pasientar barn som blei vist vidare av helsestasjon- og/eller skulehelsetenesta og som hadde 451 (av 7.062) konsultasjonar. Ergoterapitenesta har gitt 563 konsultasjonar i løpet av året, mot 531 i 2016. Syn- og hørselskontakt har gitt bistand til 129 personar, mot 107 personar i 2016. Totalt har fysio- og ergoterapitenesta hatt 1.659 tilvisingar i løpet av året, mot 1626 i 2016. I 2017 har 203 pasientar fått tilbod i gruppetrening (184 i 2016), 190 i varmtvannsbasseng (av dei 45 barn) og 19 barn i terapiriding i 2016. Tidsbruk til innrapportering av eigendel til Helfo etter endra regelverk pr. 01.01.17 og lengre reisetid til varmtvannsbasseng på Nærland har hatt negativ innverknad på tal konsultasjonar og/eller ventetid.

Det har vore 17 personar med aktiv individuell plan i løpet av året, mot 25 personar i 2017.

**Friskliv- og meistringssenteret** har i 2017 hatt 88 nye tilvisingar mot 83 i 2016.

Frisklivssentralen samarbeider tett med frisklivssentralane i Klepp, Time og Gjesdal, og har ein felles nettportal «Friskliv Jæren». Kurs blir arrangert på tvers av kommunegrensene. Det er arrangert seks kosthaldskurs og ingen røykesluttkurs dette året, mot åtte kosthaldskurs og eitt røykesluttkurs i 2016. Det er også arrangert tre søvnkurs og to kurs i livsstyrketrening, samt to strukturkurs. Friskliv- og meistringssenteret samarbeider med Jæren DPS og nabokommunane om «Aktiv på dagtid». «Aktiv på dagtid» har pr. 31.12. i 2017 264 medlemmer som kan nytta seg av 17 ulike treningar. Friskliv Jæren har arrangert to temasamlingar i 2017, ei om søvn og ei om sjølvkjensle. Temasamlingane har samla om lag 100-200 deltakrar.

**Miljøretta helsevern.** Kommuneoverlegen møter fast i planressursgruppe og gjer uttale til planar og synfaring ved barnehagar og skular. Når det gjeld tilsynsarbeidet blir dette i stor grad utført av miljøhygienikar som er knyta til Brannvesenet i Sør Rogaland. Vi er i rute i høve til krav om godkjenning av skular og barnehagar, samt tilsyn med desse om lag kvart tredje år. Det blir utført badevatn prøvar i samarbeid med teknisk om sommaren på same nivå som tidlegare år. Det er lite innbyggjarklager til miljøretta helsevern.

**Smittevern:** Det har det ikkje vore større smittesaker i 2017. Campylobakter er den klart vanlegaste meldepliktige sjukdomen. Det er høg oppmøteandel av tilflyttarar med plikt til tuberkuloseundersøking.

## Helsestasjonane

Skulehelsetenesta og jordmortenesta arbeider med internkontroll og kvalitetssikring av tenestene. Det er gjennomført brukarundersøking ved helsestasjonane.

Talet på fødslar i kommunen har vore 280, mot 270 i 2016.

I 2017 har 215 nye gravide har vore til konsultasjon hos jordmor, i 2016 var dette talet 175\*.

\*Forklaringa på forskjellen er ulik tellemåte.

Det er gitt reisevaksine til 326 personar, mot 316 i 2016. Det har vore totalt 611 reisevaksinekonsultasjonar, mot 599 reisevaksinekonsultasjonar i 2016.

I «Hopp i Hå», som er eit opprenings- og meistringstilbod til overvektige barn og deira føresette, har 25 personar deltatt i 2017, mot 29 personar i 2016. Prosjektet er drive av helsestasjonen i samarbeid med fysioterapitenesta og Friskliv- og meistringssenteret.

**Helsestasjon for ungdom (HFU)** er for ungdom frå 13-20 år, er lokalisert på Nærø og har ope 2 timer i veka. Talet på konsultasjonar i 2017 har vore 539 der 18 var telefonkonsultasjonar, for 2016 var talet 279. 96,2% var jenter mot 93% i 2016. Den sterke auken skuldast HPV – vaksinering. Det er satt 378 doser HPV i 2017, mot 64 i 2016.

Bakgrunnen for auka her er at styresmaktene har introdusert tilbod om denne vaksina til ei større gruppe enn før.

Målet er undervising av alle 10. klassar i kommunen. HPV-vaksinasjon starta opp den 7.11.16. Det blei tatt 43 (56) testar for kjønnssjukdom SOI ved HFU i 2017. Andelen positive prøver er høg.


*Fordeling av besökande på helsestasjon for ungdom:*

	2016	2017
Nærø	176	273
Varhaug	23	64
Vigrestad	18	77
Brusand/Ogna/Sirevåg	16	53
Andre kommunar (Tryggheimselevar)	46	72
<b>Sum besökande</b>	<b>279</b>	<b>539</b>

Ved ordinær avdeling i mottaket på Nærland gjennomførte helsesøster 64 førstegongssamtalar der 31 var med einslege mindreårige. Dei fleste som kom til Hå mottak i 2017 hadde vore innom fleire mottak tidligare. Alle blei kalla inn til ein velkomst- og kartleggingssamtale i tillegg til dei som kom rett frå transittmottak og hadde rett til 1 gongs undersøking hos lege og sjukepleiar.

Avdelinga for EM (einslege mindreårige) blei lagt ned i november i 2017. Helsesyster har ved utgangen av 2017 ansvar for 7 familiar, totalt 18 personar, som bur på mottaket.

## Barnevern



I 2017 var det 254 bekymringsmeldingar mot 324 i 2016. Alle meldingane blir gått gjennom innan fristen og alle saker blir gått gjennom i fagteam. Dei fleste meldingane kjem frå skule, barnehage, politi eller frå barnet sitt nettverk.

Vi har auka fokuset på familieråd og nettverksmøter for å hindra akuttplasseringar. Vi ønskjer å finne løysingar som er minst mogleg inngripande i alle saker .

Ennå er ein stor del av førespurnadane til barnevernet knytt til foreldrekonflikt. Dette er kompliserte saker der spørsmål om partsinnsyn og informasjon ofte må tas opp med advokat.

	2013	2014	2015	2016	2017
Bekymringsmeldingar *	257	324	235	324	254
Nye undersøkingar	170	228	207	260	212
Avslutta undersøkingar	128	189	227	242	239
Henlagte undersøkingar	50	113	121	136	140

\* I tillegg kjem meldingar i opne og bortlagte saker

Før ei eventuell omsorgsovertaking er ulike hjelpetiltak utprøvd.

	2013	2014	2015	2016	2017
Barn i hjelpetiltak	98	98	113	145	131
Barn i institusjon, utan samtykke	0	0	1	1	1
Barn i institusjon, med samtykke	1	1	0	0	1
Midlertidig vedtak i akuttsituasjon	5	5	6	8	6
Fosterbarn kommunen har tilsynsansvar for (plassert av andre kommunar + Hå)	75	75	73	78	98
Barn plassert i fosterheim frå Hå	23	25	26	41*	45

Inkludert 12 einslege mindreårige (EM)

## Omsorgstenesta

Det er eit mål at grupper med særskilde behov skal integrerast på best mogleg måte i lokalsamfunnet. Det vil si i eigne bustader og leva mest mogleg sjølvstendig.

Pleie- og omsorgstenesta har teke imot alle pasientar frå sjukehuset som er klare til utskriving. Fagteamma fungerer tilfredsstillande, og det er ein god flyt mellom dei ulike tenestene. Samarbeid mellom både sjukehus, samt andre tenesteområde i kommunen er i fokus. Det er gjennomført brukarundersøkingar i 2017 for bebuarar og pårørande i institusjon, og brukarar dagsentra. Det er utført internrevisjon ved Olsvoll bu- og velferdssenter.

Tabellen syner talet på personar som har fått tenester frå kommunen si heimeteneste.

	2013	2014	2015	2016	2017
Heimesjukepleie	420	424	420	440	292*
Praktisk bistand	357	313	308	268	226

Tabellen viser berre heimesjukepleie levert av heimetenesta. Tidlegare har vi gått ut frå kva som blir rekna som heimesjukepleie i IPLOS (Individbasert pleie- og omsorgsstatistikk). Da har heimesjukepleie levert i bustadar som er bemanna heile døgnet og kvardagsrehabilitering og med. Tala gjev eit betre bilet på kvar teneste når vi deler det opp. Tenesta praktisk bistand går ned også i 2017.

Tabellen under syner talet på personar med dei ulike tenestene pr. 31.desember for kvart år på Hå sjukeheim, Klokkarhagen sjukeheim og Heimtun.

	2013	2014	2015	2016	2017
Langtid	101	110	110	110	110
Avlastning	16	22	15	13	12
Avslag søknadar langtidsplass	16	11	4	3	1
Klagar avslag søknad om langtidsplass	1	2	2	-	1
Snitt butid langtidsplass	3 år	2,4 år	2,6 år	2,6 år	2,5 år

162 personar har hatt korttidsopphald i løpet av året, samanlikna med 163 året før.

Frå 1.1.2017 blei det ei endring i tenesta øyeblikkeleg hjelp. Kommunane skal også tilby øyeblikkeleg hjelp psykisk helse og rusvern.

Øyeblikkeleg hjelp somatisk (tal frå 2016 i parentes): Det har vore 174 (143) innleggningar ved øyeblikkeleg hjelp, fordelt på 110 (118) personar. Hovuddelen blir skrivne ut til korttidsopphald ved sjukeheim eller til eigen heim. 12 (17) blei innlagt på sjukehus.

Øyeblikkeleg hjelp psykisk helse og rusvern: 14 personer fordelt på 26 innleggningar.


Totalt har 124 personar fått tilbod om øyeblikkeleg hjelp fordelt på 200 innleggningar. Samanlikna fekk 118 personar tilbod om øyeblikkeleg gjennom 143 opphald i 2016.

66 personar har motteke lindrande behandling i heimen, mot 61 i 2016.

Tenesteområdet sine dagavdelingar for eldre gjev aktivitetstilbod og fungerer samtidig som avlastning for pårørande, heimetenesta og institusjonane. Totalt 92 personar har hatt vedtak om tenesta, mot 84 i 2016.

**Kvardagsrehabiliteringa** har nå vore i drift i 2 år. Det er i 2017 motteke 60 henvendingar mot 73 i 2016. Det er fleire deltakarar som har fått innvilga tenester. Tenesta er blitt betre kjent i kommunen og det er no lettare å vurdera om deltakarar er aktuelle for denne typen teneste, noko som igjen gjer at teamet unngår å gå på vurderingsbesøk der kandidatane ikkje er aktuelle.

## Oversikt henvisningar 2017 og 2016



I enhet for funksjonshemma er det inngått samarbeid med VID (vitenskapelig høyskole) om å søke offentlig Ph.D (filosofisk doktorgrad) for å gjennomføre et forskningsprosjekt. Innovasjonsprosjektet «Å arbeide i andres hjem» er vidareført. Vi ser at behova er meir samansette enn tidlegare.

Dagsenteret for psykisk utviklingshemma har eit godt og variert tilbod. 23 personar nyttar denne tenesta i året som gjekk, mot 26 i 2016. Dette talet er venta auka i 2018. Dagsenteret for psykisk utviklingshemma inkluderer Grøn omsorg.

Blåbærtua avlastningsbustad har totalkapasitet på 2.190 avlastningsdøgn pr. år.

	2013	2014	2015	2016	2017
Blåbærtua – brukarar	14	14	15	17	17
Blåbærtua avlasting døgn	900	936	1 024	1 135	1 127
Privat avlasting	18	27	36	36	39
Støttekontakt	*	*		114	118
Omsorgsstønad – personar	20	21	22	18	17
Brukarstyrd personleg ass (BPA)*	2	3	4	3	4

Det har vore 160 heimebuande funksjonshemma med tenester i løpet av året, mot 157 i 2016. Av desse er 84 under 18 år, mot 85 i 2016.

Det er 8 bufellesskap i kommunen med til saman 50 leilegheiter. 6 av desse har døgnbemanning. I 2017 var det 1 personar som flytta inn i leilegheit, mot 0 i 2016. Kommunen har i dag 4 barnebustader.

I tillegg bur 7 (7) i bustad utan personalbase, men mottar tenester. Tenestene er i hovudsak gjevne av personale frå nærliggjande bufellesskap.

## **Psykisk helse og rusvern**

Psykisk helse og rusvern har framleis fokus på recoverybaserte tenester. Saman med 14 andre kommunar deltok avdelinga i eit læringsnettverk i regi av blant anna KS og Fylkesmannen i Rogaland. Sjølv om nettverket blei avslutta 2017, fortset samarbeidet med dei andre kommunane på Nord-Jæren og Dalane.

Det blei gjennomført forvaltningsrevisjon i avdelinga og oppfølgingsarbeidet er godt i gong.

Revisjonsrapporten peikar på fire områder som avdelinga arbeider nærmare med:

- tiltak for å redusera prosentandelen personer med psykiske helse- og/eller rusproblem i aldersgruppa 18-24 år.
- auka andelen brukarar med individuell plan.
- vurdera korleis jobbtilbodet til personar med psykiske helse- og/eller rusproblem kan styrkas.
- betra evalueringa av tiltak, vurdera om eksterne instansar i større grad bør involveras.

Psykisk helse og rusvern har gitt tenester til totalt 374 personar i 2017, mot 335 i 2016. Forutan heimetenesta omfattar dette gruppertilbod, kurs og støtte- og treningskontakt. 18 personar har fått institusjonstenestar (inkludert midlertidig opphold, krisepllass) på Vinkelbygget, 17 (17)\* personar har hatt bustad i hybelhuset (HH) og 7 personar har nytta krisehybel på Hybelhuset og 2 personar har nytta krisebustad (ikkje på HH).

**Heimetenesta** har i 2017 gjennomført kurs i belastningsmestring (KiB) for 17 personer og hatt for samtaler til kurs (FTK) med 31 personer. Heimetenesta har i 2017 utført 224 kartleggingar, mot 195 i 2016. Dette talet stig framleis.

**Rusverntenesta** har hatt 65 brukarar i 2017. Det er starta opp Mestringgruppe og gjennomført brukarundersøking i gruppa (fokusgruppeintervju). 76 klientar, som i 2016. Brukarplanundersøkinga frå 2017 syner at Hå kommune framleis har ein stor del unge rusmisbrukarar.

Det interkommunale prosjektet innafor rusvern, «Ny Start» er no under oppstart, prosjektleiar blei tilsett hausten 2017.

**Flyktningenheten** starta opp 01.03.16 i Jadarvegen 5 på Nærø. I 2017 er det busett 37 vaksne og familiær og en einsleg mindreårig som kom saman med storebror. To av desse familiene kom rett frå flyktningleir i Libanon og Tyrkia. I tillegg til desse har vi tatt imot 3 familiær på familiegjenforeining, tre vaksne og åtte barn. Vi har 92 deltakarar i introduksjonsordninga. Dei kjem frå 11 land. Dei største landa er Syria, Eritrea og Somalia.

**Familiesenteret** har ytt tenester til totalt 364 personer, av disse er 118 barn og unge i alderen 6 - 17 år, 229 stk. i alderen 18-49 år og 17 i alderen 50-66 år. 103 menn og 261 kvinner. Det er ytt 368 tenester innan psykisk helse – barn og unge. Familiesenteret har hatt 266 førespurnadar, av disse er 185 nye, 75 er re-inntak.

Det er gitt gruppertilbod til foreldre i Circle of Security<sup>\*)</sup>, to grupper, ei på vårparten og ei på hausten, totalt 18 stk.

Familiesenteret har og hatt to grupper for jenter i alderen 11- 12 år og 13-14 år, Varhaug barneskole og Ogna skule totalt 19 stk. I tillegg er det gitt gitt ein kortversjon av kurset Circle of Security Parenting for mødre i introduksjonsprogrammet, fordelt på to omgangar. Totalt 17 stk.

\*) Foreldreveiledningskurset Circle of Security (COS), trygghetssirkelen, skal gi foreldre et verktøy til å forstå bedre hvilke behov barn har, hvilke signaler de gir og hva foreldre kan gjøre for å møte disse behovene bedre.)

### Kommunale bustader

Talet på søkjrarar til kommunale bustader for vanskelegstilte var totalt 89 i 2017, mot 107 i 2016. Av disse var det 50 nye søknader (dvs. søkerarar som ikkje budde i kommunal bustad på søknadstidspunktet).

### NAV/sosialtenesta

Tabellen under syner talet på stønadsmottakarar og fordeling på stønadstypar.

	2013	2014	2015	2016	2017	Endring
Økonomisk sosialhjelp kroner	10 028 221	9 229 299	12 262 642	13 537 899	14 410 088	872 189
Sum stønadsmottakarar	227	291	324	308	320	12
Sosialhjelp flyktning (0-5 år) kroner	1 400 000	2 873 378	3 972 049	5 369 250	6 561 258	1 192 008
Sum stønadsmottakarar		57	77	119	84	-35

Det er gitt gjeldsrådgjeving til 105 personar i løpet av året, mot 90 i 2016.

Utgiftene til økonomisk sosialhjelp har auka både til ordinær sosialhjelp og til flyktningane. Kommunen har teke imot 38 flyktningar i 2017 kor av ein einsleg mindreårig, like mange som i 2016. Dei har rett på mellom anna tilskot til etablering og til livsopphald/husleige frå busettingstidspunkt og fram til start av introduksjonsprogrammet. Her får deltarane utbetalt introduksjonsstønad, med noko supplerande til livsopphald.

Det har vore 19 deltararar i Kvalifiseringsprogrammet (KVP) i 2017, mot 25 i 2016.

30 personar har vore sysselsette i varig tilrettelagde arbeidsplassar (VTA), mot 29 i 2016. I tillegg er det 4 personar med varig tilrettelagt arbeid i ordinær bedrift, av dei totalt 9 plassane kommunen har til disposisjon. Vi fekk tildelt 5 nye plasser hausten 2017 og er i gang med kartlegging og innsøking av nye kandidatar.

Ungdomsledigheita i HÅ har halde seg på eit forholdsvis stabilt nivå også i løpet av 2017, men har hatt ein topp på over 100 ledige i januar/ februar 2017.

Det har vore ein auke i bruk av tiltaksplasser for dei unge i heile 2016 og 2017. Dette har mellom anna ført til at vi har klart å halde talet på unge ledige på eit forholdsvis jamt nivå over fleire år, trass i nedgangstidene som har vore.

I desember 2017 var det 101 unge med nedsett arbeidsevne og rett til AAP (arbeidsavklaringspengar). Dette er ein auke frå desember 2015 då talet var 79. Ved inngangen til 2018 var talet 91.

Vi har klart å kartlegge mange unge i forhold til behandlingsbehov og utprøving av arbeidsevner. Dette gjer at mange fleire unge får rett til arbeidsavklaringspengar i staden for sosialhjelp. Eit rett steg på vegen kan være ein arbeidspraksis som avklarar arbeidsevner.

Framleis klarar vi å skaffe ordinært arbeid til mange unge gjennom ein kort periode i arbeidstrening. I nokre tilfelle er helseutfordringane så store at vi ikkje lukkast, og må få etablert eit behandlingstilbod for å avklara helsesituasjonen.

Talet på unge uføre i Hå har halde seg stabilt lågt over fleire år. I september 2017 var det 45 uføre innbyggjarar i Hå under 30 år. Det er 3 fleire enn i 2015. Uføregrada blant dei unge i Hå er 1,9 %, noko som er blant det lågaste nivået i landet.

Vedlikehaldsverkstaden har utført arbeid på oppdrag av tenesteområda i kommunen. Det har vore god tilgang på arbeidsoppgåver. 32 personar har hatt arbeid/arbeidstrening/opplæring i løpet av året, mot 29 året før.

## Andre tenester

**Kjøkken/matombringing:** For å få automatisert utsending av faktura for matombringing er tenestene lagt om til ei abonnementssordning der heimebuande kan abonnere på mat levert på 3 ulike alternativ, 3, 6 eller 7 dagar kvar veke.

Det har vore brukarundersøking om tidspunkt for matservering, anten som nå midt på dagen eller om ettermiddagen. 80 % ønska å ha det som nå.

I brukarundersøkingane for bebuarar i institusjon og brukarar på dagsentra blei det teke inn spørsmål om menyen/maten frå kjøkkenet. Svara som kom inn tek kjøkkenet med i den vidare planlegginga.

Kjøkkenet ved Hå sjukeheim lager ca. 7.560 middagar kvar månad.

Tenesteområdet har 61 bilar, mot 62 bilar i 2016. Det er seld 5 og kjøpt 4 nye bilar, mot 1 seld og 4 kjøpt i 2016.

## Kva kan gjerast betre?

- Fortsette arbeidet med internkontroll med fokus på ROS analyser.
- Fortsette digitaliseringa i helse og sosial. Både ta i bruk fagprogrammer, og sikre god kommunikasjon mellom dei.
- Utgiftene til økonomisk sosialhjelp har auka både til ordinær sosialhjelp og til flyktningane. Kommunen må fortsetja arbeidet med å skaffa arbeid og integrera personar som fell utanfor arbeidslivet.

*Foto: Anne Lise Norheim*



# Tekniske saker og næring

## Mål og prioriteringar

*Tenesteområdet har som målsetting å vera samfunnsutviklar og legga til rette for at kommunen kan veksa på ein måte som sikrar gode levekår og ei berekraftig utvikling. Det skal ytast tenester av god kvalitet, og investeringar skal vera overlevert i rett tid og innanfor godkjente budsjetttrammar. Saksbehandlinga skal vera effektiv og målretta. Det skal vera ein god kommunikasjon med aktuelle partar i saksbehandlinga.»*

## Viktigaste hendingar og resultat

Arbeidet med opparbeiding av veg, teknisk infrastruktur, bustadomter og næringsareal i Stokkalandsmarka blei påbyrja i august 2016. Det er planlagt ferdigstilling av anlegget i mai 2018. Dette vil føre til klargjering av opptil 119 bueiningar og 30 dekar næringsareal.

Arbeidet med omkjøringsveg nordvest for Brusand blei starta opp i mars 2017 og skal vere ferdig i september 2018.

Tiltak med omlegging av Vollbekken blei ferdig i 2017.

Sanering i Opstadvegen blei ferdigstilt i 2017. Saneringsarbeidet i Litlagrøna, Røysvegen – Løgefeltet, på Vigrestad, er godt i gang og er venta ferdig i 2018/2019.

Kloakkering av områda frå Brusand og opp mot Matningsdal og Brusali blei ferdigstilt i 2017, og nærmere 150 bueiningar blei tilknytt offentleg avlaup.

Opparbeiding av næringsområdet i Krusemarka blei ferdig i 2017. Området er tilrettelagt med fjernvarme.

Det skal utarbeidast sentrumsplanar (kommunedelplanar) for alle tettstadene i kommunen. Sentrumsplanar for Nærø og Varhaug er under utarbeiding. Planprogram for Varhaug sentrum blei vedtatt i kommunestyret 14.12.2017, k-sak 086/17. Denne planen legg opp til ein brei medverknadsprosess med bruk av gjestebodsmodellen. Modellen blei gjennomført på Nærø første halvdel av 2017.

Det blei i 2017 arbeida aktivt med klarspråk i tenesteområdet, med workshop og brukartesting.

Det er kjøpt inn eit IT-system for prosjektoppfølging. Dette vil gjera at ein får ein mykje betre oversikt over kostnadsbiletet og framdrift i dei ulike bygge- og anleggsprosjekta.

Det blei oppretta ei eiga prosjektavdeling innanfor tenesteområdet som har fokus på prosjektoppfølging av dei ulike prosjekta, som blir utførte i eigen regi og ved bruk av entreprenørar.

## Generelt

Teknisk og næring Millionar kroner	Rekneskap			Budsjett	
	2015	2016	2017	2017 *)	2017
Driftsutgifter	165,4	173,6	147,0	149,6	138,4
Driftsinntekter	-130,8	-137,2	-108,1	-110,2	-103,8
<b>Netto ramme</b>	<b>34,6</b>	<b>36,4</b>	<b>38,9</b>	<b>39,4</b>	<b>34,6</b>

\*) Budsjett inkl. endringar

Tenesteområdet hadde i 2017 57,9 stillingsheimlar.

Rekneskapen frårekna sjølvkosttenestane (VAR-området) syner eit mindreforbruk på ca. 0,5 mill. kroner.

## Sjølvkostområda

For avløp var det eit meirforbruk på 1,84 mill. kroner. Dette skyldas auka vedlikehald og større levering av avløpsvann enn budsjettet (kr. 438.000) pga. meir nedbør.

For vatn var eit mindreforbruk på 405.000 kroner. Dette skyldast hovudsakleg mindre kjøp av vatn enn budsjettet (kr. 380.000).

Tilsvarande er det for teneste 3030 oppmåling for 2017 eit mindreforbruk på kr. 338.000.

For teneste 3020 byggesak var det eit meirforbruk på kr. 465.000, medan det for teneste 3380 feiing/tilsyn var eit mindreforbruk på kr 54.000.

## Investeringar

Millionar kroner	2013	2014	2015	2016	2017
Teknisk og næring	54,5	83,0	182,6	184,8	202,8

Dei store prosjekta går stort sett etter planen. Utgiftene i 2017 har hovudsakleg gått til bustad- og industriområde (rundt 78 millionar kroner), vass-, avløp- og kloakk (rundt 43 millionar kroner), vegar, trafikksikring og sentrumsutvikling (rundt 73 millionar kroner).

Utval for tekniske saker og næring hadde i 2017 11 møter og behandla 176 saker:

År	Reg.	Deling	Bygg	Klage	Konsesj.	Utb. avt.	Veg/trafikk	Budsjett	Div.	Sum
2017	30	6	32	21	15	3	11	5	53	176
2016	22	7	8	31	8	3	13	6	54	152
2015	26	16	36	44	7	2	6	10	42	189
2014	26	30	52				7			169
2013	35	19	89				9			211
2012	34	34	67				6			206

## Arealplan

Aktivitet	Eining	2013	2014	2015	2016	2017
Godkjende priv. reguleringsplanar	Stk	3	5	5	5	4
Godkjende kom. reguleringsplanar	Stk	5	3	5	4	1

I 2017 blei det arbeida mykje med kommunedelplan for Nærø sentrum. Reguleringsplanar for sentrumsområda på Varhaug, hytteområdet Steinabakken, bustadområde i Hadlandsdalen og fleire masseuttak i kommunen blei høgt prioritert.

Følgjande kommunal reguleringsplan blei godkjend:

- Jærmuseet

Det blei starta arbeid med reguleringsplan for ny barnehage på Brusand i 2016. Geotekniske undersøkingar blei utført i 2017.

Vakante stillingar førte til ei auke i sakshandsamingstid og tapte gebyrinntekter for enkelte private planforslag.

## Byggjesak

I gjeldande bustadbyggingsprogram (Kommuneplanen) var det lagt til grunn at det skulle byggjast 166 bustader i 2017. Det blei ein markert nedgang som truleg i alt vesentleg skuldast utryggleik knytt til den økonomiske utviklinga i regionen.

Aktivitet	Eining	2013	2014	2015	2016	2017
Godkjende bustader (bueiningar)	Stk.	208	171	99	79	92
Saker etter delegasjon	Stk.	502	569	408	352	341
Gitt byggjeløyve	Stk.	362	366	295	267	262
Erklæringer om konsesjonsfridom	Stk.	85	107	101	108	118
Eigedomssopplysningar til meklar	Stk.	364	327	321	280	340

## Kart og oppmåling

Tenesteområdet skal framskaffe og vedlikehalde eit tilfredsstillande kartverk i samsvar med sosi-standarden for kommunen. Arbeidet med adressering av eigedommar, gjennomføring av kart- og delingsforretningar og produksjon av matrikkelbrev er også lagt til avdelinga.

Aktivitet	Eining	2013	2014	2015	2016	2017
Nye matrikkeleiningar	Stk.	235	238	190	74	152
Samanføying av eigedomar	Stk.	20	18	15	13	27

- Det blei tildelt 58 nye vegadresser i kommunen.
- Geovekstprosjekt for oppgradering av laserdata i Norsk digital høgdemodell (NDH) er gjennomført i 2017.

## **Bustadfelt - Stokkalandsmarka**

Det er ved årsskiftet selt tre tomter i siste delfeltet på 32 tomter, i Stokkalandsmarka. Det er i tillegg selt ei tomt i det nye feltet som blei ferdig opparbeida og lagt ut for sal i 2017. Det er også gitt opsjon i to år til 11 forskjellige firma på tomter. Det er eitt år igjen av opsjonen som er gitt til byggefirmaene. Det er per 1.1.2018 33 ledige tomter for sal i Stokkalandsmarka. I slutten av 2017 blei det starta eit heilskapleg arbeid med profilering av Stokkalandsmarka. Dette arbeidet har som mål å synleggjere Stokkalandsmarka betre for innbyggjarane i Hå og i regionen.

## **Næringsområda**

Næringsområdet på Krusemarka på Nærbø, blei ferdig opparbeida i 2017, og området er klar for sal. Næringsområdet i Stokkalandsmarka er venta ferdig i byrjinga av 2018. Det er etter dette ledige næringstomter i alle tettstadane i kommunen. Det blei inngått avtalar om sal av næringstomter til Sirevåg Mekaniske, Roxmann og Jæren Olje i 2017

Det er ført i rekneskapet inntekter på i overkant av 20 millionar for sal av næringstomter i 2017.

## **Trafikksikring**

Ny gang- og sykkelveg etablert i samband med utbygging av Krusemarka industriområde.

Aktivitet	Eining	2017
Gang- og sykkelveg	M	1 000
Fartsdempande tiltak	Stk.	0
Gatelys	Stk.	135

Utført mellombels strakstiltak i Nymannsvegen ved Vigrestad skule.

- Vedtak på to fartsdempande tiltak for 2017 vil bli satt i verk i 2018.
- Det blei tilrettelagt gang- og sykkelveg mellom Båden og Kviamarka i tillegg til lyssetting langs heile strekninga frå fv 158 Skjerpevegen inn til Kviamarka.
- Avtale med Statens vegvesen (SVV) om å overta drift av gatelysa langs fv 44, fv 507 og langs fv 504 frå 1.1.2018 er på plass. SVV monterte nye gatelys langs fv 507 frå kryss med fv 44 – Nærland og langs fv 44 frå Vigre til Grødalstrand. Dei bytta og lys langs fv 44 frå kryss med fv 507 Nærlandvegen – til Høyland skule.

## Veganlegg

I økonomiplanen har fleire store vegprosjekt vore prioriterte for gjennomføring i fleire år. I tillegg til fullførte prosjekt nemnde under avsnitt Trafikksikring, blei opprusting av Skandsabakken/Vågen i Sirevåg fullført. Ny omkjøringsveg nord for Brusand (fv 44 – Stokkalandsvegen) starta opp mars 2017.

Aktivitet	Eining	2013	2014	2015	2016	2017
Kommunale vegar. Nyanlegg	Meter	740	440	800	1 263	650
Reasfaltering	Meter	1 160	2 600	3 234	2 200	3 000
Private vegar med tilskot til grusing	Meter	2 950	1 040	1 950	2 700	2 950

Per 31.12.2017 har Hå kommune 154 km kommunale vegar.

## Parkar og leikeplassar

Kommuneplanen inneholder retningslinjer for planlegging og utforming av grøntdrag og leike- og oppholdsareal i tettstadene. Planen har føresegner om utforming av leike- og oppholdsareal. Med ei tettstadsutvikling med auka satsing på konsentrerte buformer, blir bummiljø og grøntanlegg stadig viktigare.

Det er under utarbeidning ein plan for turnett i Hå kommune som blir lagt frem til politisk behandling i 2018. Den skal visa samanhengande tursamband mellom tettstadene og hovud turområder i kommunen. Tiltaksplanen skal beskrive kva som manglar i desse korridorane for å kome seg trygt fram til startpunktet frå togstasjonane med sykkel eller til fots. Det blei opparbeida to nye leikeplassar i samband med den vidare utviklinga i Stokkelandsmarka.

Aktivitet	Eining	2013	2014	2015	2016	2017
Ferdigstilte leikeplassar	Stk.	1	3	1	-	2

- Opparbeida rasteplass og parkeringsplass på Ogna i samband med prosjektet Nasjonal turistveg Jæren.
- Fleire eksisterande leikeplassar blei oppgradert med nytt utstyr.

## Brann og feiing

Brannvesenet hadde ei auke i talet på utsyrkingar i 2017. Størst auke var det i talet på trafikkulykker, som meir enn dobla seg frå 2016.

Dei siste åra har brannvesenet motteke øyremerka midlar frå staten til utdanning av brannkonstablar. Tilgangen på kursplassar har ikkje vore i tråd med etterspurnaden. 2017 var eit unntak, og det blei utdanna ni brannkonstablar. Ved utgangen av 2017 er det nå 14 konstablar som manglar denne utdanninga.

Aktivitet	Eining	2012	2013	2014	2015	2016
Branntrykkingar	Stk.	140	170	155	139	125
Brannsyn i § 13-bygg	Stk.	160	160	160	158	71
Brannsyn i bustader	Stk.	1 657	1 180	1 265	737	1 989
Piper som blei feia	Stk.	2 003	1 695	1 700	1 907	1 978

Innan brannførebuing har det vore ein del fokus på «Brannløftet». Gjensidigestiftelsen står bak brannløftet. Det har vore ulike søknadsprosessar der brannvesen i Noreg har vorte oppmoda om å søke midlar til ulike brannførebyggjande føremål. Hå brannvesen blei tildelt midlar i to omgangar i 2017. Først kr. 17.000 til eit prosjekt retta mot ungar i barnehage. Prosjektet blei gjennomført i første halvdel av året. I desember fekk brannvesenet på nytt kr. 365.000 frå stiftelsen. Desse pengane er øyremerka og skal nyttas til førebuande føremål i utsette grupper i kommunen. Prosjektet er planlagt gjennomført i løpet av 2018.

Feietenesta blir dekka av ein person i heil stilling. Til feiesesongen inngjekk vi ein avtale med NAV, og feieren hadde med seg ein praksiskandidat.

## Vassverk

For ein kommune med mykje næringsmiddelindustri, er ei god og sikker vassforsyning viktig. I dag har kommunen einsidig forsyning frå IVAR sin hovudleidning som kjem nordfrå og går gjennom kommunen til Hagavatnet, med sideleidning fram til Sirevåg i sør. Reduksjon av lekkasjar, bygging av ringleidningar og utskifting av eldre leidningsanlegg, m.a. eternitleidningar, er viktige tiltak for sikring av ei god vassforsyning. Inndeling av vassnettet i soner med sonevis vassmåling og utskifting av gamle vasskummar er viktige verkemiddel for å avdekke vasslekkasjar.

Aktivitet	Eining	2013	2014	2015	2016	2017
Abonnentar knytte til kom. vassverk	Stk.	6 203	6 620	6 953	7 095	7 245
Lagt vassleidningar i tettstader	Meter	270	2 178	1 874	1 303	864
Lagt vatn i spreidd busetnad	Meter	-	5 119	5 792	1 977	3 728
Lekkasje	%	23	22	26	28	24

- Per 31.12.2017 eig kommunen 296 km vassleidningar.
- Det blei bygd ein ny trykkreduksjonsstasjon i 2017.
- Avtale med IVAR om bygging av høgdebasseng i området rundt Håland på Varhaug, og bygging av ein del forsterkningar i vassnettet blei inngått i 2017. Finansiering av dette ligg for det meste inne i gjeldande økonomiplan.
- Hovudplanen for vatn, avløp og vassmiljø blei lagt fram til politisk behandling i 2017. Endelig godkjenning av planen blei gjort i februar 2018, K-sak 014/18.

## Avløp

Handteringa av overvatnet er ein viktig del av arbeidet med sanering og oppdimensjonering av gamle avløpsanlegg. Hå betalar truleg om lag 2 mill. kroner ekstra for unødvendig reinsing av regnvatn i året (2015-tal). Dette gjeld lekkasje av regnvatn inn i kloakkledningar, for eksempel i form av overløp mellom kloakk og overvassleidningar m.m. Året 2017 har vore eit krevjande år i så måte med mykje nedbør og mange overløp.


Handtering av overvatnet frå tettstadane har blitt meir omfattande og utfordrande grunna auka nedbørintensitet dei siste åra. Arbeidet med å oppdimensjonere overvassleidningar,

fjerna fellessystem, overløp og feilkoplingar er gitt høg prioritet. Hovudplan for vatn, avløp og vassmiljø innehold oversikt over aktuelle tiltak i eit langsiktig perspektiv. Den omfattar også handtering av dei flaumutfordringane kommunen har.

Aktivitet	Eining	2013	2014	2015	2016	2017
Abonnentar knytt til kom. kloakk	Stk.	6 206	6 615	6 664	6 824	6 989
Lagt avløp i tettstader	Meter	270	2 178	6 630	1 755	3 100
Lagt avløp i spreidd busetnad	Meter	-	5 119	6 630	4 241	2 561
Abonnentar med slamtømming	Stk.	397	390	355	330	308

- Per 31.12.2017 eig kommunen 403 km med avløpsleidningar.
- Kloakksanering og vidareføring av ny overvassleidning i Opstadvegen aust for jernbanen blei ferdig i 2017.
- Sanering i Litlagrønå, Løgefeltet m.m. på Vigrestad pågår og er venta ferdig i 2018/2019.
- Arbeidet med ny kloakkleidning frå Brusand til Brusali blei ferdig i 2017. Oppgjer og økonomisk avslutning blir gjort i 2018
- Kloakkering i Haver og Tuen – Vatnamot blei avklara i 2017, men anlegga er ikkje starta opp ennå.
- Planlagd flaumsikring nord for Brusand er for det meste ferdig.

### Samanlikning av nedbør og avløp i 2017



Figuren ovanfor viser korleis avlaupsmengdene varierer i takt med registrert nedbør i same periode. I enkelte periodar kan over halvparten av kloakkmengda til reinseanlegga vere overflatevatn.

## ***Renovasjon***

Kommunen har i dag innsamling av fire avfallsfraksjonar. Den sterke auken i konsentrerte buformer medfører ei aukande utfordring i forhold til plass og handtering av avfallsdunkane. Felles nedgravne avfallsløysingar er eit godt og arealsparande alternativ. Miljøstasjonen på Pytten er eit ekstratilbod til hushaldsabonnentane for levering av avfall.

Aktivitet	Eining	2013	2014	2015	2016	2017
Abonnentar med kom.renovasjon	Stk.	6 429	6 565	6 680	6 813	6 902
Abonnentar med heimekomp.	Stk.	709	694	672	657	600
Restavfall	Tonn	1 862	1 919	2 325	2 196	2 037
Våtorganisk avfall	Tonn	1 382	1 405	1 450	1 564	1 703
Papir, papp og drikkekartong	Tonn	959	948	1 072	945	998
Plast	Tonn	274	246	286	288	318
Farleg avfall	Tonn	26	26	67	52	91
EE – avfall	Tonn	169	169	240	232	142
Glas og metall	Tonn	161	171	166	157	166

- Leverandør for innsamling og transport av hushaldningsavfall gjekk konkurs hausten 2017. For å sikra fortsatt drift og nødvendig teneste for innbyggjarane, blei det umiddelbart gjennomført ein hasteanskaffing i samarbeid med Klepp kommune. Mellombels kontrakt blei inngått med lokal leverandør. Ny permanent løysing må på plass innan kontrakten går ut 31.08.2018.
- Kommunen har kjøpt nødvendig areal og utarbeida planar for utvidinga av miljøstasjonen på Nærbø. Det er ikkje sett av middel til investering i noverande økonomiplanperiode.

## ***Næringsutvikling***

Tilgang på byggeklare næringstomter er ein viktig del av næringsarbeidet i kommunen. Det er vedtatt at Skoga næringsområde skal vere kommunen sitt hovudsatsingsområde for industriutbygging framover. Kommunen rådgir også mindre bedrifter/etablerarar om ulike problemstillinger. Byggesaker for næringsbygg blir prioriterte.

Aktivitet	Eining	2013	2014	2015	2016	2017
Jæren Produktutvikling – prosjekt frå Hå	Stk.	9	17	18	25	19

- Grunder Arena Jæren er eit samarbeid mellom Jæren Produktutvikling og kommunane i Jærrådet. Grunder Arena Jæren har lukkast med tilrettelegging, kursing og rådgiving til personer og bedrifter som er i ein oppstartsfas. Grunder Arena hadde sitt andre driftsår i 2017. Grunder Arena skal evaluerast i 2018. Det vil bli lagt fram ei eiga sak om dette til politisk behandling.
- Smaken av Jæren blei gjennomført. I januar inviterte kommunane på Jæren i samarbeid med lokale bedrifter på Jæren og Det norske måltid, over 150 personar til lunsj. Bakgrunnen var arrangementet «Det norske måltid» i Stavanger. Kommunane på Jæren viste seg fram som matkommunane i matfylket og gjennom eit variert måltid basert på

mat frå Jæren, har vi nådd ut til elevar ved restaurant- og matfag, politikarar og næringslivet. Målet med arrangementet var å synleggjere saman med industrien, mangfaldet i arbeidsplasser som er i primærnæringa og foredlingsindustrien.

- Medlemsskapet i Greater Stavanger gir kommunen eit sterkare verktøy innan næringsutvikling. Gjennom arealguiden får vi marknadsført kommunen sitt næringsliv og næringstomter, slik at det treff næringslivet lokalt, nasjonalt og også utanfor landegrensene. Næringslivet i kommunen og regionen er i endring. I denne tida har medlemskapen i Greater Stavanger vore eit naudsynt verkemiddel for å jobba mot nye marknadar og samhandling i næringslivet.
- Det har vore fokus på profilering og marknadsføring av næringsareala og bustadtomter i kommunen. Det er bygd opp ei ny nettside kor næringsareala og bustadtomter i kommunen er synleggjort. Dei er også profilert på finn.no og arealguiden.no. I tillegg blei det gjennom året annonsert i ulike tidskrifter som Næring på Jæren, Rosenkilden og Jærbladet. Kommunen hadde ein stand under Varhaug messa, den profilerte Stokkalandsmarka med bustadtomter og ledige næringsareal i kommunen.

## **Landbruk**

Landbruksnæringa utgjer ein heilt sentral del av næringslivet. Kommunen driv eit aktivt og omfattande arbeid med rådgiving, formidling av tilskot- og støtteordningar og behandling av enkeltsaker slik som nydyrkning, frådeling av areal, konsesjonssøknader mm.

Aktivitet	Eining	2013	2014	2015	2016	2017
Bygdeutviklingsmidl., støtte til invest.	Stk. (søkn)	13	11	10	12	35
Bygdeutviklingsmidl., støtte til invest.	Mill kr	5	5	2	6	9
Produksjonstilskot, jordbruk	Stk.	911	882	870	832	884
Produksjonstilskot, landbruk	Mill kr	115	115	119	113	112
Avløysing i jordbruket. Ferie og fritid	Stk. (søkn)	442	442	436	414	401
Avløysing i jordbruket. Sjukdom mm.	Stk. (søkn)	90	85	74	113	107
Avløysartilskot, landbruk	Mill kr	25	26	27	25	24
Produksjonstilskot, kontrollar	Stk.	49	47	46	45	69
Regionalt miljøprogram	Stk. (søkn)	162	166	178	186	186
Regionalt miljøprogram	Mill kr			4	5	5
Drenering	Stk.			12	32	43
Drenering	Mill kr.			0	1	1
Areal godkjent for nydyrkning	Daa	181	486	341	787	275
Faktisk dyrka areal	Daa	379	319	320	383	217
Tilskot til miljø- og kulturlandskapstiltak	Mill kr	1	1	1	2	1
Kommunalt tilskott til nydyrkning	Tusen kr				130	130
Avverking av skog	M3			6 570	1 056	8 628
Avverking av skog, verdi	Mill kr.			2	0	2
Nyplanting skog	Da			9	6	36
Flaterydding	Da			22	-	27
Grøfting, bekkerens	Lm			275	-	10 549
Anna skogkultur tiltak	Da					68

Kommuneplanen legg sterkt vekt på jordvern. Utbygging på mindre produktive areal i Stokkalandsmarka er prioritert. Det er strenge reglar for bygging i LNF-områda og for omdisponering av landbruksjord til andre formål. Hå kommune skal vidareutviklast som ein av dei største og viktigaste landbrukskommunane i landet. Det har også i 2017 vore:

- Stor aktivitet med bygging av lausdriftsfjos og andre nyinvesteringar.
- Framleis stor interesse for nydyrkning, for grøfting av tidlegare dyrka jord og for å lø og restaurere steingardar.
- Utfordringar knytte til gjennomføring av tiltak for oppfylling av vassdirektivet.
- Året 2017 har vore krevjande for landbruksnæringa pga. mykje nedbør.
- Skogbrukssjefen har gått av med pensjon, og Hå har avslutta skogbrukssamarbeidet med Time og Klepp.

Rådmannen vil i første rekke prioritere tilskotsordningane og lovpålagte oppgåver.

Aktivitet	Eining	2017
Dispensasjon, Omdisp. av landbruksareal	Stk	3
Disp., Samla areal omdisponert	DA	15
Disp., Bruksrasjonalisering	DA	619

Det blei i 2017 gitt tre dispensasjonar for omdisponering av landbruksjord til bustadformål ved bruksrasjonalisering.

## Viltforvalting

Aktivitet	Eining	2013	2014	2015	2016	2017
Fellingsløyve rådyr.	Stk.	239	248	242	240	242
Felling rådyr	Stk.	69	59	66	44	52
Fellingsløyve hjort	Stk.	20	21	20	22	27
Felling hjort	Stk.	4	5	7	5	11
Fellingsløyve elg	Stk.	2	2	2	-	2
Felling elg	Stk.	-	1	2	-	1

# **Kva kan gjerast betre?**

## Digitalisering

Det er eit stor fokus på digitalisering innanfor tenestområdet. EbyggWeb blei innført i 2017. Innbyggarane og utbyggarar kan nå finna dokumentasjon i byggesaker på heimesida.

Innføring av digital plandialog (i plansaker) er planlagt i 2018. Kommunen ynskjer å vera ein open kommune kor dokumenta innanfor dette området kan hentast direkte ut frå systemet.

Vi vil ta i bruk IK-Bygg for ulike bygg/områder som hører til under Teknisk drift. På lik linje med dei andre tenesteområde, vil vi ta i bruk digitalt verktøy for innkjøp og rammeavtalar.

Elektronisk timeregistrering for uteavdelinga på teknisk drift vil bli innført i 2018. Det vil gje ein enklare oversikt over alle kostnadane, og ikkje minst unngå manuell innlegging av data på rekneskap og lønn.

Det pågår arbeid med kartlegging og oppdatering av grøntområde og leikeplassar. Eit digitalt kartverk vil kunne utnyttast i ulike fagsystem for oversikt, dokumentasjon og beskriving for kostnadsførespurnad.

## Samhandling og kommunikasjon med utbyggarar og tiltakshavarar

Kommuneplanen gir viktige føresetnadar for utbygginga i kommunen. Regelverket gir stramme rammer for bygging i LNF-områda. Det er krav om høg tomteutnytting innanfor eksisterande tettstadar samtidig som dei enkelte utbyggingsprosjekta også skal tilfredsstille viktige kvalitettskrav, t.d. når det gjeld areal for uteopphold og leikeplassar. Nye reglar for «eplehagefortetting» medfører ei vesentleg omlegging av regelverket for fortetting innanfor eksisterande einebustadfelt.

God kommunikasjon i ein situasjon med ulike interesser kan vere vanskeleg. Det krævast tett og god dialog med forslagsstillerane i planprosessane, for å få fram dei gode prosjekta.



# Administrasjonen

I 2017 fortsette vi arbeidet med å møte innbyggjarane på ein betre måte og gje både innbyggjarar og dei tilsette i kommunen betre service. Det blir arbeidd mykje for å forbetre interne prosessar slik at tenestene til innbyggjarane blir så gode som mulig. Dei som arbeider i administrasjonen og dei systema og prosessane dei har ansvar for er heilt nødvendige for at drift og tenesteproduksjon skal fungere godt.

## Økonomisk resultat

1000 kroner	Rekneskap			Budsjett	
	2015	2016	2017	2017 *)	2017
Sentraladministrasjonen	47 192	50 822	46 360	46 710	49 289
Kyrkjer og andre trossamfunn	11 038	12 880	12 727	12 978	12 978
<b>Netto ramme</b>	<b>58 229</b>	<b>63 702</b>	<b>59 087</b>	<b>59 688</b>	<b>62 267</b>

\*) Budsjett inkl. endringar

Der har vært god kontroll med bruken av dei økonomiske ressursane gjennom 2017. Etter gjennomgangen av korleis administrasjonskostnadane blei ført er samla ressursbruk redusert i høve til 2016. Om lag 5 mill kroner er ført ut til tenestene slik at utgiftene på kvar teneste er meir korrekt og kan samanliknast med andre kommunar.

## **Sentraladministrasjonen**

Sentraladministrasjonen leverer tenester innanfor økonomi, rekneskap, løn, personaladministrasjon, leiar- og organisasjonsutvikling, opplæring, servicetorg, kommunikasjon, investering i og drift av IT-løysingar, utstyr og datakommunikasjon, dokumentssenter, innkjøp, samfunnsanalyse, planarbeid, organisering av dei politiske utvalsmøta og gjennomføring av val. I tillegg er eigedomsavdelinga organisert her.

## Mål og prioriterte oppgåver

Sentraladministrasjonen si hovudoppgåve er å legge til rette for at kommunen leverer dei tenester innbyggjarane skal ha. Det betyr at vi har rett kompetanse på rett stad, at alle tilsette får den løn dei har krav på, at me har gode arkivrutinar, at datasystema fungerer, innsyn, at me har kontroll på økonomien og at alt innanfor IT fungerer som det skal.

## Viktigaste hendingar og resultat

- Start av Kull 2 med leiarutvikling for 30 leiarar frå heile verksemda.
- mCash / VIPPS er innført og i bruk på 18 stader.
- Elektroniske fakturaer utgjer 72 % og sparar oss for mykje manuelt arbeid.
- «Arbeidsgjevarstrategi» og «Etiske retningslinjer for ansatte og folkevalde i Hå kommune» blei vedtatt i kommunestyret. «Kommunikasjonsstrategi» og «Innkjøpsstrategi» blei i tillegg vedtatt i administrasjonsutvalet.

- Styrka innkjøpsfunksjonen. Kapasitet som motsvarer eit halvt årsverk er frigjort frå politisk sekretariat og blir nytta i innkjøp.
- *Klart språk*

I 2016 sette me i gong eit stort prosjekt for å få klarare språk i Hå kommune. Prosjektet kalla me HÆ. I 2017 har me arbeida vidare med dette. Me har gjennomført kurs, brukartesting og fleire skriveverkstad. Arbeidet fortset i 2018.

## Kva kan gjerast betre

- Halde fram med IA-satsinga. Forsking syner at varig fokus er det viktigaste tiltaket i arbeidet med å redusere sjukefråværet i ei verksemnd.
- Fortsette digitalisering som ledd i det å stadig forenkle, effektivisere og redusere risiko for feil. Ein eigen digitaliseringsstrategi skal på plass i 2018.
- Fullføre innføringa av heilsakapleg verksemddsstyring i Hå (LØFT).
- Fortsatt fokus på kompetansebygging på tvers i organisasjonen både når det gjeld innkjøp, dokumentsenter, økonomistyring.

## **Bygg- og eigedomsforvalting**

Hovudoppgåva er å forvalte og utvikle kommunen sine eigedommar, stå for vedlikehaldet av desse i tillegg til å ha ansvar for byggeleiroppgåver.

Eigedomssjefen leier ei stabsavdeling og rapporterer direkte til rådmannen. Avdelinga inneheld byggeleiing kor prosjektleiarane hører til, samt eigen drifts- og vedlikehaldsavdeling. Ein eigen avdelingsleiar har ansvar for all drift og vedlikehald av kommunale bygg. I tillegg har avdelinga ein reinhaldsleiar som har ansvaret for alle reinhaldstenestene og reinhalarane i avdelinga.

Om lag 90 personer har sin daglege arbeidsplass i eigedomsavdelinga

## Mål og prioriterte oppgåver

Målsettinga er å gjennomføre vedtekne investeringsprosjekt i tråd med vedtekne budsjett og planar. Likeins skal drift og vedlikehald gjennomførast etter vedtekne budsjett og planer. Eksisterande bygningsmasse må takast i vare og vedlikehaldas på ein slik måte at verdi og funksjon blir tatt i vare og ikkje blir forringa.

Drift og vedlikehaldsavdelinga bruker IK Bygg som internkontrollsysteem. Systemet er eit svært nyttig reiskap for å avdekka feil og manglar knytt til drift og vedlikehald av kommunens eigedomar. I løpet av 2017 blei arbeidet med å registrera alle kommunale bygg i systemet fullført og ved handsaminga av budsjettet og økonomiplanen for 2018-2021 blei det framlagt ei total oversikt som syner eit vedlikehaldsetterslep pr. 01.10.17 på 85,8 mill kroner. Å lukka dette gapet blir ein av dei største utfordringane i åra som kjem.

## Viktigaste hendingar og resultat – Bygg

*Tabell over dei største prosjekta i 2017*

1000 kroner	Til og med 2016	2017	Heile prosjektet	
			Løyving	Prognose
Nye Bø skule	342 786	2 566	370 000	358 000
Nye Ogna skule	47 642	110 636	190 500	190 000
Vigrestad barnehage	1 742	20 673	54 500	54 210
Brusand barnehage		420	44 000	44 000
Hå kulturtorg	48	486	3 000	3 000
Hå sjukeheim	14 885	19 641	157 500	156 900
Løa Lensmannsgarden	83	292	1 450	1 450
Avfallshus Lensmannsgarden barnehage	1 232	141	1 373	1 373
Gudmestadvegen 22 (sanering)		592	700	592
Toalettbrygg Grødal land	964	54	720	1 018
Varhaug skule (Påbygg + mellombels lokalar)		1 565	67 000	67 000
PPT Vigre		70	3 700	3 700
Vigrestad skule (Ombygging bibliotek til skule)		2 709	3 000	2 709
Meieri-internatet (Ombygging til bibliotek)		188	3 000	4 400
<b>SUM</b>	<b>409 382</b>	<b>160 033</b>	<b>900 443</b>	<b>888 352</b>

### *Helse og Sosial*

- Hå sjukeheim.  
I løpet av 2017 blei arbeidet med parkeringsdelen avslutta og overtatt av kommunen. Samstundes blei Heimtun (Nærbøgata 44) og Gjegnet klargjort for å bli midlertidig tilhaldsstad for dei pasientane som måtte flytta ut av sjukeheimen. I oktober 2017 blei arbeida ferdigstilt og pasientane kunne ta dei i bruk. Kontrakten for sjølve påbygget blei tildelt Jærentreprenør i juni 2017 og arbeida med prosjektering og planlegging blei starta. Fundamenta til det eksisterande bygget hadde ikkje den kapasiteten som det var lagt opp til, noko som medførte ekstra fundamentering. Dette har forårsaka ei mindre forseinking på ferdigstilling av sjukeheimen som nå er avtalt til februar 2019. Prognosane viser at økonomien i prosjektet er pressa, men framleis innanfor vedteke budsjett.
- Gudmestadvegen 22.  
Bygningsmassen på denne tomta blei reve i april 2017 innanfor vedteke budsjett.

## **Skular**

- **Ogna skule.**

Masiv AS har vært totalentreprenør og arbeida med skulen har pågått gjennom heile 2017. Han blei overdratt til kommunen i samsvar med vedteken framdriftsplan den 04.12.17

Offisiell opning av skulen var 03.01.18

Økonomisk er ikkje arbeida avslutta, men gjeldande prognose syner totalkostnadar godt innanfor vedteke budsjett.



*Dronefoto: Tommy Høyland*

- **Varhaug skule påbygg.**

I budsjett og økonomiplan for 2017-2020 blei det vedtatt å setta i gang arbeid med planlegging og prosjektering av eit nytt tilbygg på om lag 2.000 m<sup>2</sup>.

Mellombels lokalar stod klar til bruk i desember 2017. Kontrakt for arkitekt-tjenester påbygget blei tildelt Asplan. Skisseprosjekt for påbygget blir lagt fram til politisk behandling våren 2018.

- **PPT Vigre.**

Vigre skule blei nedlagt i 2016 og lokalene skal byggast om til kontor for PPT. Arbeid med planlegging og prosjektering av desse lokalene har pågått gjennom heile 2017. Saka ligg nå hos Arbeidstilsynet som skal gje sin uttale. Forventa oppstart er mars/april 2018.

- **Vigrestad skule.**

Bibliotekslokala er bygd om til klasserom. Arbeida blei utført i skoleferien og ferdigstilt før skulestart innanfor vedteke budsjett på 3 millionar kroner.

## *Barnehagar*

- Kontrakt for bygging av Vigrestad barnehage blei tildelt Gann Tre AS. Arbeida med barnehagen har pågått gjennom heile 2017. Ferdigstilling av barnehagen er avtalt til juni 2018, noko som er 1 månad seinare enn opphavleg avtalt. Dette skyldas mykje nedbør i forbindelse med reising av bygget, noko som førte til ein lengre tørkeperiode enn planlagt. Prognose syner totalkostnader innanfor vedteke budsjett.
- Ny barnehage på Brusand.  
I budsjett og økonomiplan for 2017-2020, vedtok kommunestyret å utsette ferdigstilling av denne barnehagen til 2021. I løpet av 2017 har det vore føreteke grunnundersøkingar på og omkring barnehagetomta. Rapportane etter desse undersøkingane vil bli tatt med i samband med dei omreguleringane som skal gjerast for området.  
Arbeid med planlegging og prosjektering av ny barnehage vil byrja når ny reguleringsplan med føresegner er vedteke av kommunestyret.



*Slik blir den nye barnehagen på Vigrestad*

## *Kulturygg*

- Lensmannsløa.  
Arbeid med prosjektering av utvendig handikapp-heis og sprinkling av løa har pågått i løpet av 2017. Arbeida ved løa er delt opp i to delar. Ein for påbygg med handikapp-heis og ein for sprinkling av løa. Arbeida med påbygget er planlagt lyst ut på anbod tidleg i 2018. Prognose visar at økonomien i prosjektet er pressa, men framleis innanfor vedteke budsjett.
- Hå kulturtorg.  
Arbeidet med forbetring av dette bygget blei starta i 2016 og har også pågått i 2017. Tidlig i 2018 ble det avklart at nåverande bruk av bygget som kulturskule er i tråd med gjeldande brukstillating. Det må utarbeidas eit nytt brannkonsept for bygget og dette vil bli gjort tidleg i 2018. Avklaring av kva som vidare må gjerast med bygget vil bli gjort våren 2018.

- Trøskjeløhagen (Meieriinternatet Vigrestad)  
Det gamle meieriinternatet skal byggast om til bibliotek. Det blei sett av 3 mill. kr til dette. Prosjektering og planlegging av desse arbeida har pågått gjennom heile 2017. Saka ligg nå hos Arbeidstilsynet som skal gje si uttale. Forventa oppstart er mars/april 2018. Økonomisk viser prognosene totalkostnader på nærmere 4,4 mill kroner, noko som er over vedteke budsjett. I slutten av 2017 blei det oppdaget at undertaket på bygget er i ein dårlegare forfatning enn tidlegare antatt og truleg må rehabiliteras. Det vil nå bli innhenta kostnadsoverslag for dette arbeidet. Kostnadane for dette er ikkje med i prognosene på 4,4 mill kroner.

## Viktigaste hendingar drifts- og vedlikehaldsavdeling

- På Motland skule er avvik knytt til sprinklaranlegg i den eldste delen av skulen retta opp.
- På Heimtun (Nærøgata 44) er avvik knytt til sprinklaranlegg retta opp.
- Velferdsteknologi
  - Alle tryggleiksalarmer er skifta ut til nye digitale alarmar som nyttar mobilnettet.
  - Det er montert nytt pasientsignalanlegg på Gjegnet 24C-30.
  - Pasientsignalanlegget på Heimtun (Nærøgata 44) er oppgradert.
- Brann- og innbrotsalarmanlegg.
  - Nytt brannvarslingsanlegg til Varhaug Ungdomsskule er bestilt. Ferdigstilles 1. kvartal 2018.
  - Utviding av brannvarslingsanlegg for Nærø Ungdomsskule til et fulldekkandes anlegg er bestilt. Ferdigstilles 1. kvartal 2018.
  - Ny brannsentral montert på Heimtun. (Nærøgata 44)
  - Brannsentral på Gjegnet 24C-30 er oppgradert.
  - Brannvarslingsanlegget i Vibereiret barnehage er skifta.
  - Brannvarslingsanlegget og innbrotsalarmanlegget i Trekløveren barnehage, avdeling Skulegata skal skiftas og pågår. Ferdigstilles 1. kvartal 2018.
- Urhei barnehage har fått utbetra det utvendige leikeområdet med nytt leikestativ og fallunderlag.
- Trekløveren barnehage har fått ny taktekking og nye takhattar. I tillegg er varmeanlegget utbetra med nye ovnar, varmepumpedrift og styringssystem mot SD anlegg.
- På Vibereiret barnehage er uteområdet og parkering oppgradert med ny asfalt.
- Hå sjukeheim.  
Utbetring på kjøkken. Nytt golvareal med epoxybelegg. Sikringsskap og nye elektriske installasjonar. Utbetring av vann og avløpsrør og tekniske installasjonar.
- Vigrestad storskule.  
Det er laga nytt grupperom/spesialrom i tilknyting til mediatek. Installert nytt UV lys til basseng og installert nytt kol filter.

- Klokkarhagen sjukeheim har fått ny varmepumpe og nytt SD anlegg som styrar varmepumpa, golvvarmen og ventilasjonsanlegget.
- Klokkartunet hybelhuset har fått nytt rekkverk i 2. etasje utanfor hyblane. I tillegg er det montert nye tak nedløp.
- Ved Vigrestad Helsesenter har vi bygd om legekontor og skiftestove.
- Energiøkonomisering (ENØK)  
I januar 2017 blei NIRAS AS tildelt kontrakt for energimerking av kommunale bygg over 1.000m<sup>2</sup>, samt energirådgiving og utarbeiding av beslutningsgrunnlag for utvalde kommunale bygg. Arbeidet har pågått gjennom heile 2017. Førebels er alle store bygg knytt til helse og sosial gjennomgått og arbeid med skolebygga er starta.
- Reinhald. Det har i løpet av 2017 blitt jobba mykje med å effektivisere reinhaldet i kommunen. Det er mellom anna blitt innført eigen reinhaldsstandard og det er utarbeidd eigne arealplanar for kvart bygg som igjen legg grunnlag for reinhaldsplanar for bygga. Dette arbeidet vil helda fram også i 2018.

## Kva kan gjerast betre

- Egedomsavdelinga må forholda seg til eit omfattande regelverk som stadig er i endring. Krav om meir profesjonalitet og sporbarheit i alt vi gjer krev mykje av oss. Vi merkar og at interessa rundt våre anbod til tider har vore stor, noko som setter ytterlegare press på nøyaktigheita i dei val vi gjer. Det er derfor viktig at medarbeidarane i egedomsavdelinga held tritt og blir oppdaterte fagleg. Avdelinga samarbeider allereie med andre kommunar om faglege spørsmål. Det er eit mål å styrke dette samarbeidet i 2018.
- Mykje er allereie gjort med å få på plass rutinar og prosedyrar for heile avdelinga og dette arbeidet vil helda fram i 2018. Til dømes jobbar ein nå mot å få på plass ein «Eigedom og forvaltningsstrategi» for kommunen. Dette er påpeikt som ein mangel og svakhet i fleire revisjonar. Målet er å ha denne på plass i løpet av 2018.
- Drift og vedlikehald: IK bygg er eit viktig reiskap for både drifts og vedlikehaldsavdelinga og for dei som er brukarar av bygga. Kompetanseheving blant alle som nyttar dette verktøyet vil derfor vera viktig i åra som kjem.
- Innføring av nye reinhaldsrutinar og arealplaner gjer allereie synlege resultat i form av eit meir effektivt reinhald. I løpet av 2018 blir det ein viktig oppgåve å halde fram med dette arbeidet og innlemme alle kommunale bygg i rutinane.

# Framtidsutsikter

## Rigger for nye tider

«Rigger for nye tider» er overskrifta for budsjettet 2018 og økonomiplanen 2018-2021.

Strammare økonomiske rammer, lågare folkevekst men også auka krav til tenester meir tekst kommer. Vi opplever at styresmaktene legg fleire føringar på tenester kommunen skal levere – utan at det følgjer nok økonomiske midlar til dette. Økonomiplanen er vedtatt med eit stort gap mellom inntekter og utgifter i perioden 2019-2021. Det er derfor viktig å arbeide med å skaffe meir inntekter og å redusere kostnadane på alle områder – fordi vi vil og fordi vi må.

## Det skal være godt å bu, leve og arbeide i Hå!

Hovudmålet frå kommuneplanen står fast. Det skal være godt å bu, leve og arbeide i Hå kommune! I 2017 har vi hatt ei positiv utvikling i arbeidsløysa og godt sal av tomter til næringsformål. Samstundes har folkeveksten flata ut. Arbeidet med å gjere kommunen meir attraktiv har derfor stort fokus kommande periode. Vi har hatt eit historisk høgt investeringsnivå på skular og barnehagar. Vi har sett i gang Framtidsløftet for å effektivisere drifta og vere meir fleksible. Ein viktig del av dette er digitalisering – om korleis nye, digitale løysingar gjere tenestene betre og meir tilgjengelege for innbyggjarane. Kommunane opplever større forventningar frå innbyggjarane og fleire krav frå styresmaktene, utan at dei økonomiske rammene aukar tilsvارande. Åra som kommer blir meir krevjande. Rådmannen legger fram ein økonomiplan med meir sambruk og med fokus på korleis me kan rigge oss for nye tider. For å få til dette må Me løfte i lag!

## Økonomiske utsikter

Netto driftsresultat i 2018 er sett opp i underkant av målet på 1,5 % av driftsinntektene. For å balansere budsjettet framover har kommunestyret vedtatt at netto utgifter må reduserast med 34 millionar kroner i 2019, og dette gapet vil auke til 55 millionar kroner i 2021 om det ikkje blir gjort endringar i korleis vi leverer og finansierer tenestene.

Driftsinntektene for 2018 er budsjettert til 1,394 milliard kroner. Driftskostnadane er budsjettert til 1,397 milliard kroner. På grunn av lågare rente er netto finanskostnadene litt lågare enn i 2017 når vi tar bort verknaden av den ekstra nedbetalinga av gjeld. Netto driftsresultat er budsjettert til 15,7 millionar kroner i 2018.

Investeringsnivået i økonomiplanperioden er 694 millionar kroner mot 891 millionar kroner i perioden 2017-2021. Vi planlegger ikkje nye låneopptak i 2019 og lånegjelda til kommunen vil være på det høgaste nivået i 2018 med ei gjeld på 1,3 milliard kroner. Dette er 66 000 kroner per innbyggjar. Dersom salet av tomter blir som budsjettet vil tomtfondet auke med 25 millionar kroner i perioden.

Det er knytt utryggleik til fleire av postane i budsjettet, både skatteinngang, rentenivå og faktisk auke i tenesteproduksjon. Det er viktig å ha eit robust budsjett, ha god kostnadsstyring i tenesteområda, ha kontroll på prosjektframdrift og lånefinansiering og halde

ein del midlar på fond som i dag. Det er viktig at vi vurderer heile drifta i organisasjonen og gjer prioriteringar som gir handlingsrom framover. God økonomistyring, effektiv drift og høg gjennomføringsevne må til for å utvide det økonomiske handlingsrommet.

## Kva er viktig framover?

Innovasjon og nytenking er viktig for å få til å effektivisere drifta og vere meir fleksible. Vi har starta eit nytt kull leiarutvikling. Vi har meir fokus på at heile organisasjonen og dei hovudtillitsvalte er involvert når det gjeld korleis vi skal forenkle, fornye og forbetre organisasjonen og dermed tilpasse oss framtida sine utfordringar. I budsjettet for 2018 og økonomiplan 2018 – 2021 bygger rådmannen vidare på gjenbruk og sambruk innanfor helse, skule, barnehage og kultur.

Viktige grep og prioriterte oppgåver i 2018 og økonomiplanperioden er:

- Styrke detaljhandel og publikumsretta handels-, kontor- og serviceverksemder i Nærø sentrum ved å sjå dette i samanheng med andre formål som kultur, service og tenesteyting. Kommunestyret vedtok derfor å arbeide vidare med planane om å bygge et nytt «sambrukshus» med helse- og kulturfunksjonar på torget. Når dette er på plass vil bibliotektomta, kulturtorgtomta ved Nye Loen og Jadarvegen 25-27 bli selt.
- Styrke utviklinga i Stokkalandsmarka ved meir aktiv marknadsføring og å gjennomføre moglegheitsstudie for Stokkalandsmarka sentrum i 2018.
- Dette skuleåret har det vore ei elevtalsauke på om lag 50 elevar. I tillegg til rådmannen sitt forslag om ein opptrapningsplan på 3,5 lærarstillingar i året vedtok kommunestyre å legge inn 3 nye lærarstillingar.
- Satse meir på digitalisering med chromebook til alle skoleelevar, samarbeid med fleire kommunar om velferdsteknologi, samarbeid med fleire kommunar og med KS om digitalisering i kommunal sektor.

Prioriterte oppgåver i 2018 og i økonomiplanperioden er

- Gjere ferdig Vigrestad barnehage og starte på arbeidet med nytt bygg på Varhaug skule.
- Fortsette satsinga på å auke den formelle kompetansen blant dei tilsette i barnehage og skule.
- Sikre integrering av innvandrarar og andre med særskilde og samansette behov – gi heilskaplege og koordinerte tilbod med omsyn til språk, arbeid, helse og kulturelt/sosialt.
- Gjere ferdig påbygget på to etasjar på Hå sjukeheim.
- Ferdigstille kommunedelplan for Nærø sentrum.
- Fortsette arbeidet med kommunedelplan for Varhaug sentrum.

- Gjere ferdig det pågåande arbeidet i Stokkalandsmarka og legge til rette for nye bustad- og industriområde.
- Ytterlegare investering i flaum- og overvassikring.
- Høg fokus på beredskap og systematisk arbeid med risiko- og sårbarheitsanalyser.
- Utarbeide Klima og energiplan.

## **Utviklingstrekk**

Utviklingstreka i samfunnet er viktig for kommunen si vurdering av framtidsutsiktene. Nokre av dei hovudutfordringane vi ser framover er omtalt nedanfor. Desse utfordringane vil vi ta omsyn til når vi vurderer om, eller i kor stor grad planer skal reviderast.

### **Befolkningsutvikling**

Den demografiske utviklinga legger føringar på kommunen si disponering av økonomiske ressursar og er med på å sette rammene for kommunalt utviklingsarbeid. Folkemengd per 31.12.2017 var 18.762 personar, ein reduksjon på 0,2 % (38 personar) frå året før.

### **Sysselsetting**

Konjunktur nedgang i oljeindustrien påverkar arbeidsmarknaden i heile regionen.

Arbeidsløysa er gått ned gjennom 2017 og var 2,1 % ved utgangen av året. Dette kan også ha samanheng med at Hå oppleve netto utflytting til andre stader i landet.

### **Folkehelse**

God folkehelse er viktig både for den enkelte innbyggjar og for kommunen som heilskap. Målet for alt folkehelsearbeid er fleire leveår med god helse og utjamning av sosiale helseforskjellar i befolkninga. Helsetilstanden blir betre jo høgare ein er i det sosioøkonomiske hierarkiet. Dette betyr at dårlig resultat på faktorar som for eksempel arbeidsløyse, fråfall i vidaregåande skule og dårlige leseferdigheiter i barneskulen kan resultere i helseproblem.

Å mestre livet er ein viktig føresetnad for ei god psykisk og fysisk helse. Helsefremjande nærmiljø som legg til rette for at ein kan ta del i samfunnet og oppleve sosial støtte er svært viktig. Folkehelse er noko som er viktig for heile organisasjonen og skal vere med på alle einingar sine måltavler i LØFT.

### **Samfunnstryggleik og beredskap**

Dei avvik som Fylkesmannen peika på i tilsynet sitt i april 2015 blei følgt opp i første halvår 2017. Den overordna og heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysa dannar eit grunnlag for kommunens prioriteringar i arbeide med å redusera risikoen i samfunnet. Kriseleiinga i kommunen blei testa i ei øving i november. Sjå elles kapittelet «Slik styrer vi».

# Årsresultat

*Resultata frå 2017 syner at kommunen framleis har stø kurs framover. Vi leverer eit godt driftsresultat og store investeringar for framtida er gjort slik det er omtalt i kommuneplanen. Det er nedgang i talet på arbeidslaue, men framleis utryggleik i næringslivet i regionen. I 2017 har vi sett låg bustadbygging og for første gang side 1994 har vi ein reduksjon i folketalet.*

Netto driftsresultat for 2017 blei 21 millionar kroner. Dette er 1,5 % av driftsinntektene og er betre enn forventa på grunn av høgare skatteinngang i landet, høgare tilskot og refusjonar og god økonomistyring i tenesteområda. Disposisjonsfondet er auka med 5 millionar kroner. Overskottet frå 2016 blei brukt til å betale ned på gjeld. Utan denne ekstra nedbetalinga ville netto driftsresultat vært 66 millionar kroner (4,6% av driftsinntektene). Investeringane var på 393 millionar kroner, ein reduksjon frå nivået i 2016 på 43 millionar kroner. 234 millionar er finansiert ved lånepoptak. Netto lånegjeld (utan startlån) pr. 31.12.2017 er 1.134 millionar kroner som motsvarer 60.440 kroner per innbyggjar. Rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) er 30 millionar kroner.

## Kommunal drift

Hå kommune ønskjer å gje eit best mogleg tenestetilbod til innbyggjarane. Innbyggjarane venter mykje av dei kommunale tenestene, både når det gjeld kvalitet og omfang. I tillegg kommer det nye krav og forventingar frå sentrale styresmakter om vidare utbygging av tilbod innanfor dei ulike tenesteområda. Desse utfordringane har kommunen handtert godt også i 2017. Alle tenesteområda leverer innanfor godkjente budsjettrammer og har vist stor fleksibilitet og evne til å omstille seg når det er trøng for det.

Tenesteyting er arbeidsintensivt. Sjukefråværet viser ein svak oppgang. Den målretta innsatsen for å redusere sjukefråværet fortsetter. Talet på fast tilsette er gått opp med 1,3% medan talet på årsverk utført av desse er gått opp med 2 %. Det totale talet på utførte årsverk er gått ned med 2,1 % til 1.238 årsverk i 2017. Det tyder på mindre vikarbruk og meir effektiv ressursutnytting i tenesteområda.

Skatteinngangen blei om lag som regulert budsjettet, men sterkare skattevekst i landet gjorde at Hå fekk ein auke i inntektsutjamninga. Skatt per innbyggjar i Hå gjekk ned til 84 % av gjennomsnittet i landet. Auka inntektsutjamning bidreg med 10 millionar av det samla mindreforbruket i 2017.

Kommunestyret har vedtatt nokre endringar i budsjettet gjennom året for å ta omsyn til nye oppgåver og endringar i inntekter. Det kan likevel vere vanskeleg å si akkurat kor mykje vi får og når utbetaling skjer når det gjeld tilskott og refusjonar. Likeins kan det vere vanskeleg å seie når eller om planlagde endringar kommer. Samla gjekk tenesteområda omrent i balanse med unntak av tenesteområdet for helse- og sosialsaker. Der fekk vi eit mindreforbruk på 12,5 millionar kroner og dette er del av overskottet på 30 millionar kroner.

I tenesteområdet for tekniske saker og næring er det blitt brukt av sjølvkostfond for å finansiere utgifter i 2017. Desse fonda er redusert med om lag 6,5 millionar kroner som også inngår i det samla mindreforbruket i året.

## Investering

Kommunen har hatt eit stort investeringsprogram også i 2017. Det er naudsynt å utvikle og bygge opp den kommunale infrastrukturen, slik at vi kan levere effektive og gode tenester til innbyggjarane og fortsatt leggje til rette for bustadbygging og næringsutvikling. Dei store investeringane betyr også at bruk av lånemidlar auka. Talet for netto langsiktig gjeld i forhold til driftsinntekter er redusert til 70,4 % og Hå har ein robust balanse. Netto rente-eksponering når vi tar omsyn til innskott, ubrukte lånemidlar, investeringar i sjølvkost og lån med fast rente er null. Som i 2016 ligg lånefinansiering av investeringane på 60 %. Den omfattande tomteutviklinga i Stokkalandsmarka har pågått for fullt, Ogna skule er ferdigstilt og tatt i bruk og arbeidet med påbygget på Hå sjukeheim er godt i gang. I løpet av 2017 fekk vi ferdigstilt to store saneringsprosjekt i kommunen; det eine i Opstadveien på Nærbo og det andre i Skandskabakken i Sirevåg.

Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse.

## Vurdering

Regnskapet viser at kommunen har god kontroll på ressursbruken knytt til den kommunale tenesteproduksjonen. Lånegjelda aukar, men kommunen har og ikkje disponerte midlar på disposisjonsfond. Det er viktig å fortsatt ha stor merksemd på god økonomistyring slik at ein kan opprethalda dagens tenestetilbod og finansiere ein del av investeringane av drifta.

## Stadfesting

Årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med rekneskapsforskrifta si § 10 den 15. februar 2017. Rekneskapen gjer eit dekkande bilet av Hå kommune sin økonomiske situasjon og resultat av verksemda i 2017. Hå kommune blir revidert av Rogaland Revisjon IKS.



Anne Berit Berge Ims

Rådmann



Bente C Iversen

Økonomisjef

## **Statlege rammevilkår**

Den største delen av inntektene til kommunen er skatt og rammetilskot. I 2017 var dette om lag to tredelar av driftsinntektene.

Rammetilskotet er fast om ikkje styresmaktene vedtek endringar i form meir eller mindre finansiering knytt til bestemte saker.

Skatteinngangen vil variere med talet på skattytarar og inntektsnivået deira. Den delen kommunen får behalda av innbetalt skatt på inntekt og formue kallast skatteøre. Dette var 11,85% i 2017, uendra frå 2016. Dersom skatteinngangen per innbyggjar er lågare enn landsgjennomsnittet vil kommunen få utbetalt inntektsutjamnande tilskot. Det betyr kommunen får meir inntekter som blir finansiert av dei kommunane med høgare skatteinngang enn landsgjennomsnittet. Inntektsutjamninga blir betalt ut saman med rammetilskottet.

I høve til 2016 så auka skatteinngangen med 0,44% og rammetilskott (inkludert inntektsutjamning) auka med 6,97%. Skatt per innbyggjar blei kr 25.051 i 2017 noko som er 0,5% mindre enn i 2016.

Skatteinngangen blei 0,2% høgare enn regulert budsjett. Sidan skatteinngangen per innbyggjar var 84,0% av landsgjennomsnittet fekk Hå meir i inntektsutjamning og summen av skatt og rammetilskott blei 2,9% høgare enn justert budsjett. Skatteinngangen i landet blei 4,5% høgare enn i 2016. Skatteveksten på årsbasis blei i statsbudsjettet for 2017 anslått til 1,5 % for kommunane. Dette blei sett ned til 1,0 % i revidert nasjonalbudsjett (RNB). Det blei gjort nye vekstanslag for 2017 i samband med statsbudsjett for 2018, og anslaget for 2017 var då 3,3 %. Skatteutjamninga tok skatteinngangen per innbyggjar opp til 94,4% av gjennomsnittet i landet.

Likningsår	2012	2013	2014	2015	2017
Talet på skattytarar med skatt, forskottsordninga	13 244	13 661	13 969	14 209	14 295
Talet på innanbygd arbeidsgjevarar	530	556	568	558	541
Bokføringsår	2013	2014	2015	2016	2017
Innbetalt skatt/avgift (millionar)	1 848	1 947	2 013	2 034	2 032
Hå kommune sin del (millionar)	407	425	437	468	470

Tabellen under viser totale driftsinntekter. "Andre inntekter" inkluderer brukar- og eigenbetalingar samt tilskot og refusjonar frå stat og andre kommunar. Kommuneøkonomien blir meir avhengig av eigne inntekter. I forhold til dei totale driftsinntektene har denne delen auka frå 29,5% i 2013 til 30,8% i 2017.

Driftsinntekter millionar kroner	2013	2014	2015	2016	2017
Skatt	407,3	425	436,8	468	470
Rammetilskott	383,4	399,1	435,9	453,3	484,9
Vertskommunetilskudd	43,5	40,5	40,3	36,1	31,7
Andre inntekter	354,4	361,4	383,3	432,73	438,5
Sum	1188,6	1226,0	1296,3	1390,1	1425,1

## Driftsrekneskap

Kommuneplanen sine mål for økonomistyring blei nådd i 2017:

- Driftsresultatet er på 1,5 % - som målet på 1,5%.
- Der er auke i ubundne fondsmidlar på 5 millionar kroner slik at disposisjonsfondet ved utgangen av 2017 er på 189 millionar kroner eller 13,3% av driftsinntektene.
- Låneopptaket er innafor forsvarlege rammer. Netto langsiktig lånegjeld er 78 %<sup>1</sup> av driftsinntektene. Målet i kommuneplanen er at dette forholdstalet skal vere innanfor 60%. 40 % av investeringane er eigenfinansiert. Netto finanskostnadene utgjer 6,4% av driftsinntektene. Utan ekstra nedbetaling på lån ville dette vært 3,3%. Avskrivingar er framleis høgare enn ordinære avdrag.
- Kontrollert vekst i driftsutgiftene. Alle rammeområda har halde budsjetttrammene sine med endringar vedtatt gjennom året. Opgåvene blir fleire, men ein del av auken blir følgt av finansiering frå staten. Det er likevel ei stor utfordring å planleggja sidan det til dømes er uvisst kor mange ressurskrevjande brukarar det blir. Skatteinngangen er også uviss sjølv om denne utryggleiken blir dempa av inntektsutjamninga. Dette syner at kommunen har ein effektiv ressursbruk.
- Kostnadsorienterte prisar og avgifter. Sjølvkostområda går i balanse med mindre bruk av fond enn budsjettet. Dette er bruk av bunde fond, og prisane kan haldast låge framover også. Hå er framleis blant dei 10 kommunane i landet som har lågaste gebyr og avgifter.

I alle tabellar og analyser tar vi i tillegg til resultat for førre år også med budsjett for 2017 med og utan vedtekne endringar. Dette reflekterer det som var planlagt og vedteke av politikarane i budsjettet med godkjente endringar gjennom året. Fullstendig årsrekneskap fins i eige dokument.

### Hovudtal

Millionar kroner	Rekneskap					Budsjett	Budsjett
	2013	2014	2015	2016	2017	2017 *)	2017
Driftsinntekter	1 187,0	1 226,0	1 296,0	1 390,2	1 425,1	1 385,1	1 342,6
Driftsutgifter	1 141,0	-1 195,0	-1 243,0	-1 327,0	-1 380,5	-1 372,6	-1 319,4
Finansposter	-4,0	-6,0	-18,0	-35,3	-93,0	-93,8	-59,4
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>84,0</b>	<b>71,0</b>	<b>86,0</b>	<b>81,3</b>	<b>21,0</b>	<b>-13,7</b>	<b>17,2</b>
Avsetningar	66,0	38,0	51,0	36,7	-8,8	-13,7	17,2
Overskott	18,0	33,0	34,0	44,6	29,8	-	-
<b>Netto driftsresultat i % driftsinntekter</b>	<b>7,1 %</b>	<b>5,8 %</b>	<b>6,6 %</b>	<b>5,8 %</b>	<b>1,5 %</b>	<b>-1,0 %</b>	<b>1,3 %</b>

\*) Budsjett inkl. endringar

Driftsresultat i 2013 inneheld MVA kompensasjon for investeringar

<sup>1</sup> Netto lånegjeld er definert som langsiktig gjeld eksklusive pensjonsforpliktingar der totale utlån og ubrukte lånemidlar er trekte frå

## **Kommentarar til dei ulike postane:**

### **Skatt, rammetilskott og skatteutjamning – 955 millionar kroner**

I høve til 2016 så auka skatteinngangen med 2 millionar kroner (0,44%) og rammetilskottet (inkludert inntektsutjamning) auka med 31,6 millionar kroner, motsvarande 7%. Samla auke var 33,6 millionar kroner (3,6%).

Skatteinngangen blei 1 million kroner (0,2%) høgare enn regulert budsjett. Skatteinngangen per innbyggjar var 84,0% av landsgjennomsnittet og Hå fekk 8,9 millionar kroner meir i inntektsutjamning enn regulert budsjett. Summen av skatt og rammetilskott blei 9,9 millionar kroner høgare, motsvarande 1,0%, enn justert budsjett.

### **Overføringer, refusjonar og tilskot – 286 millionar kroner**

Samla auka dette med 0,9 millionar frå 2016. Mesteparten av dette er knytt til bestemte føremål slik som sjukepengar, moms-refusjon og tilskott til bestemte tenester eller føremål. Sjukepengerefusjonen er redusert med 3,7% - den største delen av dette er knytt til fødsels- og adopsjonspengar.

I forhold til regulert budsjett er bokførte inntekter om lag 26 millionar kroner (10%) høgare.

### **Andre inntekter og kostnader**

Brutto lønnsutgifter inkludert sosiale kostnader var 996,7 millionar kroner, motsvarande 72,2%, av driftskostnadane inkludert avskriving. Denne delen er lik som i 2016. Tar ein omsyn til sjukelønsrefusjonar er lønn 68,7% av driftskostnadane. Netto lønnskostnadene er 40 millionar kroner høgare enn i 2016.

I sum er driftsutgiftene om lag som budsjettet og om lag 53 millionar høgare enn i 2016.

I høve til regulert budsjett betyr dette at om lag 30 millionar kroner av auken i driftsresultat skuldast auka inntekter i form av tilskott, refusjonar, eigenbetalingar og gebyr, men driftsutgiftene auka også med 8 millionar kroner.

### **Finans**

Finansutgiftene auka i forhold til 2016 som følgje av høgare lånegjeld og at vi brukte overskottet frå 2016 til å betale ned på gjeld. Denne nedbetalinga utgjorde 44,6 millionar kroner og reduserte det totale gjeldsnivået til kommunen i forhold til opphavleg budsjett. I forhold til regulert budsjett ble finanskostnadane 2,6 millionar kroner lågare fordi renta heldt seg låg og vi utsette låneopptak til sein i året.

### **Avsetning til og bruk av fond**

Netto bruk av avsetningar og fond gjennom året var 8,8 millionar kroner. Av dette er 6,5 nedbygging av sjølvkostfond, mens bruk av avsetningar blir positiv på grunn av at mindreforbruket i 2016 blei brukt til å betale ned på gjeld. Dette beløpet er høgare enn avsetningar til investeringar.

### **Rekneskapsmessig mindreforbruk (Overskott)**

Hovudårsakene til overskottet på 30 millionar kroner er mindreforbruk i tenesteområdet for Helse- og sosialsaker, ekstra skatteutjamningsmidlar og nedbygging av sjølvkostfond.

Kostnadsutviklinga i rammeområda er vist i tabellane nedanfor.

### Oversikt over driftsutgifter

Brutto driftsutgifter viser dei samla driftsutgiftene inkludert avskrivingar slik det kommer fram i driftsrekneskapen. Her er ikkje bruk av eller avsetning til fond tatt med. Tala er også korrigert for interne overføringer.

Driftsutgifter	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Sektor i 1000 kr					Brutto driftsutgifter	
Sentraladmin.	45 162	48 616	48 709	56 252	57 543	53 488
Opplæring og kultur	487 603	516 392	557 630	574 308	613 384	626 702
Helse og sosial	443 441	471 151	494 643	496 819	546 439	570 975
Kyrkje	10 451	10 389	11 221	11 179	12 989	12 925
Teknisk og næring	91 951	103 056	114 839	113 748	114 808	127 551
Ymse	-18 951	-8 203	-32 022	-8 900	-18 207	-11 159
<b>Sum</b>	<b>1 059 657</b>	<b>1 141 401</b>	<b>1 195 020</b>	<b>1 243 406</b>	<b>1 326 956</b>	<b>1 380 482</b>

Sentraladministrasjonen har størst reduksjon i utgiftene frå 2016, men dette er fordi føring av kostnader er flytta til dei ulike tenestene slik at vår praksis er meir i tråd med retningslinjene og andre kommunar. Variasjonen i premieavviket er ei av hovudårsakene til at utgiftene under «ymse» varierer så mykje frå år til år.

### Investering

I 2017 blei det ført 393,1 millionar kroner i investeringsutgifter i rekneskapen. Dette er 42,5 millionar kroner mindre enn i 2016. Endra budsjett var på 372,6 millionar kroner medan opphavleg budsjett var 364,5 millionar. Hovudårsaken til at investeringsutgiftene blei høgare enn budsjettet er avvik i forhold til tidsfordelt budsjett innanfor tenesteområdet for tekniske saker og næring. Tidlegare løyvingar dekker opp for mykje av dette. Nokre prosjekt (til dømes Hå sjukeheim og Ogna skule) har fått reduserte løyvingar i 2017 i samsvar med lågare investeringsutgifter i året enn opphavleg budsjettet.


Kommunerekneskap må førast med årlige løyvingar for investering og lånepoptak. Dette gjer at det blir endringar i høve til årets budsjett på grunn endringar i framdrift, at prosjekt blir utsett og andre omprioriteringar. Prosjekt som går over fleire år kan få fleire justeringar sjølv om totalkostnaden ikkje endrast.

#### Investering per område

Investeringsutgifter 1000 kroner	2013	2014	2015	2016	2017	Budsjett 2017 *)
Sentral mm	1 371	1 746	19 915	13 453	10 361	22 201
Opplæring og kultur	38 056	48 716	231 454	193 265	147 441	141 363
Helse og sosial	76 676	44 465	37 247	35 626	31 045	41 387
Kyrkje	500	638	2 008	8 458	1 455	625
Teknisk og næring	54 507	82 988	182 627	184 781	202 781	167 049
<b>Sum</b>	<b>171 110</b>	<b>178 553</b>	<b>473 251</b>	<b>435 583</b>	<b>393 083</b>	<b>372 625</b>

\*) med godkjente endringar

## Samla investeringar og dei største prosjekta



## Finansiering

Investeringane blir betalt ved låneopptak, salsinntekter, bruk av fond og overføring over driftsbudsjetter. Meirverdiavgift på investering blir refundert og kommer òg fram som ei inntekt.

Opphavleg investeringsbudsjett var på 364,5 millionar kronar med eit låneopptak på 255,4 millionar kroner. Faktisk låneopptak var 234,1 millionar kroner. Differansen skuldast flytting av låneopptak som er frå 2017 til 2018 og frå 2016 til 2017. Dette skjer på grunn av kravet om årlege løyvingar og at framdrift og finansiering på prosjekt derfor endrast i forhold til opphavleg vedtak.

Inntekter ved tomtesal var på 23,6 millionar kroner i 2017. Budsjettet var 20 millionar kroner. I tillegg blei det selt to kommunale bustader. Salsinntekt er budsjettert lagt til Tomtefondet og er tenkt bruk til tilrettelegging av utbyggingsområder. Når det er lite sal, blir det tilsvarende lite lagt i fondet. Ved utgangen av 2017 er tomtefondet er 5,4 millionar kroner.

## Frå balansen

I balansen ser vi at dei store investeringane gjer at balansen aukar med 286 millionar kroner frå 2016 til 2017 etter avskrivinger. Anleggsmidlane (inkl. pensjonsmidlar som aukar med 111 millionar kroner) aukar med totalt 406 millionar kroner. Langsiktig gjeld aukar med 109 millionar kroner på grunn av låneopptak til investeringane. Netto reduksjon i fond er 27 millionar kroner. Hovudgrunnen til reduksjonen er at tidlegare løyvde investeringar blei gjennomført i 2017 og finansiert ved bruk av fond. Jamfør elles note 1 og 2 og dokumentet «Årsrekneskap 2017».

## Balanse pr. 31. desember 2017

Eigendelar	Note	2013	2014	2015	2016	2017
Eigedom etc.		1 412	1 541	1 938	2 296	2 593
Utlån og aksjer		231	231	229	214	212
Pensjonsmidlar		998	1 114	1 215	1 258	1 369
<b>Sum anleggsmidlar</b>		<b>2 641</b>	<b>2 886</b>	<b>3 382</b>	<b>3 769</b>	<b>4 174</b>
Premieavvik		41	62	52	58	56
Andre omløpsmidlar		490	548	616	627	610
<b>Sum omløpsmidlar</b>		<b>530</b>	<b>610</b>	<b>668</b>	<b>685</b>	<b>667</b>
<b>Sum eigendelar</b>		<b>5 813</b>	<b>6 382</b>	<b>7 432</b>	<b>8 222</b>	<b>9 015</b>
Udisponert overskott		18	33	35	45	30
Fond	1,2	297	325	351	354	327
Annan eigenkapital		821	908	1 051	1 154	1 346
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>1 136</b>	<b>1 267</b>	<b>1 436</b>	<b>1 552</b>	<b>1 702</b>
Kortsiktig gjeld		170	179	204	215	250
Pensjonsforpliktingar		1 331	1 439	1 508	1 591	1 684
Langsiktig gjeld		534	612	902	1 095	1 204
<b>Sum gjeld</b>		<b>2 036</b>	<b>2 229</b>	<b>2 614</b>	<b>2 901</b>	<b>3 138</b>
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>		<b>3 172</b>	<b>3 496</b>	<b>4 050</b>	<b>4 453</b>	<b>4 841</b>

Tal i millionar kroner

## Finans

Summen av renteinntekter, -utgifter og utbytte i driftsrekneskapen var 11,3 millionar kroner i 2017 mot 14,3 millionar kroner i 2016. Lågare renter på bankinnskott utgjorde 4,4 millionar kroner, mens utbytte auka med 2,3 millionar kroner. Renter på lån var 1,2 millionar kroner høgare enn i 2016.

Ordinære avdrag på lån auka med 8,3 millionar kroner. Den ekstra nedbetalinga på gjeld gjorde at totale avdrag auka frå 49,6 millionar kroner i 2016 til 102,5 millionar kroner i 2017. Sum netto finansutgifter auka dermed med 56 millionar kroner i 2017 i forhold til 2016. Jamfør eigen rapport om finansforvaltninga.

I 2017 blei det utbetalt 8,4 millionar kroner i formidlingslån (lån til vidare utlån til huskjøparar eller husbyggjarar). Tilsvarande var utlånet i 2016 på 7,8 millionar kroner. For 2017 var det budsjettert med opptak av lån på 10 millionar kr i Husbanken til vidare utlån. Vi tok opp halvparten av dette i 2017. Det var ikkje bokførte tap på formidlingslån i 2017. På grunn lågare etterspurnad og ekstraordinære innbetalingar gjekk lån til utlån ned frå 84,7 millionar kroner pr. 31.12.2016 til 70,1 millionar kroner pr. 31.12.2017.

Kommunen sine eigne lån auka frå 1 009 millionar kroner i 2016 til 1 134 millionar kroner ved utgangen av 2017.

## Gjeld

Gjeld pr. 31.12	2013	2014	2015	2016	2017
Langsiktig/kortsiktig gjeld *)	704,2	790,7	1 106,0	1 309,8	1 454,3
Omløpsmidlar	530,5	610,2	668,4	684,9	666,8
Netto gjeld	173,7	180,5	437,6	624,9	787,5

Langsiktig lånegjeld	2013	2014	2015	2016	2017
Brutto samla lån*	534,1	612,0	900,5	1 093,8	1 204,1
Lån til utlån	93,4	100,8	101,8	84,7	70,1
Netto samla lån	440,7	511,2	798,7	1009,1	1 134,0

Brutto pr. innbyggjar i kr	29 484	33 031	48 437	58 181	64 178
Netto pr. innbyggjar i kr	24 328	27 591	42 962	53 676	60 441

Tal i millionar kroner

\*eksl. pensjonsgjeld

## Rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot)

I det kommunale budsjett- og rekneskapssystemet skal budsjettet gå i balanse, det skal ikkje budsjetterast med overskot. Rekneskapsmessige meirinntekter og mindreutgifter jamført med budsjettet gjev eit over- eller underskot og det er høve til å gi løyve til at udisponerte midlar kan førast over frå eit år til eit anna via fond. I Hå avgjer kommunestyret i eigne saker i desember om og eventuelt storleik på midlar som kan førast over til neste år. Ved avslutning av rekneskapen blir endelige overføringer gjort.

Ei nærmare analyse av hovudoversyna i årsrekneskapen viser ei meirinntekt i driftsrekneskapen 2017 jamført med regulert budsjett på 40 millionar kroner, meirutgifter på 7,9 millionar kroner og 2,6 millionar kroner sterkare finansresultat enn regulert budsjett. Dette gir samla eit netto driftsresultat på 21,0 millionar kroner mot regulert budsjett på -13,7 millionar kroner. Opphavleg budsjett var eit driftsresultat på 17,2 millionar kroner.

Når ein tar omsyn til netto avsetningar, overføringer til investeringsrekneskapen og dei godkjende overføringane til 2018 på -8,8 millionar kroner kjem 29,8 millionar kroner fram som udisponert årsoverskot.

## Finansieringsanalyse

Drift:	Note	Rekneskap			Budsjett *)	
		2014	2015	2016	2017	2017
Skatt		424 985	436 779	467 976	470 013	468 977
Rammetilskott (inkl. inntektsutj.)		399 120	435 909	453 318	484 895	475 984
Andre inntekter		401 895	423 614	468 859	470 154	440 145
Sum driftsinntekter	3	1 226 000	1 296 302	1 390 153	1 425 062	1 385 106
Sum driftsutgifter	4	-1 148 507	-1 192 372	-1 273 584	-1 312 863	-1 304 993
Avskrivninger		-46 513	-51 060	-53 369	-67 629	-67 628
<b>Brutto driftsresultat</b>		<b>30 980</b>	<b>52 870</b>	<b>63 200</b>	<b>44 570</b>	<b>12 485</b>
Netto renteinntekter , utbytte	5	23 331	20 348	14 325	11 286	9 372
Netto avdrag, utlån	6	-29 473	-38 479	-49 592	-102 453	-103 141
Avskrivninger, motpost		46 513	51 060	53 369	67 629	67 628
<b>Netto driftsresultat</b>		<b>71 351</b>	<b>85 799</b>	<b>81 302</b>	<b>21 032</b>	<b>-13 656</b>
<b>Investering:</b>		<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2017</b>
Brutto investeringsutg.		-178 972	-473 254	-435 583	-393 263	-372 624
Utlån/kjøp av andelar		-20 083	-18 873	-10 969	-13 413	-13 453
Avdrag		-10 828	-16 191	-17 226	-19 675	-20 760
Tilsk., ref., e.ord.utb/avdrag, mva		89 054	97 692	70 082	80 010	52 138
<b>Netto investeringsutg.</b>		<b>-120 829</b>	<b>-410 626</b>	<b>-393 696</b>	<b>-346 341</b>	<b>-354 699</b>
<b>Finansiert ved:</b>		<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2017</b>
Lån		90 300	338 284	267 303	244 056	245 029
Sal av eigedom		2 364	13 059	30 212	30 501	20 000
Andre eigne midlar		28 165	59 283	96 181	71 784	89 670
<b>Sum finansiering</b>		<b>120 829</b>	<b>410 626</b>	<b>393 696</b>	<b>346 341</b>	<b>354 699</b>
Endring i arb. kap før korrigeringar		43 187	26 517	13 174	-41 661	
Endring ubrukte lån		27 900	6 080	-7 381	-11 627	
<b>Endring arbeidskapital</b>		<b>71 087</b>	<b>32 597</b>	<b>5 793</b>	<b>-53 288</b>	
<b>Kommunalt rekneskapsresultat:</b>		<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	
Endring arbeidskapital		71 087	32 597	5 793	-41 661	
Endring ubrukte lån		-27 900	-6 080	7 381	-11 627	
Netto intern finansiering	7	-9 951	8 026	31 381	71 479	
<b>Overskott for året</b>		<b>33 236</b>	<b>34 543</b>	<b>44 555</b>	<b>29 818</b>	

Tal i 1000 kr

\*) Med godkjente endringar

# **Note til årsresultatet**

## **Note 1**

### **Fond**

Tall i mill. kr	2014	2015	2016	2017
2.51 Bundne driftsfond	40	40	44	40
2.55 Bundne kapitalfond	12	12	9	1
Fond bundet til bestemte formål	52	52	52	41
2.53 Ubundne kapitalfond	128	118	117	96
Fond bundet til kapitalformål	128	118	117	96
2.56 Disposisjonsfond drift	96	105	106	113
2.57 Disposisjonsfond kapital	50	76	79	77
Ubundne fond	146	181	184	190
Fond i alt 31.12.	326	351	354	327

## **Note 2**

### **Disposisjonsfond pr. 31. desember**

Tall i mill. kr	Driftsrekneskap			
	2014	2015	2016	2017
Sentral	6	2	3	4
Opplæring og kultur	13	15	9	11
Helse og sosial	18	30	39	46
Teknisk og næring	10	12	12	6
Felles	49	46	43	45
Sum	96	105	106	113

## **Note 3**

### **Inntektspostar**

Inntektspostar	I mill. Kr				I %			
	2014	2015	2016	2017	2014	2015	2016	2017
Skatt	425	437	468	470	34,7	33,7	33,7	33,0
Rammetilskott	399	436	453	485	32,6	33,6	32,6	34,0
Vertskommunetilskudd	41	40	36	32	3,3	3,1	2,6	2,2
Andre inntekter	361	383	433	439	29,4	29,6	31,1	30,8
Sum	1 189	1 226	1 390	1 425	100,0	100,0	100,0	100,0

Tal i millionar kroner

## Note 4

### Utgiftspostar som gjeld driftsrekneskap (inkl. fordelte utgifter):

Utgiftspostar som gjeld driftsrekneskap	I mill. Kr				I %			
	2014	2015	2016	2017	2014	2015	2016	2017
Løn inkl. sos. utg.	839	890	959	997	71,7	73,4	73,6	74,4
Varer/ten. i produksjonen*	162	164	169	167	13,8	13,5	13,0	12,5
Varer/ten. som erstattar pr.**	74	75	79	86	6,4	6,2	6,1	6,4
Overføringsutgifter	95	84	96	91	8,1	6,9	7,4	6,8
<b>Sum</b>	<b>1170</b>	<b>1213</b>	<b>1303</b>	<b>1341</b>	<b>100</b>	<b>100</b>	<b>100</b>	<b>100</b>

\* som inngår i eigen tenesteproduksjon \*\* som erstattar eigen tenesteproduksjon

## Note 5

### Renter

Renter	2014	2015	2016	2017
Renteinntekter driftsrekneskapen	16,1	14,7	12,5	9,4
Rente/utbytte Lyse Energi/JEV driftsrekn.	21,9	23,3	22,5	24,5
Renteutgifter driftsrekneskapen	-14,7	-17,4	-20,5	-21,7
<b>Netto renteinntekter driftsrekneskapen</b>	<b>23,3</b>	<b>20,6</b>	<b>14,5</b>	<b>12,2</b>

Tal i millionar kroner

## Note 6

### Avdrag

Avdrag løn	2014	2015	2016	2017
Avdrag driftsrekneskapen	29,5	38,5	49,6	102,4
Mottatte avdrag driftsrekneskapen	0	0	0	0
Netto avdrag driftsrekneskapen	29,5	38,5	49,6	102,4
Mottatte avdrag kapitalrekneskapen	-20,3	-20,6	-17,3	-15,3
Avdrag kapitalrekneskapen	4,2	5,2	5,7	5,6
Avsett/bet. e.ord. avdrag kapitalrekn.	11	11,4	7,6	6,2
<b>Netto avdrag i alt</b>	<b>24,4</b>	<b>34,5</b>	<b>45,6</b>	<b>98,9</b>

Tal i millionar kroner

## Note 7

### Netto intern finansiering

Netto intern finansiering	2014	2015	2016	2017
Endring fond	28,1	25,2	3,2	-27,1
Endring likv.res / rekneskapsprins.	0	0	0	0
Bruk av tidlegare overskott	-18,1	-33,2	-34,5	-44,6
<b>Netto intern finansiering</b>	<b>10,0</b>	<b>-8,0</b>	<b>-31,3</b>	<b>-71,7</b>

Tal i millionar kroner

